# FRÅSEGNER TIL REGIONAL KULTURPLAN.
# SAMANDRAG MED FYLKESRÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR
# sjå fråsegnene på nettsida for Regional kulturplan: http://www.hordaland.no/kulturplan

| **AKKS Bergen** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: dagleg leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | | |
| Innsatsområde 5.1.2 Arenautvikling – infrastruktur | Kunst- og kulturformidling<br>Det er behov for fleire og godt tilrettelagde øvingsareaer, tilpassa til aktørar frå grunnivå til profesjonelle, og i ulike prisklassar. | Teke til orientering – dette er sentrale punkt i planen.<br>Må sjåast i samanheng med kriteria for støtte til lokale og regionale kulturhus, kommunale kulturoppgåver og statleg støtteordning (musikkverkstad) |
| 5.7.26 Vegen inn i kunst- og kulturlivet: | Både Brak og AKKS sitter med svært gode nettverk og kompetanse som kan vere ein inngangspunkt til musikkmiljøet. AKKS har fleire pågåande prosjekt med ungdom i fokus. | Teke til etterretning.<br>Det er teke inn i kapittelet der ikkje-offentlege kulturopplæringstilbod vert nemnt.<br>AKKS kjem inn som partnar i handlingsprogrammet. |
| 5.7.27 Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet | AKKS har fleire prosjekt som har som mål å styrke arrangørkompetansen i fylket, spesielt blant unge.(m.a. Eggstockfestivalen og UFLAKKS) | Teke til orientering |
| 5.7.28 Amatørkultur | AKKS har lang fartstid som ein aktør som knyter amatør og profesjonell og vil gjerne bidra med erfaring og kompetanse her. | Teke til etterretning, jf kap. 5.7, innsatsområde 26. |

| **Amatørkulturrådet i Bergen** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: dagleg leiar | | |
| Tema: Amatørkultur | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | | |
| | Kunst- og kulturformidling | |

| | | |
|---|---|---|
| Innsatsområde 5.7.28 Amatørkultur | Ser positivt på at planen vil styrke den frivillige innsatsen amatørkulturen, og ser at det er naudsynt i mange kommunar. Handlingsplanen 5.7.28 tiltak A: Amatørkulturrådet føreslår at det vert tilført eit punkt som omhandlar ei ny støtteordning for amatørlag og organisasjonar kor dei kan søkje om arrangements- og turnéstøtte for å stimulere til å gjere det mogleg for større kontakt over kommunegrenser. | Teke til etterretning<br>Fylkesrådmannen vil ta med seg dette innspelet vidare i gjennomgåinga og utarbeidinga av søknadsordningar jm.. tiltak 13.C i handlingsplanen. |

| **Askøy kommune** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Administrativt | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kulturminnevern og museum**<br><br>17. Kulturminne som ressurs.<br><br>Det er viktig å løfte fram kulturminne og kulturlandskap som ressurs.<br><br>21. Forvaltning i kulturminnevernet.<br><br>Eit svært viktig bidrag for å sikre kulturminne.<br><br>21. s. 48:<br><br>Direkte sitat: "Det er positivt at det vurderes etablering av tilskudd og vedlikehold av freda kulturminne, men det finnes en rekke bygg og kulturmiljø som har en verne-status, og en stor kulturminneverdi knyttet til formidling, som faller utenfor de fleste tyngre støtteordninger som også har store behov for | Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | tilførsel av midler til drift og vedlikehold."<br><br>**Idrett og friluftsliv**<br><br>Positivt at det blir utarbeida heilskapleg regional kultur og idrettsplan.<br><br>Folkehelse – Regionale mål for kulturpolitikken understøtter måla i regional plan for folkehelse, og desse planane kan samla vere gode verkty for å vere med å skape god folkehelse gjennom å styrke lokalsamfunn og nærmiljø, bidra til gode oppvekstmiljø, mestring og læring for barn og unge, skape gode arbeidsplassar og arbeidsmiljø, i tillegg til at god kulturpolitikk skapar fysisk, psykisk og sosial aktivitet. | Teke til orientering<br><br>Teke til orientering |
| **5.7.26.Kunstproduksjon og kulturformidling - Vegen inn i kunst- og kulturlivet** | **Kunst- og kulturformidling**<br><br>Askøy kommune ser positivt på at det fylkeskommunalt ønskast tettere samarbeid med kulturskulane sitt regionale ledd og medverknad til kulturskuleutvikling. | Teke til orientering |
| **5.7.28. Amatørkultur** | Askøy kommune stiller seg positiv til at amatørkulturen blir synleggjort i planen. Fokus på det frivillige, behov for gode rammevilkår og synliggjøring av meirverdien amatørkulturen skaper er bra. | Teke til orientering |
| | **Bibliotek**<br><br>God og heilskapleg plan kor barn og unge går igjen i omtrent alle områder.<br><br>Handlingsplanen legg til rette for fortsatt godt samarbeid med fylkeskommunen og andre samarbeidspartnarar og det er veldig bra. | Teke til orientering |

| Innsatsområde | | |
|---|---|---|
| 5.1.2 Arenautvikling – infrastruktur. | **Idrett og friluftsliv**<br><br>Peikar på lokale kulturhus og samfunnshus som viktige møteplassar og utviklingsstader. Ønskjer at det vert sett av midlar til vedlikehald og drift av mindre lokale kulturarenaer. | Teke til orientering<br>Drift og vedlikehald av mindre lokale kulturarena må vere eit kommunalt ansvar. |
| | Det er også eit stort behov for tilrettelagte lokalar for produksjon og visning av kunst. Ordningar for dette bør styrkjast. | Teke til etterretning, jf. kap. 5.7 |
| 36 Fysisk aktivitet barn og unge. | Fysisk aktivitet må implementeres i skulen sitt planverk. | Teke til orientering<br>Når det gjeld skuleverket sitt planverk har regionalt og lokalt nivå avgrensa påverknad |
| 37 Idrett. | Fokusere på anleggsutbygging som del av idrettsutviklinga. Saknar fokus på nye idrettar. Idrettsråda sin plass og rolle bør styrkjast i planen. | Teke til etterretning, jf. kap. 5.9 (39)<br>Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden på bakgrunn av dei premissane planen set. |
| 37 c | – splitte tiltak for fleirkulturelle og funksjonshemma – ulik tilnærming og oppfølging. Ulike arenaer. | Teke til etterretning, jf. kap. 5.2 innsatsområde 5 er fleirkulturelle omtala, tiltak for funksjonshemma er omhandla i kap. 5.9 |
| 38 | - Forsterke bruk av allemannsretten og friluftslova slik at det blir meir eins fokus i Hordaland. | Teke til orientering |
| 39 | - Presskommunar bør få tildelt større del av spelemidlane. | Teke til orientering |
| 39 | Kulturdepartementet har informert om at kommunane Bergen og Askøy skal få 15% ekstra utover dei tildelingane som vart gjort i 2104 | Teke til orientering |

| **Austrheim kommune** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Formannskapet | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | I samspel med nasjonalt- og regionalt forvaltingsnivå må vi saman sjå til at det er høvelege kultur- og idretts tilbod i heile fylket. Det er ein ambisiøs visjon i kulturplanen og eit «hårete» mål. Austrheim kommune ønskjer å vere ein partnar som strekkjer seg etter denne visjonen.<br><br>**Kulturminnevern og museum**<br><br>Innsatsområde 17 Kulturminne som ressurs. Kystkulturen er viktig for identiteten til Hordaland. Det må vere fokus på kystkulturen innan dei ulike innsatsområda og i tiltaka i handlingsprogrammet. Austrheim kommunen vil at historia frå steinalder til oljealder vert formidla i fylket, der sjøen er og alltid har vore viktig for utviklinga på Vestlandet. Fosnstraumen peikar seg ut som eit regionalt område som har potensiale langt utover lokalt nivå. Her er den største konsentrasjonen av steinalderbuplassar i Hordaland, og ein av dei største konsentrasjonane i Noreg. Forklaringa på den høge konsentrasjonen av funn, er eit uvanleg rikt plante- og dyreliv i Fosnstraumen, spesielt når det gjeld fisk. I sum dannar dette utgangspunkt for ei spennande formidling. Lokale eldsjeler ynskjer no å etablere ein permanent steinalderpark etter inspirasjon av tilsvarande opplevingsparkar i Danmark. Konseptet er basert på rekonstruksjon av buplassar og gjennomføring av aktivitetar som t.d. flintverkstad, bogeskyting, fisking, forhistorisk mat osb. I kombinasjon med eit signalbygg á la «Viewpoint Snøhetta» på Dovre med utstillingslokale, og eventuelt eit sjøobservatorium, vil dette kunne verte ein attraksjon av | Teke til orientering<br><br>Teke til etterretning, jf. Kap. 5.5 (innsatsområde 18)<br><br>Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | internasjonal verdi som Hordaland fylkeskommune bør støtte opp om.<br><br>I Nordhordland er det behov for formidlingsarenaer /museum for strilekulturen, fiskarbonden, det maritime og farleia. Det er også eit stort behov for magasin i denne delen av regionen, for bevaring og profesjonell utveljing av kva vi skal ta vare på av kulturminne.<br><br>**Kunst- og kulturformidling**<br>Det er eit mål i planen at alle barn og unge skal ha høve til å ta del i og oppleve kunst og kulturuttrykk. Den kulturelle skulesekken (DKS) spelar i så måte ei viktig rolle, og kommunen håpar at tilskotet kommunane får til DKS vert auka. Dei ser også at Den kulturelle spaserstokken (DKSS) betyr mykje i lokalsamfunnet, og håper DKSS vert ei fast ordning med gode økonomiske rammer.<br>Kulturplanen seier at kunstopplevingar er utviklande både for enkeltmenneske og fellesskapet, og at det difor er viktig å legge til rette for at alle får høve til å møte ulike typar kunst i heile fylket.<br>Innbyggarar i Nordhordland og folk som har sitt arbeid her, kjem frå mange ulike land, og ein må legge vekt på internasjonale kunstuttrykk og -tradisjonar i kystkommunane. I regionen Nordhordland er det behov for at fylkeskommunen bidrar med kompetanse, samordning og tilskot slik at det vert fleire gode kunstopplevingar i denne delen av fylket.<br><br>**Idrett og friluftsliv** | Teke til orientering. Jf. Kap. 5.5, innsatsområde 16 Kystkulturen har ein særskilt plass i kulturplanen, mellom anna i utvalde kulturminnekategoriar. Hordaland fylkeskommune si museumssatsing går gjennom dei konsoliderte musea. Satsinga er retta meir mot fellesløysingar enn løysningar for einskilde institusjonar. Gjenstandssamlingar må i større grad sjåast i samanheng. Museumssenteret i Hordaland har tilsette med oppgåver retta mot kommunane, dels finansiert av Hordaland fylkeskommune.<br><br>Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet. |

| | | |
|---|---|---|
| | Ønskjer satsing på anlegg for havsport<br><br>Ønskjer/saknar tiltak etter modell «aktiv fritid»<br><br>Understrekar kopling tur i marka, kulturminne, lokalhistorie, matkultur, ulike kultur og kunstuttrykk<br><br>Stølsheimen: UNESCO sine biosfæreområde – med fokus på olje, vasskraft og fiske kan Nordhordland bli eit «fyrtårn» i Hordaland jm. leiande europeisk kulturregion.<br><br>Frivilligsentralen er ein møteplass for, og bindeledd mellom enkeltmenneske frå alle aldersgrupper, frivillige- og offentlege organisasjonar. Den er katalysator for idear og forslag, samt bidrar til auka aktivitet og samarbeid i nærmiljø og lokalsamfunnet. Frivilligsentralen er ein møteplass som formidlar kontakt mellom menneske i lokalmiljøet – nokon treng hjelp og andre ønskjer å hjelpe. I kulturplanen står det lite om Frivilligsentralen, og vi saknar tiltak under innsatsområde 7. på dette viktige arbeidet.<br><br>**Bibliotek**<br><br>Lesedugleik viktig for alle og det<br>Behov for eit bibliotekløft<br>Fylkesbiblioteket må bidra med kompetanse og tilskot får å nå mål i kulturplanen.<br><br>Kombinasjonsbibliotek er ein god modell i mindre kommunar. | Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget. Innspelet vil bli vurdert i planperioden i samband med rullering av handlingsprogrammet.<br><br>Teke til etterretning, jm. kap. 5.9, innsatsområde 36<br>Teke til orientering<br><br>Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget. Innspelet vil bli vurdert i planperioden i samband med rullering av handlingsprogrammet.<br><br>Teke til etterretning – dette er omtalt i planen jf. Kap. 5.3, innsatsområde 7B i Handlingsprogrammet, der Frivilligsentralane blir lagt inn som partnar.<br><br>Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| **5.7.26.Kunstproduksjon og kulturformidling - Vegen inn i kunst- og kulturlivet** | **Kunst- og kulturformidling**<br><br>Austrheim kommune er positiv til ny rammeplan for kulturskulen og programmet «Mangfold og fordypning» frå Norsk kulturskoleråd. Kulturskulen må få økonomiske rammer og kompetanse til å utvikle seg vidare som lokalt ressurssenter innan musikk, kunst, song, og andre kreative uttrykk. Det må vere eit forpliktande samarbeid mellom skule og kultursektoren, og fylket kan bidra til vidareutvikling av kulturskulen. | Teke til orientering |
| **5.7.27. Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet** | Kommunen ser det som viktig at kunstnarar får hjelp og støtte til å etablere seg utanfor Bergen, og at det vert lagt til rette for vising av kunst i lokale kunstsenter. Det må jobbast for at kunsten kjem ut til folket, og både tradisjonelle og nyskapande kunst- og kulturuttrykk må visast fram i det offentlege rom, og i kulturlandskapet. | Teke til orientering og førar til endringar i innsatsområde 25 |
| Arkiv: | Fylkeskommunen må i sterkare grad bistå kommunane innanfor bygningsvern og fotobevaring. Skal vi ha noko å formidle i framtida er det viktig at lokalsamfunnet får hjelp av fylkeskommunen innan kulturminnefeltet og arkiv. Fotobevaring er eit felt der vi ber om at fylkeskommunen bidrar med kompetanse og til å finne gode løyingsar i kommunane. Dette må med som eit tiltak i planen. | Teke til etterretning, og førar til endringar i kap. 5.6, innsatsområde 25. |

| **Bergen Døvesenter** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: styre/dagleg leiar, | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Bergen Døvesenter er skuffa over at ikkje kulturplana seier noko om norsk teiknspråk og kulturtilbodet til døve og sterkt tunghørte.<br><br>Bergen Døvesenter ynskjer rett til årlig driftstilskot til aktivitetane som dei driv i Kalfarveien 79 | Teke til orientering<br><br><br>Teke til orientering, kap. 5.4, innsatsområde 13B<br>. |

| **BIFF – Bergen internasjonale filmfestival** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: dagleg leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | I kulturplanen står det at "Hordaland skal ha et rikt, aktivt og mangfoldig kulturliv, med tilgang for alle til og eit sterkt, profesjonelt kulturliv som fremmer skapende og frie kunstuttrykk." Også: "Kultur er ett av de mest sentraliserte politikkområdene i Norge. Det trengs flere tunge, kulturelle sentra i landet, som byr Oslo-regionen konkurranse på kvalitet, nyskaping, virksomhet og statlege midler." BIFF vil understreke si rolle i dette. | Teke til orientering |
| Innsatsområde 5.2.3 Demokrati og kulturkritikk,<br><br>og 5.7.26 Vegen inn i kunstlivet | BIFF er eitt av dei miljø og aktivitetar som er leiande innan å fremme demokrati og ytringsfridom i fylket og derfor bør styrkast driftsmessig.<br><br>BIFF har i meir enn 10 år har arrangert kurs i filmproduksjon for ungdomstrinna i skulane, og i fremmer filminteressa på ein sterk og tydeleg måte med det seriøse og omfattande innhaldet dei presenterer årleg.<br><br>Dei fire hovudtema som vektleggast i planen passer godt inn i BIFF sine planar og verksemd: | Teke til etterretning. Desse kapitla får ei tilføying der fleire av kunstinstitusjonane og deira rolle vert omtalt. Det vert tilføyd omtale om dei profesjonelle kunstinstiusjonane si rolle på dette feltet. Det vert ikkje teke stilling til konkrete (drifts)løyvingar i denne planen. |

| | | |
|---|---|---|
| | 1. Samfunnstransformasjoner – endring i busetting og infrastruktur – strategi for arenaer i distriktet. - BIFF har no ei satsing ut i regionen.<br>2. Formidling og deltaking med følgjande integrert: demokrati og kunstkritikk, den digitale almenningen, inkludering og nynorsk kulturstrategi.<br>- Innhaldsmessig er BIFF ein premissleverandør både i forhold til demokratisk utvikling, kunstkritikk, og ikkje minst den digitale almenningen som er i rivande utvikling for filmmediet.<br>3. Verdiskapning – frivillighet og kulturbasert næringsutvikling / kulturnæringer. - Omlag 200 frivillige er tilknyttet BIFF under festivalen og også i ulike punktmarkeringar utover året. Dei arbeidar med kulturbasert næringsutvikling ved å tilrettelegge for kursing av elevar og også ved å opprette egne satelittprosjekt<br>4. Samordning og samhandling mellom forvaltningsnivå, private og offentlige aktørar, utvikling av kulturregion Vestlandet, samt internasjonalisering og kompetanse som innsatsområde.<br>- BIFF har fått god kontakt med statlige organ som eksempelvis Klima og miljødepartementet, som også Bergen kommune og fylkeskommunen bidrar til gjennom miljøprogrammet og den årlige Klimafestivalen. At UNESCO-kommisjonen er inne med rekordsummen kr. 100.000 til BIFF vitner også om at en nasjonalt ser på festivalen som en viktig samfunnsaktør. Internasjonalisering og kompetanseutvikling er en bærebjelker i verksemda. | |

| **Bergen kommune** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Adminstrativ | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Bergen kommune stiller spørsmål til at planen på mange punkter kan forstås som om den har en myndighet som overordnet styringsdokument for alle tre forvaltningsnivåene. Planen ville styrkes ved at den var eksplisitt på lovhjemmel, delegerte roller | Regional plan for kultur er heimla i plan og bygningslova. jf. § 8-2.Virkning av regional plan: «*Regional plan skal legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen*». |

| | | |
|---|---|---|
| | eller annet grunnlag der slik myndighet foreligger, og om omfanget av slik myndighet, og ellers formulerer planen slik at det tydeliggjøres at fylkeskommunen ønsker å ha med seg gode partnere til positive prosjekter. | |
| | **Kulturminnevern og museum**<br><br>Dokumentasjon: Det er positivt at dokumentasjon av kulturminner styrkes og blir gjort tilgjengelig. For Bergen kommune som lokal myndighet med hjemmel i plan- og bygningsloven, er dette en viktig del av en bærekraftig kulturminneforvaltning. Vi ser det imidlertid som viktig at det er fagpersoner som utfører eller kvalitetssikrer dokumentasjonen. Bergen kommune stiller krav til kulturminnedokumentasjon på lik linje med VA-rammeplaner etc, ved planarbeid. Dokumentasjonen følger plansaken og viser konsekvenser for eventuelle kulturminner. Dette er en ordning som fungerer godt.<br><br>Verdsarv: Bergen kommune har oppgåver på lokalt nivå for verdensarvstedet Bryggen. Bergen kommune er positiv til at Hordaland fylkeskommune vil satse på et verdensarvråd og et verdensarvsenter. Bergen bystyre har vedtatt at Bergen kommune ønsker fortsatt en aktiv rolle i forvaltningen av Bryggen og Bergen kommune kan påta seg å være verdensarvkoordinator. Statlig politikk legger opp til lokale varianter av hvert verdensarvsted, og det er viktig at det blir en diskusjon i samråd med berørte parter hva som tjener Bryggen best.<br><br>Tiltaket om «Planmessig dokumentasjon av kulturminnestanden og samfunnsendringer i Hordaland» er uklart. Bergen kommune er positiv til en bedre tilpasning av KOSTRA når det gjelder kulturminner. Men fullføring av SEFRAK-registreringene krever store ressurser, slik at nytteverdien i forhold til andre tiltak må avklares. Vi er skeptisk til fullføring, men er positive til å diskutere | Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering. Planmessig dokumentasjon av kulturminne er viktig, særleg i kommunar der tapet av lokale kulturminne er høgt. |

| | | |
|---|---|---|
| | et felles register og et regionalt enhetlig datasett.<br><br>Skjøtselsplaner og planer for formidling er viktig for å gjøre kulturminner kjent. Fylkeskommunen og Riksantikvaren har et overordnet ansvar for automatisk fredete kulturminner, mens de lokale kulturminnene er et lokalt ansvar som det lokale forvaltningsnivået må legge planer for. Alle forvaltningsnivå drar nytte av samarbeid og det bør etableres faste rutiner for dette. | <br><br>Teke til orientering. Innspelet er i samsvar med intensjonane i planen. |
| | Videreutvikling av kompetanse i form av etablering av bygningsvernsenter i Hordaland er positivt. Kommunene bør være partner, men kostnader, ansvar, innflytelse og arbeidsfordeling er ikke konkretisert og det er derfor vanskelig å ta stilling til dette punktet. | Teke til orientering |
| | Det kommer ikke frem hva regionale bevarings- og formidlingsprogram innebærer, deres omfang eller formål, og hvordan det er tenkt at kommunene skal bidra. Det er uklart om det er skilt mellom ansvarlige forvaltningsorgan. For kulturminnekategoriene som kommunen har ansvar for må dette avgjøres lokalt. | Teke til orientering. Oppfølginga skal klargjerast i framtidige handlingsprogram, jf kap.  5.5, innsatsområde 18. |
| | Bergen kommune har ikke funnet det hensiktsmessig å utarbeide en temaplan for kulturminner. For å fremme kulturminnene sin posisjon i den kommunale planleggingen er det mer fruktbart å få feltet inn i kommuneplanens arealdel, slik Bergens praksis er nå. Dette er et kommunalt ansvar å avklare. | Teke til orientering. Bergen kommune sitt syn er i motstrid med vedteke statleg og regional kulturminnepolitikk. |
| | Bygningsvernkonsulenter er viktige for å videreføre håndverks tradisjoner. Statlige ordninger som f.eks. kan bidra til lærlingeplasser eller videreutdanning av f.eks. arkitekter vil være viktig for kulturminnene. Konsulentenes rolle i forhold til lokal forvaltning bør avklares. | Teke til orientering. |

| | | |
|---|---|---|
| | Kunnskap om kulturminner til barn og unge skjer i dag i samarbeid med mange, bla Barnas hus og fartøyvernsenteret. Slik formidling, også gjennom skolen, bør konkretiseres. | Teke til orientering. Kulturminneformidling, td i Den kulturelle skulesekken, er slik ordninga er lagt opp i Hordaland, Bergen kommune sitt ansvar innanfor kommunen sine grenser. |
| | Tiltaket om regional ordning for fast tilsyn av kulturminner krever en ny tilsynshjemmel, pr i dag er det ikke en slik hjemmel i Kulturminnelova. | Teke til orientering. Tilsyn kan heimlast i plan- og bygningslova eler kulturminneloven, men er ikkje avhengig av lovheimlar. Tilsyn er i høg grad aktuelt i dei fleste kommunar og for dei fleste kulturminnekategoriar. |
| | Fylkeskommunen gir uttale i plansaker ved oppstart. Der er det mulig å opplyse om mulige konflikter mellom tiltaket og kulturminner fylkeskommunen har ansvar for. Kulturminner av regional og nasjonal interesse bør tidlig i prosessen identifiseres og begrunnes, slik at konfliktområder blir identifisert. | Teke til orientering. |
| | Planen foreslår en omlegging av fylkeskommunale tilskuddsordninger slik at kommuner som yter tilskudd tilsvarende fylkeskommunen vil kunne øke tildelingssummen. Dette må politisk behandles i hver kommune, Det er imidlertid et klart ønske om å arbeide for utvidede tilskudd til kulturminnevernet. | Teke til orientering. |
| | Det er stort samsvar mellom gjeldende fylkeskommunale planer på museumsfeltet, og planutkastet her, og planer vedtatt av Bergen bystyret. Det gir et godt grunnlag for samarbeid om utvikling. | Teke til orientering. Dette er i tråd med langsiktig arbeid for å samordne politikkutforminga i dei to forvaltingsstyresmaktene. |
| | Bergen kommune støtter planens tiltak for økt frivillig engasjement i bla museumssektoren, inkludert rekrutering til kulturminnearbeid og fartøyvern. Å rekruttere og beholde engasjerte mennesker er selve nøkkelen til bred forankring av fortiden. | Teke til orientering. |
| | Bergen kommune støtter planens mål om fornying, dokumentasjon, samlingsforvaltning og formidling. Å bringe dette opp mot samtiden er viktig, det samme er målet om å dekke både | Teke til orientering. Tiltak vil konkretiserast ved rullering av handlingsprogramma. Planen legg opp til at samarbeid i regi av kommunar og musè også kan utviklast som ein del av den |

| | | |
|---|---|---|
| | hele historien og historie og samtid til alle samfunnsgrupper. Planen vektlegger forskning som grunnlag for ny kunnskap og ny formidling, og nevner satsing på Nordsjøområdet og Bergen og Vestlandets internasjonale historie. Bergen kommune støtter dette, men vil foreslå at dette konkretiseres. Bergen kommunes tiltak i gjeldende ABM plan om de bergenske arkiv i hansabyene, særlig Lübeck, vil være svært aktuelle. | regionale satsinga.<br><br>Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden på bakgrunn av dei premissane planen set. |
| | Styrking av museenes drift og investeringer er blant planutkastets viktigste forslag, her vil det også være viktig å sikre at staten tar en større andel av byrden i Bergen og Hordaland. | Teke til orientering. Styrking av musea er mellom dei viktigaste intensjonane i planen. |
| | Tiltak knyttet til fellesløsninger og bygningsløft bør spisses. Bergen kommune ser at det er viktig med fellesløsninger, men det må tas en konkret avveining mot behovet for noen lokale løsninger ved de ulike institusjoner. Mange av museene i Hordaland er så store, og har så store utfordringer at de må ha egne fagfolk på flere områder enn i dag. | Teke til orientering. Innspelet er i tråd med intensjonen i planen. Det er trong for ei monaleg styrking av Bevaringstenestene. |
| | Bergen kommune ønsker at evalueringen av museumsreformen tas i felleskap. Bergen og andre kommuner har også behov for en slik evaluering fra et lokalt perspektiv og en slik felles evaluering vil kunne styrke museene i møte med statlige tilskudd og styringsønsker. | Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen bak planarbeidet. |
| | Hordaland fylkeskommune har tidligere ofte vært gjennomfører av større felles prosjekter. Bergen kommune mener at det generelt kan være en fordel at slike prosjekter forankres i en institusjon, som museer, slik at kompetanse og ansvar for videreutvikling ligger hos andre. | Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen bak planarbeidet. |
| | Bergen kommune opplever omfanget av tiltak og ønsker i planutkastet som utfordrende. Eksempelvis ønskes det planer for regionale formidlingsprogram i alle felt som utkastet til | Teke til orientering. Merksemda på utvalde kulturminnekategoriar peiker på behovet meir samordna innsats i kommunal, fylkeskommunal og statleg sektor, men også i |

| | | |
|---|---|---|
| | fylkeskulturplan dekker. Alle disse felt er viktige, men skal man trekke i fellesskap bør det prioriteres færre felt i planperioden. Bergen kommune er videre skeptisk til å bidra finansiering av formidling av arkeologisk materiale i statlig eie, det må være en statlig oppgave. Det savnes også mer konkretiserte behov som grunnlag for store prosjekter som samlokalisering av fotosamlingene ved Bergen Bymuseum, Billedsamlingen UiB og universitetsmuseene. Det pågår en prosess i regi av de konsoliderte museer om å få oversikt over vedlikeholds- og investeringsbehovene. Prosessen vil tydeliggjøre behovet for et løft. | institusjonane, td musea. Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden på bakgrunn av dei premissane planen set. |
| | **Kunst og kultur**<br>Det er samklang mellom store deler av planutkastet og Bergen kommune sin kulturstrategi 2003-13.<br>*Bergen kommune er positiv til*<br>Bergen kommune støtter planen si vektlegging av kunst og kultur som grunnleggande premiss for samfunnsutvikling. Planen formidler også tydeleg at Bergen skal vere lokomotiv i regional utvikling innen kulturformidling og kunstproduksjon. Kommunen ser set som gledeleg at Bergen definerast som regional i funksjonskriterier innan fylkeskommunen sine tilskotsordningar og at planen har vilje til å vidareutvikle Bergen sitt fortrinn som motor for regional utvikling. | Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen bak planarbeidet. |
| | Bergen kommune støtter den formulerte viljen til auka kunstpolitisk ansvar hos fylkeskommunen, og oppfattar dette som ei justering av retning fra fylkeskommunen, som vil følgjast opp økonomisk ovenfor mellomstore institusjonar og det frie kunstfeltet. Det er ønskjeleg at planen tydeleggjer korleis fylkeskommunen vil møte veksten i Bergen. | Bergen er i sterk vekst og planen strekar under storbyen si rolle som drivkraft og regionalt kultursenter. Planen sin intensjon er å understøtte utviklinga av eit sterkt profesjonelt og frivilleg kulturliv i regionhovudstaden. Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden på bakgrunn av dei premissane planen set. |

| | | |
|---|---|---|
| | Kommunen er positiv til at planen vil styrke filmverksemder og vil opne opp for næringspolitiske verkemiddel for å auke verdiskaping innan kunst og kulturproduksjon. Særs viktig er det at Innovasjon Norge opnar for støtte til kulturnæringar. Kommunen ser det også som gledeleg at avsetning til kunstnarleg utsmykking på 1,2 % av byggesum vil utvidast til å *omfatte prosjekt innan samferdsle.*<br><br>*Bergen kommune anbefaler*<br>meir konkrete utfordringar som gjeld Bergen som vekstområde og senter. Dei opplever at planen gjer dette for fylket sine mindre regionar, men i utilstrekkeleg grad synliggjer at Bergen også har andre utfordringar enn fylket for øvrig. Planen svarar ikkje på dei store utfordringane i Bergen med kulturbygg som ein storby, både i forhold til produksjon og formidling.<br><br>Kommunen ser det som naturleg at andelen av fylkeskommunale midlar som går til bergensk kunst- og kulturliv auker frå dagens 37,2 % til noko som speglar befolkingsandel og sentrale funksjonar. Andel og antal kunstnarar busett i Bergen og etableringar innan kulturnæringer tilseier større fylkeskommunalt engasjement i Bergen. Dei nye retningar i forslaget i planen inneber også auka fylkeskommunalt økonomisk engasjement i bergensbaserte verksemder. | Teke til orientering.<br><br>Teke til etterretning. Tiltak heng saman med støtteordningar for regionale kulturbygg. Kriteriane må vurderast fortløpande i planperioden.<br><br>Teke til orientering. Det er viktig å sjå fordelinga av midlar i høve folketal. Storbyen vil td vere eit tyngdepunkt i det profesjonelle kulturlivet. |
| **5.3.7 Frivilligheit / 5.7.28 Amatørkultur** | Planen føreslår Bergen Amatørkulturråd som modell. Bergen kommune meiner at Bergen amatørkulturråd heller kan fa eit utvida mandat til å omfatte heile fylket. Et fylkeskommunalt-kommunalt økonomisk spleiselag vil kunne gje god kost-nytte. | Teke til etterretning. Erfaringar frå til dømes Bergen amatørkulturråd kan utviklast dersom ein etablerer fylkesdekkjande ledd som skal stø opp under og koordinere frivilleg arbeid, jf kap 5.7, innsatsområde 28. og kap.5.3. innsatsområde 7. |
| **5.7.26. Vegen inn i kunst- og kulturlivet** | Kommunen støtter visjonane om auka styrke og kvalitet for estetiske fag i skulen . «Samspill»-prosjektet har stor tyding for kunstformidling til barn og unge, og samarbeidet må styrkast ved at grunn- og vidaregåande skuler blir representert. | Teke til etterretning, jf kap 5.7, innsatsområde 26. |

| | | |
|---|---|---|
| | **Idrett og friluftsliv**<br><br>Bergen kommune meinar det er positivt at planutkastet foreslår ei rekkje aktuelle tiltak innan områder som også Grønn etat har fokus retta mot. Dette gjeld m.a. dokumentasjon av landskapstypar, plan for landskap, grønnstruktur og friluftsområde i Hordaland og merking og gradering av turløyper. Det er også positivt at planen i så vidt stor grad fokuserer på fysisk aktivitet og friluftsliv. | Teke til orientering. Understøtter tiltak i handlingsprogram 5.1.1 punkt F |
| | Bergen kommune anbefalar at fylkeskommunen arbeider for at kommunane sine rammekår for arbeidet på friluftsfeltet forbetrast, m.a. ved å leggje til rette for gode fagforum, samarbeidsarenaer og informasjonsplattformer for aktørane på feltet - og ved å arbeide for gode finansieringsordningar for gjennomføring av tiltak på friluftslivsfeltet. | Teke til etterretning. Å utvikle tenlege plattformar for dialog, nettverk, samarbeid og kompetanseutvikling er knytt til arbeidet med auka samhandling og koordinering på kultur- og idrettsfeltet, jf 5.4, innsatsområde 9.<br><br>Handlingsprogrammet blir endra, kap 5.4, innsatsområde 9 b). |
| | Idrett er frivillighet, fellesskap, fysisk aktivitet, friluftsliv, folkehelse, topp-, breiddeidrett og anleggsutvikling. Samarbeid mellom fylkeskommunar og kommunar, speglar organiseringan innan idrett, og er ein føresetnad for ei god utvikling på feltet. | Teke til orientering. Understøttar det som står i planen. |
| | Bergen kommune sluttar seg til målsetninga om «Aktiv Kvar dag». Dette er kjernen i ei god utvikling innan sektoren. Bergen kommune er einig med Hordaland fylkeskommune om tydinga av å sikre tilgang til idrettsanlegg og områder for fysisk aktivitet og friluftsliv, av å sikre idrettslaga ein stabil basisfinansiering og om å sikre rekruttering og utvikling av trenarar, leiarar og tillitsvalte. Dette bør seiast meir eksplisitt i planen sine mål. | Teke til etterretning. Forslag til mål kap 1.4;<br>Framlegg til nytt delmål nr 4:<br><br>*Eit sterkt frivillig kulturliv skal gje brei deltaking både som aktiv og som tillitsvalt*. |
| | **Bibliotek**<br>Bergen har landets nest største folkebibliotek, med allsidig kompetanse og gode samlingar. Bergen Offentlige Bibliotek kan vere eit kraftsenter for biblioteka i Hordaland, men det er i dag lite samarbeid mellom Hordaland fylkesbibliotek og BOB, og lite engasjement frå fylkeskommunen i tilbodet i Bergen. | Teke til orientering. Fylkeskommunen ønskjer å ha eit godt samarbeid med Bergen Offentlige Bibliotek for å få til god utvikling av folkebiblioteksektoren |

| | | |
|---|---|---|
| | -Bergen kommune slutter seg til visjonane om bibliotek som uavhengige møteplasser for offentlig samtale og debatt, som har eit breitt innhald av høy kvalitet, eksemplifisert i planutkastet med digitale ressursar, leseløft, litteratur og læring.<br>-Bergen kommune støttar også ideen om gode samarbeid mellom bibliotek.<br>-Det bør tydeleggjerast ein rolle for fylkesbiblioteket som bygger på at det er kommunane som har ansvar og mynde innan folkebibliotek. Tiltak som setter mål for plassering av filialar, eller som bestemmer aktivitet i einskilde bibliotek bør erstattast med tiltak knytt til fylkeskommunen sine bidrag til gode felles løysingar og kompetansebygging.<br>Det er ein viktig oppgåve å sikre tilgang til digitale ressursar. Organisering i konsortium vil kunne hjelpe biblioteka her. Målet om lik tilgang er antakeleg ikkje oppnåeleg, og det einskilte bibliotek vil ha behov for ulike kjelder og digitale samlingar vil vere like forskjellige som for fysiske bøker.<br>Fylkeskommunen ønskjer å bidra til utvikling av biblioteksamarbeid mellom alle kommunar utanom Bergen. Eit slikt samarbeid er svært positivt, og nødvendig for å sikre gode tenester. BOB sin kompetanse og omfang vil kunne berike slike samarbeid, dersom det stillest fylkeskommunale ressursar som gjør det mogleg med samarbeid. | Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planforslaget<br><br>Teke til orientering |
| Innsatsområde | | |
| 1 | **Idrett og friluftsliv**<br><br>Bergen kommune saknar politikk for å utvikle fagleg og administrativt sterke regionale miljø og gode økonomiske stønadsordningar. | Teke til orientering. |
| 2 | Kulturomgrepet kan opplevast som fremmedgjerande for idretten. Idrettssektoren vil oppleve større nærleik til planen om idrett er med som omgrep i overskrifta. | Teke til etterretning. Det vert lagt inn klår definisjon av kulturomgrepet i planframlegget og gjort konsekvent bruk av omgrepet i planen og handlingsprogrammet. |

| | | |
|---|---|---|
| | Det kan også inkluderast sterkare forankring av idretts- og friluftspolitikk gjennom å vise til relevant statlig politikk. | Teke til orientering. Planen viser til nasjonale føringar på dei aktuelle fagområda.<br>(ref til idrettsmeldinga i høve treningssenter – s 57)<br>- Vurdere å implementere Den norske idrettsmodellen |
| 3 | Bergen kommune verdset planen sitt sterke fokus på barn og unge. Auka fysisk aktivitet for barn, unge og vaksne krev samspel på tvers av aktørar og forvaltningsnivå. Særleg vil ein aktiv skulekvardag vere avgjerande. Denne utfordringa bør fokuserast meir på i planen. | Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen bak planarbeidet. Aktiv skulekvardag er eit av dei viktigaste tiltaka i planframlegget. |
| 4 | Det bør kome tydelegare fram at utviklinga av frivillighet krev nye samarbeidskonstellasjonar mellom idretten, offentlege myndigheter og private. Dette gjeld særleg i arbeidet med særlege målgrupper | Teke til etterretning. Tiltak 5.9.36 D vert endra til følgjande;<br>*Legge til rette for aktivitet for fysisk inaktive med særleg fokus på ungdom.* |
| 5 | Hordaland fylkeskommune har eit særleg ansvar for å tilretteleggje for kombinasjonen talentutvikling og utdanning innan vidaregående opplæring. Vidaregåande skular bør derfor ha ein sterkare og tydeligare plass i planen. | Teke til etterretning, jf innsatsområde 37.<br>avsnitt 3 – endring av tekst for å inkludere fleire skular. Evt omtale leiarutvikling. |
| 6 | Hordaland fylkeskommune bør ha som mål å arbeide for å endre momskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar på anleggsinvesteringar, og dreie den til å bli ei ordning der det blir momsfritak for alle kultur-, idretts- og friluftslivsanlegg. Dette bør inn i handlingsprogrammet. | Teke til etterretning, jf innsatsområde 9.<br>Oppfølging Ronny? : Endre teksten i planen kap 5.4 (s 40-41) og i handlingsprogrammet pkt 9<br>Nytt tiltak b): Planen vil arbeide for å påverke dei økonomiske og faglege rammevilkåra som statleg kulturpolitikk set – til beste for det regionale kulturlivet. Døme: incentivordningar, momskompensasjon, fordelingsnøklar, prioriteringar mv |
| 7 | Eit utvida samarbeid mellom idretten, næringslivet og myndighetene om idrett og næring bør vere med i planen. Hordaland fylkeskommune bør støtte større kultur, idretts- og friluftsarrangement, og støtte utvikling av et arrangementskontor i | Teke til etterretning<br>Kapittel 5.3.8, jf innsatsområde 8 E, vert revidert med tanke på å undersøke grunnlaget for å etablere felles organisasjon for større nasjonale og internasjonale arrangement og festivalar på |

| | | |
|---|---|---|
| | Bergen. Det er trong for avklaring av reglar frå staten og EØS ved samarbeid mellom private og det offentlige. | kulturfeltet.<br><br>Sykkel-VM bør omtalast i kap 5.3.8 og under 5.9.36 Fysisk aktivitet og 5.9.37 Idrett<br>Tekst 5.3, s 37-38 |
| 8 | Det er vesentlig å utvikle arrangementsanlegg for å styrke vertskapsrollen innan idrett. Det vil krevje spleiselag mellom stat, fylkeskommunar, kommunar, idretten og private. Dette bør formulerast som mål og inngå i handlingsplanen. Hordaland fylkeskommune sitt investeringstilskot for kostnadskrevjande anlegg er viktig, men bør aukast vesentleg. Hordaland fylkeskommune bør ha som hovudstrategi innan anleggsutvikling at ein utviklar eksisterande idrettsparkar framfor spreidd utbygging av satellittanlegg, og at ein kombinerer skule- og idrettsanlegg. Dette bør bli ivareteke ved utbygging av vidaregåande skuler, i dialog med vertskommune og idretten. | Teke til orientering.<br><br>Vurdere å skrive inn meir på 5.3.8 avsnitt 10<br>Skrive inn i planen at vi må styrke vertskapsrolla ved både anleggsutvikling, få tildelt store arrangement og gjennomføring av desse.<br>Bør planen omtale arragementskontor i Bergen?<br>37 Idrett 5. avsnitt: skrive inn tekst om store arrangement og samarbeid mellom idrett, næringsliv og myndigheter.<br>Understøtte viktigheten av investeringstilskotet – bør inn som eige tiltak i handlingsprogrammet |
| 9 | Mellom 35 - 40 % av spelemidlane til Hordaland går til idretten i Bergen. Bergen sin del bør betre spegle befolkninga og aktivitet. Bergen sin del av befolkninga og av medlemskap i idretten er 54 % av Hordaland. Bergen har større utfordringar enn mange kommunar med arealknappheit og dermed høgare kostnader pr. anlegg. Bergen kommune bidreg med større anlegg, innan m.a. symjing og is, som nyttas i heile fylket. Bergen kommune ønskjer at Hordaland fylkeskommune gir 50 % av spelemidlane til Bergen kvart år. | Teke til orientering.<br><br>Spelemiddelordninga er søknadsbasert. Bergen kommune får høgare innvilgelsesprosent enn gjennomsnittet i Hordaland på basis av føreslåtte modell (vidareføring av gjeldande ordning)<br>Fylkesrådmannen føreslår ikkje å implementere Bergen kommune sitt innspel til endring. |
| 10 | For å styrke aktivitetstilbudet og bidra til redusert Co2 utslepp er det vesentlig at ein i arealutvikling og arealplanlegging set av areal til turtrasear og korridorar. Det betyr bilfritt ut i naturen, til butikk, til kollektivtilbod og til idretts- og kulturanlegg. Transport til aktivitetar innan idrett, friluftsliv og kultur utgjer ein stor del av den totale transporten på kveldstid og i helgene. Det bør vere eit mål å få ned bruken av privatbilar ved slik transport. Bruk av | Teke til etterretning,<br>Spørsmål om miljø/kulturbillett vert teke inn i revidert handlingsprogram, jf kap 4.2, innsatsområde 5. For arealspørsmål vert det vist til kap 5.1.<br><br>Ronny? |

| | | |
|---|---|---|
| | kollektiv transport vil kunne gi ein miljøgevinst og gi sikrare og tryggere transport av tusenvis av barn og unge. Det vert anbefalt auka fokus på å få ned privatbilismen og økt bruk av kollektivtransport, t.d. utvikle miljøbillett for personar/organisasjonar som nyttar kollektiv transport til idrett og fysisk aktivitet.<br><br>**Arkiv**<br><br>Bergen kommune er positiv til Planutkastet setter fokus på misforholdet mellom bevaringsstrategier for private arkiv versus offentlige arkiver. Spesielt er det positivt med fokus på å «sikre dokumentasjon frå alle samfunnsgrupper». Likeledes framheves behovet for «nye strategier og virkemiddel for å møte de digitale utfordringene» som sikrer bevaring og tilgjengeliggjøring av digitalt skapt arkivmateriale. Dette siste støttes i andre meldinger og rapporter om offentlige og kommunale arkiver, bl.a. fra Riksrevisjonen.<br><br>Bergen kommune vil spesielt trekke frem «Utvikle kompetanse om rettigheter og publisering på nett.» Det er mange som trenger tilgang til slik kompetanse, og fylkeskommunal koordinering er velkommen.<br><br>Bergen kommune er glad for at søkelys nå blir satt på fylkets fotografiske kulturarv, og at man legger vekt på verdien av samlingene som finnes i de mange Bergenske institusjoner.<br><br>Bergen kommune anbefaler:<br><br>Planutkastet ser arkiv hovedsakelig som en aktivitet for å dokumentere fortiden. Mye kunne vært vunnet ved også å bringe inn arkivs betydning for en god samtidig dokumentasjon av | Teke til orientering, er ivareteke i kap. 5.6, innsatsområde 23 B i Handlingsprogrammet.<br><br>Teke til orientering.<br><br>Teke til orientering.<br><br>Teke til orientering. |

| | | |
|---|---|---|
| | transaksjoner og rettigheter og utfordringene for fremtidig dokumentasjon og bevaring, spesielt av digitalt skapt dokumentasjon.<br><br>Misforholdet mellom bevaringsstrategier for offentlig og privat arkiv kombinert med mangelen på oppfølging av den digitale utfordringen innebærer dystre framtidsutsikter for digitalt skapt arkivmateriale, men særlig for arkivmateriale skapt av private aktører, eller av andre enn offentlige organer.<br><br>Det savnes en analyse av øvrige aktørers strategi, kompetanse og satsing, og en samordningsplan med tilsvarende tiltak/ innsatsområder hos andre aktører. Planutkastet kan vært tjent med å ta inn flere av de fellestjenestene som omtales i Bergen kommunes ABM- plan og som kunne gi grunnlag for konkrete samordningstiltak.<br><br>Ambisjonene er samlet i to innsatsområder knyttet til samlet samfunnsdokumentasjon og lokalhistorisk arbeid. Her finnes imidlertid ingen adressering av enkeltindivider og gruppers fremtidige behov for tilgang til digitalt skapt rettsdokumentasjon og annen dokumentasjon der de ulike aktørene ikke har etterlevd sitt samfunnsoppdrag om bevaring.<br><br>Bergen kommune anbefaler Hordaland Fylkeskommune og Stiftelsen Lokalhistorisk Arkiv i Bergen om å gå i dialog om tettere samarbeid og muligheter for fylkeskommunal driftsstøtte til det privatarkivarbeid som drives av stiftelsen.<br><br>Flere av de mål og tiltak som nevnes under kapitlene vedr arkitektur kan styrkes ved å bringe inn Bergen Byarkiv/ Lokalhistorisk Arkiv i Bergen, som oppbevarer et stort antall av de arkitektarkiver som er skapt i Bergen og inneholder | Teke til orientering.<br><br>Teke til orientering. Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden<br><br>Teke til orientering.<br><br>Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i Handlingsprogrammet i denne omgang.<br><br>Teke til orientering. |

| | | |
|---|---|---|
| | dokumentasjon av arkitektur for hele Vestlandet.<br><br>Bergen kommune vil peke på at historisk interessante fotografi også finnes i andre institusjoner enn dem som er nevnt, spesielt Bergen Byarkiv. Flere institusjoner bør med i samarbeid der økonomi blir tidlig avklart. Det er svært ønskelig å få en fotokonservator til Vestlandet.<br><br>Planen har egne innsatsområder for UNESCO-områdene Verdensarv og Immateriell kulturarv. Bergen kommune vil minne om UNESCO-programmet Memory of the World og Norges Dokumentarv, der Bergen og Hordaland er med i begge. Bergen kommune anbefaler at dette UNESCO-programmet får en tilsvarende fylkeskommunal oppmerksomhet som Verdensarv og Immateriell kulturarv. | Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i Handlingsprogrammet i denne omgang.<br><br>Teke til etterretning, og fører til endringar i Kulturplanen under kap. 2.1 og 5.6 og innsatsområde 19D. |

| **Bergen kunsthall** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kunst- og kulturformidling**<br>Det er et godt teikn at fylkeskommunen signaliserer auka ambisjonsnivå og forsøk på heilskapleg tenking rundt kulturfeltet i regionen. Det er viktig å sjå kulturen i samspel med samfunnet for øvrig. Faren med ei slik heilskapleg tenking er at planen blir for vag og lite konkret. Det er viktig at Hordaland fylkeskommune er tydelegare på kva som er handlingsrommet innanfor den fylkeskommunale forvaltninga på kulturfeltet.<br><br>**Målbarheit**<br>Om målet er å bli ein "leiande europeisk kulturregion" burde ein hatt målbare undermål, som t.d kor mykje midlar som tildelast ved start av plan og mål for kor mykje som tildelast ved endt periode. Det burde også vore belyst kva regionar i Europa ein samanliknar seg med, og analysert måloppnåing ut frå prosjekt, kulturtilbod, bruk av midlar opp mot desse regionane. Slik institusjonen ser det vil planen vanskeleg kunne etterprøvast dersom det ikkje finnes indikatorer for målbarheit.<br><br>**Bergen si rolle**<br>Bergen si rolle anerkjennast i planen som "motor" for kulturlivet i regionen. Utover dette opplever institusjonen at Bergen si rolle for øvrig er svakt belyst. I tillegg er sjølve regions-omgrepet lite problematisert. For det profesjonelle kunstfeltet ville det vore relevant å identifisere ulike kompetansemiljø på dei ulike kunstfelta på Vestlandet – både i og utanfor Hordaland – for å kunne identifisere nettopp dei områda kor Vestlandet kan konkurrere med Oslo-regionen. | Teke til orientering<br><br>Teke til etterretning, målet er teke bort.<br><br>Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | **Samhandling og samordning**<br>Planen opplevast også som noko uklar i omtalen av samordning og samhandling. Også her blir feltet for generelt omtalt. Planen vektlegg kompetanse- og nettverksorganisasjonar som eit viktig tiltak, men også institusjonar utan særskilt status som nettverksorganisasjonar bidrar med omfattande kompetanseutvikling. | Teke til etterretning jf kap. 4.7 |
| | Bergen Kunsthall omtalast ein stad i kulturplanen, som eksempel på institusjonar som Bergen Kommune har tatt et særlig økonomisk ansvar for, sett i samanlikning med Hordaland fylkeskommune. Kunsthallen saknar nærare nyansering og grunngjeving for dei prioriteringane og finansieringsmodellane som her teiknast opp mellom dei ulike forvaltningsnivåa. | Teke til orientering |
| | Kunsthallen peiker også på si rolle når det gjeld internasjonalisering, formidling til barn og unge, kunstfagleg møtestad og sin arrangørkompetanse. | Teke til orientering |
| | I punkt 1.3 "Planen sitt føremål" heiter det at "Eit viktig siktemål er å identifisere dei områda Hordaland kan posisjonere seg på". | Teke til orientering |
| | Desse områda er vanskeleg å finne igjen i planen. For det profesjonelle kunstfeltet er det få kunstfelt, arrangement, organisasjonar eller fokusområder som peikast ut som særleg viktige for ei slik posisjonering. Eit problem med planen er at det profesjonelle kunstfeltet er for generelt handsama. Det er forståing for at ikkje kvart kunstfelt kan utgreitast i detalj, men for å kunne "identifisere de områda Hordaland kan posisjonere seg på" vil det vere naudsynt å i større grad differensiere, konkretisere og spesifisere i omtalen av det profesjonelle kunstfeltet. Det er positivt at planen gjør et tydelig, og bevisst skilje mellom det frivillige feltet og det profesjonelle kulturfeltet. På det | Teke til etterretning, jm. kap. 5.7 |

| | | |
|---|---|---|
| | profesjonelle kunstfeltet har Bergen og Hordaland en rekke av landets leiande institusjonar og organisasjonar, som nettopp identifiserer Vestlandet som en viktig motstykke til Oslo-regionen. I omtalen i planen av det visuelle kunstfeltet spesifikt, er det umogleg å identifisere dette feltet sin synlegheit eller tyding for regionen . | Teke til etterretning, jm. kap. 5.7<br>Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden på bakgrunn av dei premissane planen sett for kunstpolitikk. |
| Innsatsområde<br>**5.7.27 Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet og 4.7.Kulturformidling og kunstproduksjon**<br>(Visuell kunst) | For det visuelle kunstfeltet saknast ein tydelegare analyse av:<br>de ulike institusjonenes rolle og betydning i fylket<br>en nærmere omtale av det frie feltet<br>kunstneres levekår og arbeidsbetingelser<br>kunstfeltet i Hordalands synlighet nasjonalt og internasjonalt<br>feltet sine rammevilkår for drift.<br>Det er også høgst relevant å sjå nærare på kva konkrete utfordringar det visuelle kunstfeltet på Vestlandet har, stilt ovenfor sentraliseringstendensar og Oslo-dominans, som på billedkunstfeltet er særleg påtakelig, med ei omfattande utbygging av tunge nasjonale institusjonar. Det er også store endringar i (infra)strukturen og auka aktivitet i kunstfeltets (med et sentrum i Bergen), noko som bør<br>identifiserast nærare, for å peike på korleis samspelet mellom musé, regionale sentra, kunsthaller, kritikk/diskurs, Bergen Assembly, Visp, kunstnardrevne initiativ, atelierfellesskap, KHiB og UiB fungerer. Tilsvarande saknast nærare omtale av produksjonsmiljø og kunstnarbusetting i kommunar utanfor Bergen, og tilgjengelegheit til visuell kunst utanfor fylkeshovudstaden. Ei slik analyse ville vere formålstenleg for å identifisere langt meir konkrete satsingsområde og tiltak.<br><br>***Ang. Kunst i offentlig rom*** vert trekt fram som eit konkret, ambisiøst og målretta tiltak som ville ha stor tyding for heile det visuelle kunstfeltet i regionen. | Teke til etterretning, jm. kap. 5.7<br>Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden på bakgrunn av dei premissane planen sett for kunstpolitikk.<br><br>Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | | |
| **5.2.3. Formidling og deltaking – Demokrati og kulturkritikk** | At planen peiker ut "Arkitektur- kunst- og filmkritikk" som områder som bør utviklast vidare, ser kunsthallen som eit viktig aspekt. Dersom planen også kunne vere konkret om ulike tiltak på dette feltet ville det utgjere eit satsingsområde som heile det profesjonelle kunstfeltet ville vore tent med. Det er viktig at planen både observerer og peiker på dette som eit av områda i vår region med størst behov for utvikling. Det trengs fagleg sterke kritikk-miljø med base på Vestlandet som kan vere med å sette dagsorden også nasjonalt. | Tek til etterretning.<br>Er innarbeidd i planen |

| **Bergen og Hordaland Turlag** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: dagleg leiar | | |
| Tema: | | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Friluftsliv er ein sentral del av norsk kulturarv, og Bergen og Hordaland Turlag meiner ein regional plan for kultur bør innehalde tilstrekkeleg verkemiddel, tiltak og mål for å fremje og ivareta grunnlaget for utøving av friluftsliv i Hordaland.<br><br>**Kulturminnevern og museum**<br><br>Kapittel 5.5. Kulturminnevern<br><br>I nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv vert det sagt at ein skal sjå friluftslivkartlegging i samband med kulturminnekartlegging: "Regjeringen vil videreføre arbeidet med å stimulere til kartlegging og verdsetting av friluftslivsareal i alle landets kommuner. Dette bør også sees i sammenheng med andre kartlegginger som pågår, for eksempel Kunnskapsløftet for | Teke til orientering<br><br><br><br><br><br><br><br><br>Teke til etterretning.<br>Auka samordning av lokalt kulturminnevern og friluftsliv har stort potensiale i lokal samfunnsutvikling. Ved kartlegging og verdsetting ligg det i stor grad ulike fagområde og vurderingsgrunnlag til grunn. Samordning vil i stor grad skje i lokalt planarbeid og i tiltak for tilrettelegging og bruk av |

| | | |
|---|---|---|
| | kulturminneforvaltningen, som blant annet innebærer kartlegging og registrering av kulturminner i kommunene".<br><br>17. Kulturminne som ressurs<br><br>Mål: Ferdselsvegar og hytter med kulturhistorisk verdi skal løftast fram.<br><br>BHT har mange hytteanlegg med kulturhistorisk verdi og tek eit stort ansvar fylkesvis og regionalt (også Sogn og Fjordane) for å drifte og vedlikehalde desse. I tillegg arbeider BHT stadig med større utbetringsprosjekt knytt til viktige ferdselsvegar. Her er det mykje arbeid som bør iverksettast. Dette må verte fange betre opp i mål og tiltak under kulturminner.<br><br>Kulturminneavdelinga og BHT bør gå i dialog for å få kartlagt og registert viktige kulturminne som er sentralt i natur- og friluftslivssamanheng.<br><br>18. Utvalgte kulturminnekategoriar.<br><br>Vi ønskjer at Friluftsliv vert tatt opp som ein kategori som får særskild merksemd i planperioden.<br><br>Det haster med å kome i gang med friluftslivkartlegging i samband med kulturminnekartlegging, t.d. ferdselsvegar med kulturhistorisk verdi: BHT viser til; "Regjeringen vil videreføre arbeidet med å stimulere til kartlegging og verdsetting av friluftslivsareal i alle landets kommuner. Dette bør også sees i sammenheng med andre kartlegginger som pågår, for eksempel Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltningen, som blant annet innebærer kartlegging og registrering av kulturminner i kommunene". | landskapa. Jf kap 5.1, 5.5 og 5.9<br><br>Til orientering, jf pkt over. Styrkja samarbeid vert utvikla i planperioden.<br><br>Til etterretning. Friluftsliv kan ikkje sjåast som ein eigen kulturminnekategori som treng å framhevast særskild. Planen legg likevel til grunn at det er sterke friluftslivsinteresser knytte til dei etablerte kulturminnekategoriane. Det er også mogeleg å gje kulturminne ny bruk i friluftslivet.<br><br>Planen legg opp til styrka samarbeid mellom desse to sektorane, jf innsatsområde 17, Kulturminne som ressurs, der nytt tiltak *Kulturminne og friluftsliv* vert sett inn. |

| | | |
|---|---|---|
| | 19. Verdsarv<br><br>Mål: Kartlegge og sikre viktige områder og stader som er grunnleggande å bevare (spare) for å sikre eit heilskapleg fjordlandskap.<br><br>Verdsarva kan ikkje verte handsama stykkevis og delt. Ansvaret må vere tydelig adressert både fylkesvis og kommunalt. Det er viktig at fylkeskommunen i samarbeid med kommunar og organisasjonar som BHT fremmar verdsarva i reiseliv og friluftslivssamanheng.<br><br>Her må fylkeskommunen fange opp undersøkinga gjennomført av Fjord Norge i 2013 som viser at fjordlandskapet er heilt sentralt for folks naturoppleving i Hordaland. | Til orientering.<br>Verdsarven har ei heilskapleg og godt forankra organisering i kommunar, fylkeskommunar og statlege organ.<br><br>Til etterretning. Jf pkt over. I fjordlandskapet er samanhengen mellom natur og kulturminne noko som strekar under behovet for koordinering mellom dei to felta, jf kap 5.3, innsatsområde 8 og kap 5.5.19. |
| | **Idrett og friluftsliv**<br><br>1. Meiner at dei fleste ikkje oppfattar idrett og friluftsliv som ein del av kulturomgrepet, og Kulturlova inkluderer heller ikkje idrett og friluftsliv. Namnet på planen bør endrast og alle stader der kultur og idrett er nytta bør endrast til kultur, idrett og friluftsliv.<br><br>2. BHT meiner at natur og friluftsliv får ei dårleg handsaming og vektlegging i den framlagte planen.<br><br>3. Ønskjer ikkje setje kulturaktørane opp mot kvarandre, men peikar på resultata i undersøkinga der friluftsliv tydeleg er av stor verdi for folk i Hordaland. Ønskjer at natur og landskap får større plass i planen som premissgjevar.<br><br>4. BHT meiner konkurranse mot Oslo er lite konstruktivt | 1. Teke til etterretning. Det vert lagt inn klår definisjon av kulturomgrepet i planframlegget og gjort konsekvent bruk av omgrepet i planen og handlingsprogrammet<br><br>2. Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.<br><br>3. Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget.<br><br>4. Teke til orientering. Innspelet er i tråd med planforslaget |

| | | |
|---|---|---|
| | og at vi står tyngst på eigne bein på Vestlandet. Kjenner seg ikkje igjen i «kampen mot Oslo» | slik det føreligg. |
| | 5. BHT ønskjer fokus på det store potensiale i reiseliv og næringsutvikling. | 5. Teke til etterretning, jf kommentar over. |
| | 6. Ønskjer at friluftslivets eigenverdi vert skildra, slik som kulturen sin vert det | 6. Teke til orientering. Innspelet er i tråd med planforslaget slik det føreligg, jf kap 4.9. |
| | 7. Ønskjer å identifisere dei områda der Hordaland kan posisjonere seg på, og håpar natur og landskapsverdiane, rutenettet og turisthyttene og elles arbeid mot reiseliv og næring vert sett. BHT understrekar også verdiane knytt til verdsarvområda. | 7. Teke til etterretning, jf kommentar over. |
| | 8. Ønskjer at natur, landskap og friluftsliv vert inkludert i målsetjingane i kap 1.4. | 8. Teke til etterretning. Landskapsomgrepet vert teke inn i dei kulturpolitiske måla, jf kap 1.4 |
| | 9. Meiner dei ikkje kan sjå at barn og unge er gjennomgåande i planen, og bed oss setje konkrete mål og tiltak for denne målgruppa. | 9. Teke til etterretning. Barn og unge vert teke inn i dei kulturpolitiske måla |
| | 10. Listar opp ein del konkrete innspel til forankringsgrunnlag som manglar i planen. T.d. Naturmangfaldslova. | 10. Teke til etterretning, vil bli lagt under kap. 2.2 og 5.8 |
| | 11. BHT ønskjer frie midlar framfor prosjektmidlar – og viser til Bergen kommune som godt døme. | 11. Teke til orientering |
| | 12. BHT stør vurdering om 3 års løyvingar for driftstilskot (og ønskjer dobling av tilskot til drift) | 12. Teke til orientering |
| | 13. BHT meiner det er viktig å samordne tilskotsordningane | 13. Teke til orientering, jf.kap. 5.4 innsatsområde 9 og 13<br>14. Spelemiddelordninga er søknadsbasert. Friluftsliv er |

| | | |
|---|---|---|
| | 14. BHT meiner 10% av spelemidlane bør gå til friluftslivsanlegg, inkludert hytteanlegg som er nytta til leirar og basecamp'ar.<br><br>15. BHT saknar kompetansemål knytt til friluftsliv (som det område folk i Hordaland er mest interesserte i)<br><br>16. Ønskjer meir fokus og verdisetjing av frivillighet<br><br>17. Saknar målformuleringar i handlingsprogrammet knytt til friluftsliv – meiner måla kun speglar fysisk aktivitet<br><br>18. Bed om at friluftslivsforvaltning vert inkludert i kap 5 om Urbanisering, stadutvikling, bygning og landskap og at friluftslivsanlegg vert inkludert under arenautvikling.<br><br>19. BHT har mange konkrete forslag til endringar i innsatsområde 38 om Friluftsliv<br><br>20. BHT understrekar samarbeid og fagkombinasjonane knytt til friluftsliv og kulturminne. Dette bør vise meir igjen i planen.<br><br>21. BHT kjem også med konkrete innspel om endringar/manglar på ulike punkt i handlingsprogrammet.<br><br>22. Avslutningsvis peikar BHT på at det i komande år er viktig å satse på løyvingar til administrative ressursar og til arbeidet med å få fleire barn og unge med i friluftslivsaktivitetar | prioritert i tråd med gjeldande plan. Fylkesrådmannen føreslår ikkje å implementere Bergen og Hordaland Turlag sitt innspel til endring.<br>15. Teke til orientering<br><br>16. Teke til etterretning, jf. kap. 1.4 mål 4<br><br>17. Teke til etterretning<br><br>18. Teke til etterretning, jf. kap. 5.1 , innsatsområde 2<br><br>19. Teke til etterretning , det er gjort ein del endringar i tråd med innspela<br><br>20. Teke til etterretning, jf. Planen legg likevel til grunn at det er sterke friluftslivsinteresser knytte til dei etablerte kulturminnekategoriane. Det er også mogeleg å gje kulturminne ny bruk i friluftslivet. Planen legg opp til styrka samarbeid mellom desse to sektorane, jf innsatsområde 17, Kulturminne som ressurs, der nytt tiltak *Kulturminne og friluftsliv* vert sett inn.<br>21. Teke til etterretning , det er gjort ein del endringar i tråd med innspela<br><br>22. Teke til orientering |
| Innsatsområde | | |

| | | |
|---|---|---|
| 1.1 | **Idrett og friluftsliv**<br><br>BHT meiner konkurranse mot Oslo er lite konstruktivt – at Vestlandet står tyngst på eigne bein.<br>Peikar også på at det frå starten er upresist og uklårt kva som inngår i omgrepa | Jf. tidlegare kommentar |
| 1.2 | Peikar på at Hordaland er leiande internasjonalt når det kjem til natur, landskap og friluftslivsverdiar – finn ikkje dette fokus igjen i planen. Saknar skildring av naturen og friluftslivet sin eigenverdi (gjer døme på endring av tekst til visjon og tekst knytt til eigenverdi) | Jf. tidlegare kommentar |
| 1.3 | Bed om å bli involvert når ein skal definere dei områda Hordaland skal posisjonere seg på, og viser m.a. til eigen infrastruktur og hytteanlegg) | Teke til orientering |
| 1.4 | Forslag til endring av mål 2: Hordaland skal ha eit rikt, aktivt, naturvennlig og mangfaldig kulturliv, med tilgang til alle.<br>Forslag til endring av mål 4: Hordaland skal ha eit sterkt og profesjonelt kulturliv, som fremjar viktige natur og friluftslivsverdiar og skapande og frie kulturuttrykk.<br>Forslag til nytt mål 7: Likestilt med eit sterkt og profesjonelt kulturliv, er det eit viktig mål å ha eit sterkt frivillig kulturliv. | Teke til etterretning, syner til nye målpunkt om frivilligheit og landskap<br>Forslag til endring av mål 4: Teke til orientering, fører ikkje til endring i planen. |
| 2.1 | BHT saknar forankring i fleire namngitte føringsdokument, både nasjonale og internasjonale.<br>1) Den europeiske landskapskonvensjonen<br>2) Gjeldande konvensjon om immateriell kulturarv frå UNESCO<br>3) St. meld. Nr. 39 (2000-2001) Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet<br>4) naturmangfaldlova §40 | Teke til orientering, dette er sentrale pkt. i planen. |
| 2.5 | BHT ønskjer frie midlar framfor prosjektmidlar og gjerne over periodar på tre år. Tildelinga og prioriteringa av desse tilskota må vere strategisk. BHT ønskjer dobling av driftstilskot. | Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | BHT peikar på at det er viktig at hfk støttar frivillige organisasjonar og at hfk må vere nøye når dei strategiske prioriteringane vert gjort<br><br>BHT ønskjer at ein i plandokumentet gjennomfører bruk av ordet friluftsliv der omgrepet kultur og idrett vert nytt | <br><br><br>Teke til etterretning, «kultur» vert gjennomgåande samleomgrep gjennom heile planen. |
| 4.1 | Ønskjer at friluftslivsanlegg vert teke med i behov for utvikling av nye anlegg<br>Ønskje også at det vert teke med i teksten av ein ivaretek viktige område for natur-, landskaps- og friluftslivsverdiar. | Teke til etterretning, jf. nytt mål i kap. 4.1, og i tekst kap. 5.9 |
| 4.3 | Vil at teksten skal sei «kultur- og naturverdiar», og føreslår at heile kap 4.3 får friluftsliv, naturopplevingar, naturverdiar, frivillighet og dugnadsånd inn.<br>BHT: *I pkt. om kulturformidling og kunstproduksjon, avsnitt to, står det at kunstopplevingar er utviklande for både enkeltmenneske og fellesskapet. Det gjeld også naturopplevingar!*<br>*Vi foreslår at setninga vert komplimenterast med "og naturopplevingar", og at det vert laga eit eige avsnitt om formidling av friluftsliv og naturopplevingar, som utleda av avsnitt 4 der Hordaland fylkeskommune forpliktar seg over det profesjonelle kulturlivet, blir;*<br>Hordaland fylkeskommune skal legge til rette for vekst i frivillige organisasjonar innan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, og ser felles løysingar og grenseoverskrivande samarbeid som ein god veg å gå. Fylkeskommunen ønskjer å satse på tiltak som fleire innbyggarar til gode. Det er i regelen viktig at dette er opne og inkluderande tiltak og møtestader**.**<br><br>BHT ønskjer at frivillighet vert synleggjort i mykje større grad som verdiskapar<br><br>*Avsnitt 3 i pkt. 4.3 skriv at Kulturlivet på Vestlandet er i stor* | <br>Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen .<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen. |

| | | |
|---|---|---|
| | *grad samansett av mange profesjonelle og mindre kulturaktørar. Igjen blir frivilligheita ikkje teke med. Frivilligheita må skrivast inn her også* | Teke til orientering, jf. kap 4.3 avsnitt 6 |
| 4.9 | BHT peikar på at friluftsliv ikkje får nok plass i plandokumentet i høve interessa for området blant folk i Hordaland. Dei understrekar at dette ikkje heller vert ivareteke i handlingsprogrammet, der målformuleringane er avgrensa til å omhandle fysisk aktivitet.<br><br>Avsnitt to om eigenverdien til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, vert foreslått utvida for å synleggjere betydinga av friluftsliv. Helseaspektet er vist i høyringsutkastet, men det må fram at friluftsliv har betyding for at barn, unge og alle kan utfalde seg, oppleve, lære, meistre på måtar og i omgjevnader som gjev identitet, ferdigheiter, verdiar og haldningar. | Teke til etterretning, «kultur» vert gjennomgåande samleomgrep gjennom heile planen.<br><br>Teke til etterretning, jf kap 5.9, innsatsområde 38 |
| 5.1 | BHT vil at friluftslivsforvaltning vert inkludert under «forvaltaransvar». Det må visast til friluftslivslova og det må satsast på kartlegging, verdisetting og utvikling av friluftslivsverdiar saman med kulturminneverdiar.<br>BHT viser til Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv (T-1535)<br><br>2<br>Mål 1 og 2: BHT ønskjer å inkludere friluftsliv: Kultur-, idrett- og friluftslivsarenaer | Teke til etterretning, jf. Kap. 5.1 som vert revidert for å ta omsyn til behov for kartlegging og verdseting av kulturminne og landskapsverdiar.<br><br>Teke til etterretning, «kultur» vert gjennomgåande samleomgrep gjennom heile planen. |
| 5.2.3 | BHT ønskjer eit eige avsnitt om viktigheten av frivillige organisasjonar<br>I siste avsnitt vil dei inkludere kritikk knytt til landskap og naturforvaltning | Teke til etterretning. |
| 5.2.4 | BHT ønskjer at det også vert vist til friluftslivet | Teke til etterretning, «kultur» vert gjennomgåande samleomgrep gjennom heile planen. |
| 5.2.5 | BHT ønskjer at det her vert tydleggjort dugnad som ein viktig | Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | folkehelseaktivitet i seg sjølv | |
| 5.9.**36. Fysisk aktivitet** | BHT ønskjer følgjande mål og tiltak;<br>Mål 3: Aktivt friluftsliv<br>At alle barn og unge får vere i sameksistens med naturen i løpet av ei veke.<br>Her viser vi til nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (Klima- og miljødepartementet). | Teke til orientering |
| **38. Friluftsliv** | Vi foreslår endring av målet " Fleire skal delta i friluftsliv på jamn og varig basis. " som vi synest er for lite tydelig og ambisiøst.<br>Mål 1: Alle skal ha mulighet til å delta i friluftslivaktivitetar i nærleiken av der dei bur. Det skal særlig leggast til rette for barn og unge.<br>Framlegg til endring mål 2;<br>Mål 2: Sikre og legge til rette for fleire og betre anlegg og stiar for friluftslivet, og sikre grunnlag for god drift og vedlikehald gjennom dei frivillige organisasjonane.<br>Mål 3: Vegen inn i friluftslivet for barn og unge skal ha høg kvalitet og solid struktur på alle nivå. Alle barn skal ha høve til å ta del i og oppleve friluftsliv. (Tilsvarande som pkt. 5. 7 for kunstproduksjon og kulturformidling).<br>Tiltak under dette må målet:<br>Styrke tilbodet og kvaliteten i friluftslivsaktivitetar i skulen.<br>Utarbeide strategisk plan for friluftsliv i skulane, som legg til grunn eit samarbeid og koordinering med det frivillige friluftslivstilbodet i kommunane.<br>Mål 4: Vilkåra for friluftsliv og formidling av friluftsliv må styrkast i heile fylket. Regionen skal ha eit berekraftig friluftsliv med komplette verdikjedar. (Tilsvarande frå pkt. 27 om kunstløftet).<br>Mål 5: Vedlikehald og utbetring av ferdselsvegar av kulturhistorisk verdi (som nyttast i friluftslivssamanheng).<br>Kartlegging og registrering innan 2018. | Delvis teke til etterretning. Jm. kap. 5.9, innsatsområde 38, mål 1<br><br>Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget<br><br>Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget<br><br>Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen<br><br>Innspel Mål 4 – 6: Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen, men ikkje som eige mål |

| | | |
|---|---|---|
| | Mål 6: Hordaland fylkeskommue må legge til rette for og vere pådrivar til at viktige friluftslivsområder lokalt vert kartlagt og verdisatt i kommunane innan 2018. Dette er eit arbeide som så vidt er igangsatt i 2014 med løyvingar frå direktoratet. | |
| 5.5 Kulturminnevern | BHT peikar på nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv (T-1535) der ein vil at kulturminne- og friluftslivskartlegging under eitt. | Teke til orientering, jf kommentar over. |
| 17. | kulturminneavdelinga og BHT bør gå i dialog for å få kartlagt og registert viktige kulturminne som er sentralt i natur- og friluftslivssamanheng<br>Mål: Ferdselsvegar og hytter med kulturhistorisk verdi skal løftast fram. | Teke til orientering, jf kommentar over. |
| 18. | BHT ønskjer at *Friluftsliv* vert tatt opp som ein kategori som får særskild merksemd i planperioden | Teke til orientering, jf kommentar over. |
| 19. | Det er viktig at fylkeskommunen i samarbeid med kommunar og organisasjonar som BHT fremmar verdsarva i reiseliv og friluftslivssamanheng.<br>Mål: Kartlegge og sikre viktige områder og stader som er grunnleggande å bevare (spare) for å sikre eit heilskapleg fjordlandskap. | Teke til orientering, jf kommentar over. |
| **Handlingsprogrammet;** | | |
| 1. Arkitektur. | Positiv til punkt F | Teke til orientering |
| 2. Arenautvikling. | BHT meiner at alt av tekst som gjeld uteområde, turløyper og tilrettelegging av område for aktivitetsutfolding inngå som en del av anlegg for fysisk aktivitet og friluftsliv. | Teke til etterretning, blir innarbeidd i Handlingsprogrammet innsatsområde 38 (krysskopling) |
| 3. Demokrati. | Bra mål om å utvikle og støtte arenaer, miljø og tiltak som fremjar kritisk tenking.<br>Her må frivillige organisasjonar inn også, Friluftslivets Hus og FNT. | Teke til etterretning, blir innarbeidd i Handlingsprogrammet innsatsområde 3 |
| 7. Frivillighet. | BHT ønskjer at det vert sagt noko om styrking av rammene. Dei peikar også på at profesjonalisering må kome som eit ønskje frå | Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | frivillige organisasjonar. | |
| 8. Kulturbasert næring. | I lag med reiselivet er Bergen og Hordaland Turlag/Friluftslivets Hus ein naturleg partnar om å utarbeide strategisk plan for utvikling av kulturnæringar, nettverk og støtteordningar. Under pkt. F om felles marknadsføring av attraktive område for kulturbasert reiseliv, må Turlaget v/ Turinformasjonen inn og Friluftslivets Hus med som partnar. | Teke til etterretning, blir innarbeidd i Handlingsprogrammet innsatsområde 8, tiltak F |
| 11 Kulturregion Vestlandet. | BHT oppmodar til å hugse friluftslivet og frivilligheten. | Teke til orientering |
| 13 Verkemiddel og støtteordningar. | Sjå innspel til kap 2.5 | Sjå tidlegare kommentarar |
| 14 Kompetanse. | Det er ønskja at det vert dokumentert og formidla status for kultur- og idrettsfeltet i Hordaland. BHT foreslår at fylkeskommunen også gjer det for friluftsliv.<br>C: Kva type kompetanseutvikling innan kultur og idrett?<br>Elles kjem det fram av innsatsområde 39 tiltak C at ein vil gjennomføre kompetansetiltak innan anleggsutvikling, og då legg vi til grunn at det også gjeld stiar og uteområde laga for utfolding. | Teke til etterretning, blir innarbeidd i Handlingsprogrammet innsatsområde 14, tiltak C |
| 36. Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv | Hurra for mål om å få 60 minutt fysisk aktivitet inn i skulen! Vi bidrar gjerne her med konseptutvikling, og takkar for å vere oppført som partnar<br>Om tiltak D om å fortsetje Aktiv saman, er dette prosjektet evaluert?<br>Ligg dette på rett plan- og forvaltningsnivå? | Teke til orientering |

| Bildende kunstneres forening Hordaland(BKFH) | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: styret | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kunst- og kulturformidling**<br><br>Dei meiner at planen er ambisiøs og har gode hensikter, men kan verke urealistisk fordi den er lite konkret. Det sjåast som svært positivt at det profesjonelle kunstfeltet beskrivast som eige satsingsområde i planen. Det etterlysast (gjennomgåande) kva reiskap og verkemiddel ein ser for seg konkret når ein henviser til at ein treng ulike av desse for utvikling i henhaldsvis det profesjonelle feltet og amatørfeltet. BKFH føreslår nokre slike også konkret:<br>1.Kunstnarstipenda aukast i tal og storleik. Betre honorering av fagkomiteane knytt til dette, og BKFH understreker viktigheita av at fagorganisasjonane vurderer søknadane.<br>2.Direkte pengeflyt til kunstproduksjon – individ og institusjon. Oppdelinga av ålmenne kulturføremål i profesjonell og amatørdel.<br>3.Internasjonale og tverregionale midlar til utveksling, nettverksbygging og gjestekunstnarordningar.<br>4. Kulturelt utviklingsprogram vidareførast og styrkast. BKFH ser det som bemerkelsesverdig at ikke KUP-midlane nemnast i planen. Dei ser denne ordninga som å treffe breitt og godt på heile kunst- og kulturfeltet. Det må ryddast i programområda i kvar periode, og ikkje leggast innhaldsmessige politiske føringar slik som at dei i tillegg til programområda skal satsast på tiltak som styrker Hordaland sin identitet/kultur, herunder kystkulturen. | Dei føreslåtte konkrete tiltaka vil verte teke med vidare i gjennomgåinga og utarbeidinga av søknadsordningar jm.. Tiltak 13.C i handlingsplanen.<br><br>Pkt. 1 – 3: Teke til etterretning.<br>Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden på bakgrunn av dei premissane planen set.<br><br>Pkt. 4: Teke til etterretning, jf kap. 5.7 innsatsområde 27. |
| 2.4 Verkemiddel og støtteordningar | BKFH merker seg at det er lagt til grunn ulike tildelingskriterier for profesjonelle og amatørar, og ser dette som viktig for at feltet skal verte teke på alvor med sin kompetanse og faglege integritet.<br><br>Innsatsområde 13, tiltak C i handlingsprogrammet; her ser BHFH | Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet. |

| | | |
|---|---|---|
| | at dei kan ha ei rolle og føreslår at eksisterande ordningar også vert teke med i dette punktet. | |
| 4.7. Kulturformidling og kunstproduksjon | a) s. 28; ang det «kreative samfunnet» - kva meinast med dette? Føreslår anten å stryke eller forandre.<br><br>b) Ønskjer presisering m.a. med setninga *Det offentlege har eit ansvar for å bidra til at kunstnarane har leve- og arbeidsvilkår som gjer det mogleg å produsere god og nyskapande kunst* i avsnitt 2.<br><br>c) Avsnitt 3, ang nettverksorganisajonar; ønkjer ny setn; På bakgrunn av fagleg gode nettverk har kultur- og kunstlivet lukkast med å etablere fleire velfungerande organisasjonar.<br><br>d) Det skrivast i planen at det er ei utfordring å gjere Bergen og Hordaland attraktivt for kunstnarar og kulturarbeidarar å busette seg i, noko dei ikkje kjenner seg heilt igjen i og føreslår å endre setninga til : sjølv om kunstnarar og kulturarbeidarar gjerne busett seg i Bergen, er det ei utfordring å gjere andre deler av fylket til eit attraktivt område å bu og arbeide i.<br><br>e)Ang. Felles løysingar og grenseoverskridande samarbeid; bør tydeleggjerast at det er samarbeid mellom det frie, profesjonelle feltet ein meiner og BKFH påpeiker at felles løysingar ikkje alltid vil vere relevante, og at grenseoverskridande samarbeid kan hende er best når det oppstår som ein naturleg del av ein prosess, og ikkje instrumentelt. | a) Teke til orientering<br><br>b) Teke til etterretning<br><br>c) Teke til etterretning<br><br>d) Teke til orientering<br><br>e) Teke til etterretning |
| 5.4.12. Internasjonalisering | BKFH stiller spørsmål om på kva premisser ein set seg føre å verte Europas leiande kulturregion.<br><br>Det stilles spørsmål om venskapskommunar og regionar er tenleg for kulturlivet sjølv, om det brukast instrumentelt, og om fylkeskommunen veit kva som er tenleg for feltet. Om visjonen skal oppnås er det ei forusetning at det etablerast fagleg optimale | Teke til orientering<br><br>Teke til etterretning |

| | | |
|---|---|---|
| | samarbeid med regionar kunstfeltet sjølv oppfatter som fagleg optimale.<br><br>Når det gjeld handlingsplanen punkt c og d ønskjer BKFH at eksisterande gjestekunstordningar leggast til som partner. | <br><br><br>Teke til etterretning |
| 5.7.27. Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet | Meiner at kunstfeltet generelt er godt beskrevet.<br><br>a)Stiller spørsmål om kva som er *komplette verdikjeder* på kunstfeltet.<br><br>b) Det oppfattast som vel ambisiøst slik det beskrivast at fylkeskommunen skal vere ein sentral støttespelar – på mange vis – for *alle* kunstinstiusjonane i regionen.<br><br>c)BKFH stiller spørsmål om kvifor fylkeskommunen unngår - både i fortid og i planen å satse på kunstproduksjon og kunstnarar. Dei oppfattar her kunstproduksjon som eit middel for synergieffektar og kompetanseheving enn eit faktisk, autonomt satsingsområde. Dei føreslår eit punkt c i handlingsplanen; *Styrke vilkåra for kunstproduksjon gjennom økte tilskudd til kunstnarar og prosjekt, samt støtte opp under tiltak for produksjonslokaler.*<br><br>d)Når kulturplanen slår fast at det er vanskelegare å livnære seg som kunstnar i Bergen enn Oslo, og i er BKFH usikre på om dei kan kjenne seg igjen. Samansetninga i dette avsnittet med at «Kulturplanen slår samtidig fast at samfunnet skal ta seg råd til å satse på det smale kunstnarlege språket» oppleves som ei unødig motsetning.<br><br>e)Setter spørsmålsteikn ved kva som meinast med utsegnet og føreslår å stryke «Å jobbe utan (nasjonale) grenser, har ein verdi i seg sjølv, og kan i tillegg bidra til at ein kunstnar klarar seg i større grad utan offentlege tilskot. | Teke til orientering<br><br>a)Teke til orientering<br><br><br>b) Teke til etterretning<br><br><br><br><br>c) Teke til etterretning, jf kap 5.7<br><br><br><br><br><br><br><br>d) Teke til etterretning jf kap 5.7<br><br><br><br><br><br><br>e) Teke til etterretning |

| | | |
|---|---|---|
| | f)Det stillast spørsmålsteikn ved om fylkeskommunen er riktig instans for kompetanseheving og rettleiing i forhold til gjestekunstnarordningar, og viser til at dei ønskjer eksisterande gjestekunstnarordningar som partner også under tiltak E i denne delen av handlingsprogrammet.<br><br>g)Når det gjeld prosentvis avsetning til kunst i samferdsleprosjekt ser BKFH dette som ambisiøst, med ei god og realistisk utviding av den tilsvarande ordninga KORO forvaltar for offentlege bygg. Dei ønskjer at det tydeleggjerast at den nye ordninga skal tilsvare same prosentvise avsetning som for offentlege bygg, og at denne prosenten skal kome over statsbudsjettet. BKFH er positiv til planen sine ønskjer om å vidareutvikle Hordaland kunstssenter som støttespelar i utviklinga av dette og kompetanseheving på feltet i kommunane. | f) teke til etterretning<br><br>g) Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |

| **Bjørgvin bispedømeråd** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: dagleg leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Bispedømerådet reagerer på at kyrkja og trussamfunna sine rollar i den kulturelle kvardagen for folk flest, ikkje er nemde i utkastet. Kyrkja har mykje å gje, mellom anna å sikre positive oppvekstmiljø for born og unge og som produsent og formidlar av kyrkjemusikk. Kyrkja har ei sentral plass både i arenautvikling, inkluderings- og mangfaldsutvikling og i verdiskapingssatsinga. Kyrkja si rolle som sentral kulturarktør er fremheva i Kulturutredningen 2014 ( NOU 2013:4) | Kulturomgrepet som ligg til grunn for regional kulturplan er i utgangspunktet eit vidt, inkluderande og inviterande omgrep. Det er grunnleggande premiss at alle samfunnsgrupper, trussamfunn og kulturuttrykk skal omfattast av kulturpolitikken. |
| Innsatsområde | **Kulturminnevern og museum**<br><br>Innsatsområde 2 Arenautvikling-infrastruktur: Mål, pkt. 2: Kulturpolitikken skal legge til rette for tilgangen til både regionale | Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget. |

| | | |
|---|---|---|
| | og lokale kultur- og idrettsanlegg, *kyrkje*, kulturlandskap og aktivitetsområde.<br><br>Tiltak B: Prøve ut modellar for sambygging/samdrift av *kyrkje*, kultur- og idrettsarenaer.<br>Innsatsområde 5 Inkludering: Som partnar under tiltak A forslag om å inkludere Den norske kyrkja og andre trussamfunn.<br>Tiltak 8 Utvalde kulturminnekategoriar: forslag om nytt tiltak B: Bidra aktivt i utviklinga av Kystpilgrimsleia som ei samanhengande reiserute langs kysten som ein St. Olavs veg og ein europeisk kulturveg med utgangspunkt i kulturminne og heilagstader.<br>Ansvar: Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga<br>Partnarar: kommunane, musea, Den norske kyrkja, Reiselivet, frivillig sektor | Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget<br><br>Teke til orientering, jf innsatsområde 8 kulturbasert næringsutvikling/kulturnæringar |
| | | |

| **Brak** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: dagleg leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kunst- og kulturformidling**<br><br>Brak ser på planen sin visjon som god og ambisiøs, men at tiltaka som skisserast innan enkelte områder er ambisiøse nok for å realisere visjonen innan 2025....?<br><br>Ber om å verte omtala som Brak (som eit eigenamn, teke i 2009)<br><br>Brak er opptatt av heile verdikjeda innan musikkfeltet og er nøgde med korleis kulturpolitikken regionalt og nasjonalt også har reflektert forståing av samspelet mellom de ulike | Teke til orientering<br><br>Teke til etterretning<br><br>Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | aktørane og nivåa.<br><br>Brak meiner nokon tema burde vore omtala meir konkret. Dette gjeld innsatsområde 2, 8, 14 og 26 og dreier seg om infrastruktur, kompetanseheving, høve til utdanning, bransjeutvikling, reiseliv, næringspotensial, samt å rette fokus mot kulturkonsumentane i framtida. | Teke til orientering. Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden på bakgrunn av dei premissane planen set. |
| | Prioritering av innsatsområdet og tiltak bør reflektere balanse mellom å fokusere på infrastruktur og frivilligheit samtidig med næringsutvikling og vekst.<br><br>Enda større fokus kunne med fordel blitt lagt på teknologiske utfordringar og høve.<br><br>Kulturlivet generelt, og i mange tilfelle musikkmiljøet spesielt, er viktige identitetsberarar og identitetsskaparar som næringslivet kan dra nytte av. Den merkevara kulturaktørane i regionen bygger opp er også avgjerande for å oppfylle måla om internasjonalisering og auka eksport av kulturprodukt frå regionen. Her kan vi sette oss enda høgare mål om kva som kan utrettast.<br><br>Brak saknar ei tydeligare presisering av omgrepa og kva som omfattast når det skrivast *kunst- og kultur* og *kulturnæringar*. Brak si erfaring er at media, spel og design ofte ikkje reknast med når ein omtaler kunstfeltet, mens visuell kunst og scenekunst ofte ikkje ses på som kulturnæringar. Dette bør definerast på side 37.<br><br>Brak finn både planen og handlingsprogrammet i fleire tilfelle litt for generell i formuleringane. Musikk er t.d. ikkje nemnt spesifikt ein einaste stad (forutan folkemusikk) i | Teke til orientering. Ang. tilskotsordningar og friske midlar: Fylkesrådmannen vil ta med seg dette innspelet vidare i gjennomgåinga og utarbeidinga av søknadsordningar jm.. Tiltak 13.C i handlingsplanen.<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br>Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden på bakgrunn av dei premissane planen set.<br><br>Teke til etterretning, «kultur» vert gjennomgåande samleomgrep gjennom heile planen.<br><br>Teke til orientering. |

| | | |
|---|---|---|
| | handlingsprogrammet. Brak skulle gjerne sett at nokon av punkta i handlingsprogrammet hadde ambisjonar for musikklivet spesielt.<br><br>Når det i handlingsprogrammet står kunst- og kulturorganisasjonar kunne dette gjerne i fleire tilfelle vore spesifisert med namn på organisasjonane. Dette ville gje organisasjonane høve til å sjå om dei er rekna samarbeidspart.<br><br>**Tilskotsordningar og friske midlar**<br>Brak synes det er bra at planen løfter fram at det vil tilpassast eller bli oppretta nye tilskotsordningar til å passe med målsettingane i planen. Då er det også behov for friske midlar som følgjer med disse målene og tiltakene. Organisasjonen håper særleg at ei auke i midlar kan kome det frie, profesjonelle feltet til gode, samt bidra til internasjonalisering.<br><br>Knytt til handlingsprogrammet ønskjer Brak spesielt å ta del i det vidare arbeidet med:<br>*5.3.8.A Utvikling av kulturnæringar.*<br>*5.3.8.F Marknadsføring av kulturbasert reiseliv.* Her må også kulturaktørane sjølv vere med som partnarar. Musikkfestivalar i regionen sitter på svært god kompetanse.<br>*5.7.27.B Kunstproduksjon, synergieffekter og kompetanseoverføring*. Her gjør organisasjonen mykje arbeid allereie, men ser høve for å systematisere og utvide kompetanseoverføringa.<br>*5.7.27.D Formidling og arrangørkompetanse*<br>*5.7.28.B Samarbeid mellom amatørkulturfeltet og det profesjonelle kunst- og kulturlivet.* Her har Brak mykje erfaring gjennom rådgivning og kurs og bidreg gjerne i det | Teke til orientering. Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden.<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til etterretning. Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden.<br>Kulturaktørarar vert med som partanar |

| | | |
|---|---|---|
| | vidare arbeidet. | |
| Innsatsområde 5.1.2:<br>**Infrastruktur** | **Kunst- og kulturformidling**<br><br>Dette innebærer i Brak sin definisjon både fysisk infrastruktur som øvingslokaler, kulturkontor, visningsarenaer, konsertlokaler av ulik størrelse og med ulik pris, i tillegg til kommunikasjonskanaler som der kulturaktørene kan nå ut til publikum med informasjon. Ei anna form for nødvendig infrastruktur er bransjeapparat som kan løfte fram og bistå nye artister.<br><br>Utvikling av en sterkere spisskompetanse innan arrangementsavvikling er også ein viktig del av infrastrukturen som skal til for å planlegge og gjennomføre kulturarrangement. USF Verftet er en viktig arena for musikk- og kunstproduksjon. Brak støtter deira forslag om å styrke USF si rolle for kompetanseutvikling innan felt som arrangement, sceneteknikk og lyd/lysteknikk. Dette er felt der Brak allereie har fleire som kan styrkast gjennom ei styrking av USF på dette feltet. Kontorlokaler for bransjen er også en viktig del av en infrastruktur<br><br>Forslag til nytt mål under 5.1.2 eller 5.3.8:<br>*Det skal etableres et kontorfellesskap for kreative næringer i Bergen som skal utnytte synergieffekter med andre næringer og bli ledende i landet.*<br>Forslag til nytt mål under 5.1.2:<br>*Alle kommuner skal ha tilbud om egnede øvingslokaler for band og artister.* | Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br>Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget |
| Innsatsområde 5.4.14(evt 27)Kompetanseheving | Brak jobber med kompetanseheving innen fleire områder med hensikt om å profesjonalisere feltet. Det er i nokre høve relevant å samarbeide med nasjonale musikkorganisasjonar og regionale nettverksorganisasjonar | |

| | | |
|---|---|---|
| | innan andre felt. Utfordringane og kompetansen er i nokon tilfelle spesifikk for musikkfeltet, men på enkelte område felles for heile kulturfeltet. Her er samarbeidsstrukturane på plass og kan vidareutviklast for å få gode synergieffektar på tvers av kulturområda og næringsaktørane i ulike bransjar. M.a. auka satsing på mentortenestar vil kunne i enda større grad kunne fange opp og løfte talent også busett utanfor Bergen<br>Forslag til 5.4.14 eller 5.7.27:<br>*Det skal etableres mentorordninger og mulighet for internships hos organisasjoner og bedrifter innen kulturfeltet for å styrke kompetansen hos enkeltaktører og bidra til kompetanseoverføring.*<br><br>Kompetanseheving og utdanningshøve for kulturnæringsaktørar er nemnt fleire gonger i planen men ikkje i handlingsprogrammet. Det manglar tiltak i både innsatsområde 27 (Kunstløft - det profesjonelle kunstfeltet) og nummer 14 (Kompetanse) innan det som går på kompetanseheving hos kulturaktørane sjølv. Det er et behov for utdanning/vidareutdanning for administrasjon og leiing innan kreative næringar med følgjande mål:<br>Etablere eit fast vidareutdanningstilbod som tilfører kompetanse til aktørar som allereie jobbar i kulturfeltet, samt gje grunnlag for at nye gründarar har forutsetningar for å etablere bedriftar.<br><br>Det finnes fleire gode kunstfaglege studiar i Bergen, og i kommunar som Voss, Stord og Kvam. Desse kan i samarbeid med nettverksorganisasjonane gje grunnleggande bransjekompetanse (økonomi, marknadsføring, bedriftsetablering) og nettverk som gjer at studentane kan forvalte sitt kunstnarlege virke som freelancer etter endt | Teke til orientering<br>Fylkesrådmannen vil ta med seg dei konkrete innspela i det vidare arbeidet i planperioden.<br><br>Teke til etterretning, jf innsatsområde 14, tiltak C<br><br>Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | studie. | |
| **Innsatsområde 5.4.8 Kulturbasert næringsutviklintg/Kulturnæringar** | **Profesjonalisering og bransjeutvikling:** Brak støtter seg til punkt *5.3.8.B Samordne næringspolitiske og kulturpolitiske virkemidler og støtteordninger*, men vil understreke at det er viktig at ein her har ekstra tydelig fokus på nyetablerte selskap med vekstpotensiale, og har forståing for at fleire av desse selskapa innan kulturfeltet ikkje produserer innovative produkt.<br>Brak vil også trekke fram viktigheita av:<br>-Synliggjering av fordeler og synergieffektar ved samlokalisering og kan hende også konsolidering av fleire av dei mindre bransjeaktørane.<br>-Kurs, kompetanseutveksling og mentorordningar som kan bidra til auka innovasjon og utvikling av nye forretningsmodellar<br>-Prosjektstøtte og stipend til næringsaktørar<br><br>**Næringspotensialet:** Her er det stort potensiale for å nytte samarbeidet som allereie finst mellom miljøa som driv innan kreative næringar. Brak føreslår følgjande nye punkt i handlingsprogrammet 5.3.8:<br>-Etablere et Arena-prosjekt for musikknæringen i regionen.<br>- Utvikle virkemidler som kan legge til rette for å finne nye marked og nye behov som kan oppstå i samarbeid mellom kulturaktører og teknologibedrifter.<br><br>Brak kjem med følgjande innspel til **temaet reiseliv**:<br>-Kultur- og opplevelsesnæringene kan skape arbeidsplasser som også kan bidra til å bygge opp sterkere bransjeaktører innen de kreative næringene ved å gi dem oppdrag og bruke deres kompetanse.<br>-Reiselivets samarbeid med kulturaktører fokuserer ofte på de store institusjonene eller store kommersielle festivaler og | Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | arrangementer. I det frie feltet og hos de mindre aktørene ligger det et stort potensiale for å nå en større målgruppe dersom man i samarbeid kommuniserer ut dette tilbudet og gjør det tilgjengelig.<br>Brak peiker på at studentkulturen/-organisasjonane er ein særs viktig arena for å læring innan kulturarbeid, noko som bør gjerast synleg og inkluderast i under både *5.3.7 Frivillighet og 5.3.8 og kulturbasert næringsutvikling.*<br>Det leggast fram forslag om nytt punkt under 5.3.8:<br>*-Tilrettelegge for rekruttering til kultur- og næringsliv ved synliggjøring av studentarrangørenes kompetanse og verdi.* | Teke til orientering<br><br><br><br><br>Teke til orientering |
| Innsatsområde 5.7.26: Vegen inn i kunstlivet | Det leggast fram forslag om følgjande nye punkt:<br>*- Et samarbeid mellom kulturskoler, UKM og organisasjoner som AKKS og Brak for å utvikle og samarbeide om å følge opp talent innen både utøvende musikk og fremtidige arrangører.*<br>*-Legge til rette for flere møteplasser der amatører møter profesjonelle og der ungdom kan møte spennende rollemodeller* | <br>Teke til etterretning, jf kap 5.7, innsatsområde 26<br><br><br><br>-teke til etterretning jf. Kap. 5.7.28 |

| **Bymuseet i Bergen** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: dagleg leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Forslaget om endring til 3-årige løyvingar er interessant. Det er viktig å ha fleksibilitet ved å kunne søkje investeringstilskot og prosjekttilskot. Ordninga bør vere ei prøveperiode på tre år med evaluering.<br><br>Planen har særs lite konkret om økonomi og verkemiddel. Dette er ein svakheit. Ein ventar vekst i folkemengda i byar, og da bør fordeling av økonomiske ressursar mellom byar og distrikt revurderast. | <br>Teke til orientering<br><br><br><br>Teke til orientering |

| Innsatsområde | Endringar i busetnad og infrastruktur<br>1. Arkitektur: Urbanisering, stadutvikling, bygningar og landskap:<br><br>I ein del av desse tiltaka kan Bymuseet vere partnar ( særleg B,C,D). Frivillig sektor som til dømes Fortidsminneforeningen kan vere relevant part.<br><br>Formidling og deltaking<br>3. Demokrati og kulturkritikk:<br>Her bør musea vere ein sentral part/aktør.<br><br>5. Inkludering:<br>Musea har mykje å tilby under B.<br><br>Verdiskaping<br>7. Frivilligheit:<br>Musea samarbeider mykje med frivillige.<br>Eit publikumsutviklingsprosjekt med fokus på samordning av tenester og informasjon mellom til dømes kultur og idrett vil skape ein vinn-vinn situasjon for båe partar.<br><br>8. Kulturbasert næringsutvikling/kulturnæringar:<br>Det må vere sjølvsagt at musea vert involvert i arbeidet med strategisk plan for utvikling av kulturnæringar i Hordaland ( tiltak A) Ein viktig samarbeidspart kan vere VIRKE. Norsk Publikumsutvikling kan også spele ei rolle.<br><br>Samordning og samhandling<br>12. Internasjonalisering:<br>Økonomiske verkemiddel og støtteordningar til musea for å stimulere til internasjonalt arbeid.<br><br>Kulturminnevern og museum | <br><br><br>Teke til orientering<br><br><br><br><br><br>Teke til orientering<br><br><br>Teke til orientering<br><br><br><br>Teke til etteretning, jf kommentarar på øvrige høyringsfråsegner.<br><br><br><br><br><br>Teke til orientering.<br><br><br><br><br><br><br>Teke til orientering. Innspelet er i tråd med intensjonane i planen. |
|---|---|---|

| | | |
|---|---|---|
| | 16. Museumsløft:<br>Viktig å fortsette arbeidet med å styrke driftsgrunnlaget for musea. Bymuseet har store investeringsbehov, mellom anna stort behov for fornying av basisutstillingar, fornying og utvikling av infrastruktur, vedlikehald av bygningar og nybygg, og stor innsats på samlingsforvalting. Bymuseet saknar økonomisk handlingsrom til å tenke fornying. Prosjektbasert tilskot til næringsutvikling og eigeinntening kan vere interessante tiltak. | Teke til orientering. Innspelet er i tråd med intensjonane i planen. |
| | Tiltak A: forvaltingsmynde må vere aktive i diskusjonen om ansvarsfordeling i innsamlingspolitikk. Regional samlingsforvaltingsplan er eit skritt på vegen. Det er store etterslep på samlingsforvaltingsområde. Det er ønskjeleg at fylkeskommunen startar dialog om musea og innsamling frå eit samtidsperspektiv. | Teke til orientering. Innspelet er i tråd med intensjonane i planen. |
| | Tiltak B: Bymuseet støttar initiativet om fellesløysingar innan IKT. Med omsyn til magasin er det behov for fellesløysingar og nærmagasin på det einskilde museum. Ei god samlokalisering av fotosamlingane ved Bymuseet og Billedsamlingen ved UiB ville vere eit godt tiltak. Under pkt. 25 Fotobevaring vert Bymuseet i Bergen feilaktig omtalt som Bergen Bymuseum. | Teke til etterretning. Innspelet er i tråd med intensjonane i planen. Namnet vert retta opp i planen. |
| | Tiltak C: Styrking av Bevaringstenestene og musea Førebyggjande konservering og konservering av gjenstandar er ei oppgåve som i liten grad kan prioriterast. Bymuseet er særs positiv til at dette er eit eige innsatsområde, men det må relativt mykje ressursar til for at det skal monne på eit så omfattande fagområde | Teke til orientering. Innspelet er i tråd med intensjonane i planen. |
| | Tiltak D: Evaluering av museumsreforma i Hordaland: Ei slik evaluering bør kome i fyrste del av planperioden. Eigarskap til anlegg og samlingar er døme på relevante tilhøve å gå igjennom. | Teke til etterretning. Innspelet gjer at planframlegget prioriterer dette tiltaket. |

| | | |
|---|---|---|
| | Tiltak E: Utarbeiding av forvaltingsplanar for musea sine bygningssamlingar: Musea bør vere ein naturleg part saman med fylkeskommune/kommune, kultur- og idrettsavdelinga<br><br>16. Verdsarv:<br>Det må snarast etablerast eit verdsarvråd for Bryggen. Det er usikkerheit knytt til kva som ligg i omgrepet Verdsarvsenter. | Teke til orientering. Innspelet er i tråd med intensjonane i planen.<br><br><br><br>Teke til orientering. I tråd med planen er eit verdsarvsenter særleg definert gjennom omsynet til formidling. Forvalting er del av dei ordinære oppgåvene i kommunale, fylkeskommunale og statlege organ. |

| **Bømlo kommune** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Kommunestyret | | |
| Tema: | Samandrag: Rådmannen sitt framlegg til vedtak:<br><br>1. Bømlo kommune meiner planen bør ha større fokus på fagleg samarbeid heller enn geografisk konsolidering.<br>2. Ein bør sjå på kva regional funksjon lag og organisasjonar som får driftsstøtte hos fylkeskommunen har.<br>3. Kriterier for kva som er meint med regionalt kulturoppdrag bør gjerast tydlegare.<br>4. Ein bør få inn omgrepet livslang læring i planen. | <br><br>1) Teke til orientering. Planen legg til grunn same syn som Regional plan for museum 2011 - 2015<br>2) Teke til orientering. Denne intensjonen er i samsvar med intensjonane i planen<br>3) Teke til etterretning. Denne intensjonen er i samsvar med intensjonane i planen. Jf. Regional plan for attraktive sentra<br>4) Teke til til orientering |
| Generelt | Rådmannen vurderer PREMISS: KULTUR som ein omfattande plan. Gjennom å inkludere fem planar i ein, femner den bredt, noko som kan bli ei utfordring.<br><br>Visjon og målsettingar – Rådmannen merkar seg ambisiøse målsettingar med Hordaland som ein leiande europeisk kulturregion. Det er positivt at ein har gitt barn og unge ei spesiell merksemd innan alle målområda. | Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | **Kulturminnevern og museum**<br><br>Bømlo ligg geografisk nære Sunnhordland museum og slik konsolideringsprinsippet er gjort til no, vil det vera naturleg at t.d. lokale museum på Bømlo blir konsolidert med dei. På tross av dette kan det vera betre grunnar til å vurdera konsolidering på fagleg og ikkje geografisk grunnlag. Fagmiljø kan utfylla og heva kvarandre på tross av at dei geografisk ligg langt frå kvarandre. Meir fokus på konsolidering utifrå eit fagleg grunnlag, kan vera med å skapa spennande miljø som utviklar og hevar kvarandre. Det kan og føra med seg at miljø som i dag ikkje har vurdert konsolidering, vil kunne vurdere dette om grunnlaget er fagleg og ikkje geografisk. Rådmannen meiner døme på dette kan vera Wichmannsmia konsolidert mot andre maritime museum og fagmiljø i Hordaland, der nokon er gode på fartøyvern medan andre har kompetanse på utstyret om bord i fartøyet. | Fylkesrådmannens vurdering: Ei framtidig oppgåve for musea er å få til ei meir heilskapleg forvalting og formidling, slik at gjenstandssamlingar og historia om til dømes næringsutvikling i Hordaland ikkje vert for fragmentert. Litt av dette arbeidet er i gong no gjennom felles samlingsforvaltingsplan for musea. |
| | **Bibliotek**<br><br>Planen tek føre seg dei viktige punkta i bibliotekutviklinga. Bømlo folkebibliotek tykkjer planen er grundig og nyskapande, men har likevel nokre merknader: | Teke til orientering |
| | -Bokbussar er viktige supplement til den stasjonære biblioteka og bør nemnast i planen. Særskilt viktig i store kommunar der det er langt til nærmaste bibliotek. Viktig at fylkeskommune held fram med å drifte og utvikle bokbåten Epos | Teke til etterretning |
| | -Det er viktig å få med omgrepet **livslang læring i planen**. Biblioteka bør vera ein arena for livslang læring, der folk i alle aldrar kan få høve til å tileigna seg ny kunnskap og utvikle sineevner gjennom heile livet. Her har biblioteket ei viktig rolle, som bør spesifiserast meirkonkret i planen. | Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planforslaget |

| **Carte Blanche** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: styret | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kunst- og kulturformidling**<br>Til eventuell endring om **3- årige driftsperiodar** med påfølgjande evaluering: For Carte Blanche er det viktigast at det er ei samordning av driftssøknadene til våre tre eigarar; stat, fylke og kommune, slik at ein slepp tredobbelt arbeid med søknader og rapportering. Carte Blanche oppmodar til betre dialog mellom desse tre forvaltningsnivåa, der ein eventuelt også drøfter ein felles søknads- og rapporteringsportal for dei institusjonane som får sine faste tilskot frå desse partane. | Teke til etterretning<br>Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden |
| Innsatsområde **5.2 Arenautvikling - infrastruktur** | **Kunst- og kulturformidling**<br><br>I høyringsutkastet står det at det er trong for ein offensiv politikk når det gjeld regionale og nasjonale kulturhus, og ein nemner mellom anna behova til Carte Blanche og BIT Teatergarasjen i tillegg til m.a. Den Nationale Scene, Bergen Nasjonale Opera og Hordaland Teater. Samstundes er *ikkje bygg for det profesjonelle kunstfeltet lista som eige tiltak i handlingsplanen*. Carte Blanche ber Hordaland fylke om å vurdere om bygg for det profesjonelle kunstfeltet skal nemnast særskilt som eige tiltak i handlingsplanen sitt innsatsområde Arenautvikling – infrastruktur. Samstundes er det viktig at ein også tek omsyn til dansen sine behov ved bygging og opprusting av kulturhus. | Teke til etterretning, jf kap 5.1, innsatsområde 2 |
| Innsatsområde **5.4. Digital allmenning** | **Arkiv**<br><br>Carte Blanche har m.a. jobba saman med Bergen Byarkiv om å gjere sitt arkivmateriale tilgjengeleg i høve jubileum, og ser dette som ein viktig med omfattande oppgåve for | Teke til orientering. Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden |

| | | |
|---|---|---|
| | offentlege kulturinstitusjonar. Dei ser difor positivt på Hordaland fylke sine planar om å utvikle digitale arenaer og løysningar for kulturformidling, der ein også er merksam på, og vil utvikle kompetanse om rettar og publisering på nett. | |
| Kap. **5.2.5. Inkludering** | **Kunst- og kulturformidling**<br><br>Dans er eit universelt uttrykk som ikkje krev spesielle forkunnskapar eller felles verbalt språk. Kompaniet har dansarar frå mange land. Gjennom skuleframsyningane når kompaniet særleg eit publikum med ulik etnisk og kulturell bakgrunn.<br>Carte Blanche peiker på at i fylket sitt arbeid med inkludering er det viktig å ikkje gløyme det profesjonelle kunstlivet, både med omsyn til å leggje til rette for at kunstnarar med innvandrarbakgrunn har same høve til å utøve sitt kunstnararbeid, men også gjennom informasjonsarbeidet overfor publikum i ulike innvandrarmiljø. | Teke til etterretning, jf kap. 5.2, innsatsområde 5<br>Fylkesrådmannen ser dette som ei aktuelt oppfølging i planen. |
| Kap 5.3.8<br>**Kulturbasert næringsutvikling/kulturnæringar** | Peiker på dei offentlege, profesjonelle kunstinstitusjonane som truleg den viktigaste arbeidsplassen for kunstnarar og eit viktig ledd i verdikjeden. Carte Blanche peiker også på at Kultur Vest som ein medspelar i utviklinga av kulturnæringane i regionen, ber om at dei bør nemnast saman med dei andre nettverksorganisasjonane som partner. | Teke til etterretning jf innsatsområde 8 c. |
| Innsatsområde 5.4.11<br>**Kulturregion Vestlandet** | Også her bør dei profesjonelle institusjonane gjennom Kultur Vest vere ein av berebjelkane. | Teke til orientering. Ingen nevnt ingen glemt... |
| **Innsatsområde 5.12 Internasjonalisering** | Carte Blanche er blant Norges mest internasjonale kunstinstitusjonar, og kanskje den einaste offentleg eigde scenekunstinstitusjonen som har internasjonal verksemd som ein del av sitt oppdrag, gjennom at deler av det faste driftstilskotet er gitt for å gjennomføre gjestespel og turnear | Teke til etterretning<br>Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i |

| | | |
|---|---|---|
| | internasjonalt. Av andre scenekunstinstitusjonar med eit internasjonalt arbeidsfelt står BIT Teatergarasjen i ei særstilling. Sterke institusjonar med eit internasjonalt nedslagsfelt brøyter òg veg for mindre kunstnargrupper og enkeltkunstarar, og bidreg til nettverk, kunnskap og kompetanse som også kjem andre til gode.<br><br>Det kan vera tenleg for føremålet å utvikle samarbeidsregionar i Europa. Men det er like viktig at arbeidet med slike samarbeid ikkje er til hinder for å byggje opp under det internasjonale samarbeidet andre stader. Dei ulike aktørane i kunst- og kulturfeltet må stå fritt til å utvikle samarbeid der den enkelte aktør finn dei mest interessant samarbeidspartane, uavhengig av dei regionane fylket set i sentrum for eige arbeid. | planperioden |
| **Innsatsområde 5.14: Kompetanse** | Det er positivt at fylket ynskjer å stimulere og satse på arbeidet i ulike nettverksorganisasjonar. Også her bør samarbeidet i Kultur Vest nemnast, både fordi dette samarbeidet styrkjer utveksling av kunnskap mellom dei ulike kunstinstitusjonane, men også fordi dei profesjonelle kunstinstitusjonane er ein viktig "kompetansebank" for kunst- og kulturlivet elles. | Teke til etterretning, jf. kap. 5.4, innsatsområde 14A, nevnt og glemt...kap. 5.7, Innsatsområde 26, kap. 5.7, Innsatsområde 27 |
| Innsatsområde 5.26 **Vegen inn i kunst- og kulturlive**t | Det er viktig å leggje til rette for at kunstopplevinga i skulen er del av eit heilskapleg læringsmiljø.<br>Det burde i større grad vera lagt til rette for talentutvikling også andre stader i fylket, og fylkeskommunen vil kunna spele ei rolle gjennom å leggje til rette for overordna regionale program for talentutvikling innan kunstfaga. | Teke til etterretning, jf. kap. 5.7, Innsatsområde 7 |
| Innsatsområde **5.7.27. Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet** | Bergen er, og skal vera lokomotivet i kunstlivet i regionen. Kunstnarane, institusjonane og organisasjonane i Bergen har ringverknad for heile det profesjonelle kunstfeltet i fylket. Det er difor avgjerande at fylket i sin framtidige kunstpolitikk også styrker sin satsing på desse aktørane, både i forhold til | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |

| | | |
|---|---|---|
| | prosjekt- og driftsmiddel og infrastruktur. | |

| **Den Nationale Scene** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: teatersjef og direktør | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kunst- og kulturformidling**<br><br>Ei heilskapleg satsning og styrking av Vestlandet som kulturregion og Bergen som by nr. 2 i Norge er ei vesentleg forutsetning for heile verdiskapninga på Vestlandet. Fylkeskommunen har i dette arbeidet en nøkkelposisjon i samråd med kommunane og dei statlege institusjonae. DNS trur at ein markant kunstpolitikk i fylkeskommunen vil ha mange positive effekter. Tett og nær dialog er viktig for en heilskapleg synleggjering og visjonar for utvikling.<br><br>Vidareutvikling av kollektivtransport er viktig for at fleire skal ha god tilgang på scenkunsttilbodet i Bergen.<br><br>DNS tek til etterretning det auka fokuset på at kulturen i større grad skal skaffe private midler. DNS vil påpeike at det er store utfordringar knytt til dette. Generelt understrekast det at det er viktig at kulturen forankrast i innhald og på kulturen sine eigne premiss.<br><br>UTDANNINGSINSTITUSJONANE OG ARKIV; DNS ser alvorlig på at Universitetet i Oslo ikkje lengre tek opp studentar til teatervitenskapleg utdanning. Dette styrker dog UiB sitt ansvar og høve for å vere ein viktig leverandør av kritikarar og forsking på teater/-kulturfronten. DNS er svært opptatt av gode samarbeid med UiB og drama/teatermiljøet ved Høgskolen i Bergen. Vidare er Skrivekunstakademiet ein stor ressurs for regionen. | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |

| | | |
|---|---|---|
| | ARENA; DNs har stor bruk for eksterne lokaler inntil endeleg opprusting/utbygging er klarlagt og utført. | Teke til orientering. |
| Innsatsområde 5.7.26. Vegen inn i kunstlivet | SATSING PÅ BARN OG UNGE<br>Kulturskule er ein viktig bærebjelke i kulturlivet, og viktig for involvering og deltaking i øvrig kulturliv og ein grobotn for det framtidige profesjonelle miljøet. DNS samarbeider med Kulturskolen, Fyllingsdalen Teater og Vestlandske Teatersenter. DNS ser svært positivt på fylkeskommunen sine visjoner om å styrke Den Kulturelle Skolesekken. Ei aktiv satsing på denne bidreg til utvikling av den estetiske- og kunstneriske kompetansen til barna samt utviklande sysselsetting for lokale kunstnarar. Like viktig er kompetente lærarar og innhald. DNS er oppteke av at alle får god tilgang på kunst og kultur, samt at dei både får møte dei etablerte utrykka og institusjonane, samt besøk i eigne klasserom. | Teke til orientering<br>Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden på bakgrunn av dei premissane planen set. |
| 5.7.27 **Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet** | FRIE SCENEKUNSTNERE I REGIONEN; For DNS er den fylkeskommunale og kommunale styrkinga av eit fritt scenekunstmiljø i Bergen viktig Dei ser det som synd at ikkje visjonar for Cornerteatret er større vektlagt i *planen* då dei oppfyller fleire av dei gode visjonane som er omtala, både for det frie profesjonelle feltet og barn, unge og amatørteater.<br>FILMMILJØET; Ei auka satsing på filmmiljøet i Hordaland vil vere strategisk viktig og vil bidra til å nå mange av måla som er sett opp.<br>HORDALAND TEATER; det er viktig at det ved sida av at det er eit nasjonalt teater i regionen også er eit regionteater. Teatret ivaretek, ikkje minst på bakgrunn av sitt språkmandat, ein viktig posisjon i regionen med si turnerande verksemd og fokus på barneteater.<br>STØTTEORDNINGER SOM KAN BIDRA TIL AT KUNST SKAPT I REGIONEN KAN NÅ BREDERE UT; Om fylkeskommunen hadde | Teke til orientering<br>Dette er i samsvar med intensjonane i planen<br><br>Teke til orientering<br>Dette er i samsvar med intensjonane i planen<br>Teke til orientering<br>Dette er i samsvar med intensjonane i planen |

| | | |
|---|---|---|
| | tydeleare fokusert på ei ordning som sikra at kunst skapt i regionen, innan alle kunstutrykk, kunne sendast på turne til hovedstaden og andre stader i landet, ville dette bidrege til å tydeleggjere fokuset Hordaland har på kunst, samt styrka legitimiteten til kva tiltak og høve som finnast i regionen for å skape kunst.<br><br>**Arkiv**<br><br>Teaterarkivet ved DNS/ UiB er viktig for regionens satsning på arkiv og museum. | Teke til etterretning<br>Fylkesrådmannen vil ta med seg dette innspelet vidare i gjennomgåinga og utarbeidinga av stønadsordningar jf. tiltak 13.C i handlingsplanen.<br><br>Teke til orientering |

| **Det Akademiske Kvarter** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: (styre, dagleg leiar, kommunestyre, adminstrativt, formannskap etc.) | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Det Akademiske Kvarter meiner at studentkultur bør sjåas som eit eige kultursegment mellom profesjonell- og amatørkultur, med sterk tilknyting til begge.<br><br>Det vert påpeikar at studentkulturen er viktig for kulturlivet i Hordaland og bidreg til ei positiv utvikling, men at dette ikkje synas i det tilskotet Hordaland fylkeskommune gjer. Det Akademiske Kvarter meiner at ein bør inkludere studentkulturen i kulturplanen | Teke til orientering, planen opererer ikkje med studentkulturen som eige omgrep.<br><br>Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen, jf. kap. 5.2, innsatsområde 3 |

| **Fargespill** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: (styre, dagleg leiar, kommunestyre, adminstrativt, formannskap etc.) | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |

| | | |
|---|---|---|
| | **Kunst- og kulturformidling**<br>Som samfunn har vi ein ide om å utvikle innvandrarar til å bli konsumentar og deltakarar i eit allereie etablert kulturliv, i staden for å sjå kva innvandring representerer i forhold til å utvikle det eksisterande til noe nytt, rikare og betre.<br><br>I Fargespill er det musikken og kunsten som er i fokus, og det har aldri vore meint som eit «hjelpeprosjekt », men sidan 2004 har Fargespill vist seg å få også store positive sosiale konsekvensar på grunn av den ressursfokuserte måten dei jobbar på. Konseptet er lisensiert til 11 kommuner i Norge og 4 i Sverige, som drivast som sjølvstendige kompani, med tett oppfølging frå stiftelsen i Bergen. Fargespille har sidan 2012 jobba med implementering av metoden i skolen , og i 2015 starter dei opp eit vidareutdanningsstudie basert på Fargespill-metoden i samarbeid med Høgskolen i Bergen, og jobber med å utvikle et skybasert læringsverktøy.<br>**Forslag til tiltak:**<br>*Holdninger og språk som signaliserer respekt og likeverd, og gir innsikt i mulighetene som ligger i at vi er forskjellige må etableres allerede i grunnskolen. Fargespill foreslår at Hordaland fylkeskommune samarbeider med kommune og stat, og satser på ressursfokuserte metoder og pedagogikk gjennom kunstnerisk og kulturell virksomhet, inn i grunnskolen, videregående skole, samt i lærerutdanningen. Fargespill er allerede i gang med denne prosessen gjennom samarbeid med Byrådsavdeling for barnehage og skole i Bergen Kommune og Høgskolen i Bergen, og vi bidrar gjerne med våre erfaringer.* | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| | *Videre ser vi for oss at utvalget nevnt under forrige punkt vil kunne være en god arena for å finne andre tiltak hvor innvandrergrupper ommkan danne en bedre forståelse av de sosiale kodene som kreves for innpass i det eksisterende kulturliv, og på denne måten bidra til anerkjennelse og synliggjøring av de forskjellige gruppenes kulturelle kapital.* | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |

| | | |
|---|---|---|
| | *Vi mener videre at prosjekter som Fargespill er avgjørende; Prosjekter der mange kulturelle miljø møter hverandre (også det norske). Prosjekt der man under gode rammer synliggjør de kulturelle resursene mennesker har med seg fra en hel verden og hva kulturmøter kan forløse - samtidig som det er en arena der aktørene kan fortsette å utvikle både seg selv og sitt kulturelle uttrykk, i trygge rammer preget av tillit og forventninger. Vi tror at denne type prosjekter som er kunstnerisk motiverte og ressursfokuserte gir pedagogiske og sosiale resultater som både fremmer samhandling over kulturelle grenser, og synliggjør kunstlivet samfunnsmessige betydning også som sosial og pedagogisk kraft.* | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| Innsatsområde | **2.1. Pkt 5. Inkludering»**<br>Dei berømmer målet Hordaland fylkeskommune har sett seg om *at «Kulturlivet i Hordaland skal vere prega av mangfald, likeverd og likestilling».* Dei stiller seg bak fleire av betraktingane, men fleire av desse manglar mål for korleis ein skal klare å løyse problemet.<br>Fargespill meiner at målgruppa sjølv må få ei større rolle i tiltaksplanane. De ulike innvandrarmiljøa innhar ein stor kulturell kompetanse som det eksisterande kulturlivet treng for å kunne spegle det samfunnet vi lever i. Årsaka til at vi sjeldan klarer å kople de to er fordi vi har ulike koder og måter å delta i og jobbe med kultur. Deltaking eller mangel på sådan, handlar i stor grad om gjensidig forståing, og skal ein oppnå det må ein også vite kva det er som gjer at visse grupper faller utanfor i utgangspunktet. Dette er eit vesentleg aspekt å ta med i utarbeiding av strategiar. | Teke til orientering<br><br>Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| **2.1.1. Forslag til tiltak under *Pkt 5.*** | Fargespill berømmer ønskjet om å *«A. Styrke mangfaldet i aktivitet og deltaking for grupper som treng særskild merksamd»,* | |

| | | |
|---|---|---|
| ***Inkludering* i Handlingsprogrammet** | i handlingsprogrammet, men ser ikkje hensikta med å utvikle ein strategi kor verken målgruppar eller kulturinstitusjonane er deltakande.<br><br>Strategiar basert på overordna, politiske krav kan skape frustrasjon, likegyldighet og/eller motstand, og virke mot si hensikt. Målgruppane sjølv må involverast i planarbeidet, og der er stor ulikskap innad i innvandrarbefolkninga. Ein slik overordna strategi vil difor ha vanskar med å fungere for alle miljø. *Fargespill forslår at Hordaland fylkeskommune inkluderer representanter fra lokale kulturelle miljø, samt aktører fra kulturlivet (herunder; institusjoner, produsenter osv med kompetanse på interkulturelt samarbeid) i arbeidsgruppen sammen med Hordaland fylkeskommune og Det felles innvandrerråd i Hordaland - for sammen å utvikle en detaljert strategi for videre arbeid.* | Teke til etterretning, jf. kap.5.2, innsatsområde 5 |

| **Fitjar kommune / Samarbeidsrådet** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Formannskap | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Planen verkar svært godt gjennomarbeida og femner vidt om kulturfeltet. Planen skal gjelde for heile Hordaland som har 33 kommunar. Bergen har fått mykje fokus og det ville fjerne vore naturleg at ein vektlegg resten av fylket i større grad.<br><br>**Kulturminnevern og museum**<br><br>Denne kunne vore ynskjeleg at ein legg endå tyngre vekt på å kommunisere til kommunane I kor stor grad dei sjølv skal råde over lokale kulturminne. Meir direkte kommunikasjon og kontinuerleg | Teke til orientering<br><br>Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |

| | | |
|---|---|---|
| | rettleiing er noko som bør vektleggast I planen.<br><br>**Kunst- og kulturformidling**<br><br>Med utgangspunkt i at det er slått fast at barn og unge skal ha ei spesiell merksemd i planen meiner kommunen at dei kommunale kulturskulane burde fått større merksemd. Kommunen ser det som naturleg at kulturskulane også hadde vore nemnd i følgjande kapittel og setningar:<br>4.7. avsnitt 6: Hordaland har eit rikt utval kulturtilbod *og kulturskular.*<br>4.9. siste avsn. s. 30: gjennom samhandling mellom høgskule, universitet, *kulturskule*...<br><br>*Kulturutredingen 2014* bør kome inn som eit av dei statlege dokumenta som gir føringar for fylke og kommune i kap. 2.2.<br><br>**5.7.26. Vegen inn i kunst- og kulturlivet - Handl.plan tiltak A**<br><br>**Bibliotek**<br><br>Forventinga går i retning av at fylkesbiblioteket vil arbeide for å setje dei enkelte biblioteka i stand til å fylle den nye oppgåva.<br><br>Den regionale kulturplanen peikar på at det er viktig for barn og unge å ha eit godt bibliotektilbod, og at eit samarbeid mellom skulebibliotek og folkebibliotek er naudsynt. Ei oppgåve må då vere å spreie kunnskap på korleis eit slikt samarbeid kan sjå ut. Dette er lite konkretisert i planen.<br><br>Det er svært viktig at fylket er pådrivar for regionalt biblioteksamarbeid, noko som styrkar særskilt små bibliotek. | Teke til etterretning, jf. omtalte kapittel og innsatsoråde<br><br>Her må Norsk kulturskuleråd skrivast inn som partnar i Samspel-samarbeidet.<br><br>Innspelet vil bli vurdert i planperioden i samband med rullering av handplingsprogrammet<br><br>Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | Fylket er også oppdatert og langt framme når det gjeld fagleg utvikling innan bibliotekfaget. Dei kommunale biblioteka har svært ulik ramme når det gjeld økonomi og personalressursar. Difor er det positivt at fylket vil støtte modellbibliotek, og slik hjelpe folkebibliotek til å stå fram som moderne og attraktive. | |

| **Fjell kommune** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: ved kultursjefen i Fjell | | |
| Tema: | | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Frivillige**.<br>Ein må i større grad få fram at det er verdfullt å vera / ha vore med på frivillig arbeid.<br><br>Haldninger til frivillig innsats bør endrast. Haldningskampanje? Andre tiltak? Ein viss grad av økonomi må til for å generera frivilligheit.<br><br>**Fjell ut i verda**<br>Stort unytta potensiale for marknadsføring ovanfor turistar. Skjergarden og kysten er attraktiv, men i liten grad tilrettelagt for turisme.<br><br>**Korleis skal kulturfeltet sjå ut i 2025?**<br>Det bør setjast i gong eit eige arbeid på dette.<br>På kulturområdet er det essensielt med eit administrasjonsnivå som kan tilby spisskompetanse på ulike område, som ikkje er mogleg å ha i kvar kommune. Vil vera uheldig med kun kommunenivå, sjølv om kommunane skulle bli større.<br><br>Nye urbane sentra kjem mange stader i Hordaland. Det er viktig at | Teke til etterretning, jf. kap. 5.3, innsatsområde 7<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br>Planen tydeleggjer det regionale kulturoppdraget. |

| | | |
|---|---|---|
| | desse også blir sentra for kulturuttrykk i regionane. Men det er samstundes viktig å ta vare på og vidareutvikla den tradisjonelle kulturen. | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| | **Kulturminnevern og museum** | |
| | Det er viktig at musea tek eit regionalt, ikkje berre lokalt ansvar, innanfor ulik periodar/tema. Kommunane må i større grad kunna nytta musa som rådgjevarar, men også i høve til å ta vare på gjenstandar/hus, bør musea ha eit regionalt ansvar. | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| | Formidling av kulturminne og kulturlandskap har stort potensiale om ein knyter dette sterkare til friluftsliv og merka turløypar. Nye teknologiske løysingar opnar nye moglegheiter, t.d. NFC på nye smarttelefonar. Dette kan også gjera kulturminna lettare tilgjengeleg for funksjonshemma (universell utforming). | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| | Kulturminne og næring. Her treng både offentlege og private aktørar meir rettleiing. Korleis etablera gode løysingar? | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| | Rådgjeving til og økonomiske støtteordningar til private eigarar av kulturminne. | Teke til orientering |
| | Det er positivt med fylket si noverande satsing på kulturminneplanar i kommunane. Satsingsperioden er sett fram til 2016, men det er viktig å øyremerke midlar til vidare satsing etter at kulturminneplanane er ferdigstilte, m.a. i forhold til tilskotsordningar som kan støtte opp under handlingsdelane i kulturminneplanane. | Teke til orientering |
| | Registrering av kulturminne kan knytast opp mot friluftslivsatsing, t.d. for born og ungdom. | |
| | **Kunst- og kulturformidling** | |

| | | |
|---|---|---|
| | Kommunane bør i større grad tilrettelegga lokale, t.d. i bevaringsverdige bygg. (Må sjåast i samanheng med tilskotsordningar for vedlikehald og bevaring av bygg.) | Teke til orientering. Fylkesrådmannen ser dette som ei naturleg oppfølging i planperioden |
| | **5.3.7 Frivilligheit / 5.7.28 Amatørkultur** | |
| | Ein må i større grad få fram i planen at det er verdfullt å vera / ha vore med på frivillig arbeid. Ein attest som gjeld frivillig arbeid er m.a. eit godt skussmål i vidare karriere. Haldningar til frivillig innsats bør endrast. Haldningskampanje eller andre tiltak bør inn i handlingsplanen. Ein viss grad av økonomi må til for å generera frivilligheit. | Teke til etterretning jf. Kap 5.3.7 |
| | **5.7.26. Vegen inn i kunst- og kulturlivet** | |
| | Kommunen sluttar seg til at kulturskulane må ha ei framleis viktig rolle. | Teke til etterretning jf. Kap 5.3.7 |
| | **5.7.27. Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet@** | |
| | -Litteraturproduksjon og – formidling kan knytast opp mot biblioteka som formidlingsarena. | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen. |
| | - Det profesjonelle kunstfeltet kan knytast opp mot kultur og næring. | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen. |
| | -Det bør jobbast for å påverka private aktørar, t.d. utbyggarar til å bruka profesjonell kunst i utsmykking/kunstformidling. | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| | **Bibliotek** | |
| | Meiner fylkesleddet også bør gå inn i eit samarbeid med | |

| | | |
|---|---|---|
| | kommunane om å leggja til rette for vidareføring av regionale stillingar.<br>Styrking av det regionale samarbeidet og partnarskapet med fylkeskommunen er eit særskilt viktig punkt. Fylkeskommunen bør kunne ta på seg ei coachande rolle for å hjelpa til med å byggja robuste, gode samarbeidseiningar i regionane.<br>Tildeling av midlar til små utviklingsprosjekt i kommunane er ein motivasjon for å driva bibliotekutvikling også i mindre omfang.<br>Biblioteka i Hordaland bør utvikla ein modell for kompetansedeling på nett.<br>Kompetanse innanfor planlegging og innreiing av biblioteklokale er eit satsingsområde som bør prioriterast<br><br>**Arkiv**<br><br>Ansvar for lokale, private arkiv bør i større grad formaliserast. | Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planforslaget<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering. |
| Generelt | **Idrett og friluftsliv**<br>Saknar klårare signal knytt til arbeid med folkehelse. | Leiargruppa må ta stilling til dette |
| | Turvegar og anna friluftsliv har svært stor folkehelseverdi, også økonomisk. | Teke til orientering |
| | Friluftsliv er også eit sosialt utjamnande folkehelsetiltak. Tilrettelegging for fysisk aktivitet i nærmiljøet er viktig. Turstisatsinga til fylket dei seinare åra har mogleggjort realiseringa av gode prosjekt på kort tid, og dette viser kva ein kan få til med målretta strategiar. | Teke til orientering |
| | I høyringsforslaget blir det presisert at ballbingar skal prioriterast i perioden. Det er viktig, ikkje minst med tanke på alle ballbingane som etterkvart treng oppgradering/rehabilitering. Men vel så viktig er presiseringa om at det bør vurderast å utvikle andre nærmiljøanlegg som når andre målgrupper, t.d. skatepark, hinderløype o.a. Eit fokus på større mangfald innanfor | Teke til etterretning. Endring i tekst kap 5.9, innsatsområde 39 avsnitt 6. |

| | | |
|---|---|---|
| | anleggsutviklinga på dette feltet ser vi på som særs positivt. | |
| | Når det gjeld symjeanlegg så er det svært mange kommunar som har liten kapasitet. Det er ei utfordring å få timane til å strekke til, slik at både symjeklubbane sine konkurransesymjarar, lag og foreiningar samt dei uorganiserte skal få eit godt symjetilbod i sitt nærmiljø. Terskelen kan bli for høg mange. Det er positivt at ein i høyringsforslaget satsar på rehabilitering og nybygging av symjeanlegg. | Teke til etterretning. Endring i tekst, kap 5.9, innsatsområde 39, avsnitt 8 |
| Innsatsområde | | |
| | Meir midlar inn til tilrettelegging av friluftsliv i strandsona Tilskotsordningar for etablering av friluftsparkering, både til tur, bruk av skjergard etc. | Til orientering |
| | Kombinere med formidling av kulturminne. | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| | Frivillighet | Teke til etterretning. Nytt mål i kap 1.4 |

| **Folkeakademiet Hordaland** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: dagleg leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | | |
| 5.3.7. Frivilligheit/ 5.7.28. Amatørkultur | **Kunst- og kulturformidling** Organisasjonen er negativ til forslaget i planen og planprogrammet om å opprette amatørkulturråd i regionane. Eit nytt fellesorgan kan trekkja folk ut frå aktivitet i organisasjonane. Folkeakademiet Hordaland meiner at i staden for å oppretta eit nytt organ i kommunane, kan ein byggja på, og ivareta, det nettverket av paraplyorganisasjonar som eksisterer og har aktivitet. Kulturkontora eller frivilligsentralen kan ha ansvaret for at partane møtest og drøftar felles utfordringar/behov. I Bergen er det naturleg at Bergen Amatørkulturråd er med i dette samarbeidet. Folkeakademiet Hordaland ønskjer og delta i utvikling av slike råd og tilbyr seg å vere det koordinerande leddet. | Teke til orientering. Fører ikkje til endringar i planen. |

| Tilråding: |
|---|

| Friluftsrådet Vest | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: dagleg leiar, | | |
| Tema: | Friluftsliv | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Idrett og friluftsliv**<br><br>Friluftsrådet Vest viser til innspel knytt til planprogrammet, og meiner at innspela ikkje er teke omsyn til. Dei meiner vidare at friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet ikkje har fått den plassen dei fortener i utkastet til planen – at områda ikkje vert tekne tilstrekkeleg på alvor. Handlingsprogrammet er for lite konkret. Det er enklare å forholde seg til konkrete tiltak. Å bruke dømer er nytta, men ikkje gjennomført som struktur i handlingsprogrammet.Friluftsrådet Vest meiner at forfattarane av planen allereie her viser at fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv ikkje er noko prioritert område i denne planen.<br><br>FV nemner fleire eksempel på voksande parallellar til gamle idrettsøvingar, t.d. knytt til padling og sykling.<br>FV meiner at fråveret av koplingar og omtale av temaområde fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i den innleiande delen av planen viser at her er det heilt andre tema som vil vere i fokus i planen - noko FV meiner vil gå utover dette saksfeltet<br>FV ønskjer fokus på den stadig aukande gruppa godt vaksne menneske som vil ha svært mykje igjen for å vere mest mogleg aktiv både mot slutten av yrkesaktiv alder og langt ut i pensjonistlivet. | Teke til orientering.<br><br>Teke til etterretning. Endring i tekst kap 4.9, andre avsnitt<br><br>Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| Innsatsområde | **Idrett og friluftsliv** | |
| kap 1.2 Kulturomgrepet; | ønskjer ein eigen plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv | Til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| kap 1.3 Planen sitt føremål; | Saknar omtale av friluftsliv | Teke til etterretning. Det vert lagt inn klår definisjon av kulturomgrepet i planframlegget og gjort konsekvent bruk av omgrepet i planen og handlingsprogrammet. Under kap 1.4. vert det lagt til nytt mål knytt til landskap. |
| kap 1.4 Kulturpolitiske mål; | Vanskeleg å finne kopling til fysisk aktivitet i visjonen og dei uttalte ambisjonane. Og manglar kopling mot dei seks hovudmåla for planen.<br>*I planen sin VISJON og uttalte "ambisjoner" er det og vanskelig å finne noko kopling til fysisk aktivitet: Jm.. Anna Elisa Tryti sitt foredrag på dialogkonferansen 2014 i Rosendal.* | Til orientering |
| Kap 3.1 Pengebruk til kultur i kommunane; | Bed om at det vert teke omsyn til friluftslivsinteressen ved tildeling av tilskot til anlegg og aktivitetar knytt til friluftsliv | Til orientering |
| Kap 3.4 Spørjeundersøkingar; | Understrekar at friluftsliv kom øvst på lista over tilbod som folk var mest interessert i, og turstiar på fjerdeplass på lista over kva ein sakna. Friluftsrådet Vest sakna svaralternativ «turmål og turvegar» på spørsmål knytt til sosiale møteplassar og kulturtilbod. | Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget. Innspelet vil bli vurdert i planperioden i samband med evt nye spørjeundersøkingar. |
| Kap 4.9 Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv; | Peikar på eldre som ei gruppe som ikkje er så opptekne av idrettsanlegg, men ønskjer tilrettelagte og merka turstiar/vegar | Til etterretning |
| Kap 5.9 Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv;<br>36. | Det bør oppmodast til å integrere fysisk aktivitet knytt til skulefag<br>*Det bør oppmodast til å integrere meir fysisk aktivitet, særleg utandørs, i høve skulearbeidet. FV anbefaler at det kjem med eit tiltak under punkt 5.9 som går på å få meir aktiv skulekvardag og gjennomføring av fysiske aktiviteter lagt inn i skulekvardagen.* | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen. Jf kap 5.9, innsatsområde 36A. |
| 38. | Målsetjingane må samsvare med handlingsplanen | Teke til etterretning |
| 39. | Oppmodar til samordning av anlegg både for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. | Teke til etterretning. Endring i tekst kap 5.9, innsatsområde 39 første avsnitt. |
| Kommentarar til handlingsprogrammet; | | |
| 5.1 | Punkt om Friluftslivets år bør leggast under punkt 5.9, 38. | Teke til etterretning |

| | | |
|---|---|---|
| 5.2 Punkt D | Friluftsrådet Vest ønskjer å bli oppført som partnar her | Teke til etterretning |
| 5.4 | ønskjer å ta med friluftslivet under punkt B og C. | Teke til etterretning NB! |
| 5.9 | Viser til eige prosjekt Læring i Friluft. Ønskjer å legge til punkt om meir aktiv skulekvardag og gjennomføring av fysisk aktivitet i skuletida. | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| 38: Tiltak C | Ønskjer meir offensiv målsetjing om å tilretteleggje minst tre friluftsområder i kvar kommune. | Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget. Innspelet vil bli vurdert i planperioden i samband med rullering av handlingsprogrammet. |
| 39 | Bør arbeidast med å legge turvegar innom sentrale anlegg for idrett og friluftsliv. Dette har også ein sosial funksjon. | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| Tilråding: | | |

| **Fusa kommune** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: formannskap | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Planen<br>problematiserer i liten grad kva evne kommunane har til å følgja opp det store og samansette kulturfeltet, der ein ser at det i dag er klare A- og B-lag i kulturpolitikken. Ei kommunereform kan koma til å endra dette bilete i løpet av planperioden.<br><br>Transport heilt avgjerande for å kunne ta del i kulturtilbod særleg for barn, unge og eldre, manglande kollektivtilbod det største problemet for deltaking og "aktive val", dette gjeld særleg barn og unge og eldre. For å nå målet om å "skape trygge, attraktive og stimulerande nærmiljø" treng vi også eit "kollektivløft" og vi | Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | etterlyser eit tiltak for dette under Innsatsområde 2. Arenautvikling – infrastruktur.<br><br>Fylkeskommunen har med denne planen gjort eit radikalt og klokt grep i arbeidet sitt med planar på kulturområdet. Det må då vera rett at fylkeskommunen, som ei oppfølging av planen, kjem med eit avklarande råd til kommunane for korleis ein best skal følgja opp med planar på kommunenivået. I den regionale kulturplanen er det forventningar om eigne kommunale delplanar både for kulturminnevern og for idrett, friluftsliv og fysiske aktivitet.<br><br>**Kulturminnevern og museum**<br><br>Skal ein styrka musea og vidareutvikla gjeldande satsingar innan museumsløftet må ein få til ei betre samhandling med kommunane. Fusa har Hordamuseet/ Bymuseet som ansvarsmuseum. Her er det ingen etablerte nettverk i form av faste møtepunkt eller formelle samarbeidsorgan.<br><br>I planen er det sagt at i realiseringa av museumsløftet er det "ein føresetnad at dei andre kommunane i Hordaland løyver midlar til museum i sin region" (s. 42). Fusa kommune var i si tid med på å finansiera oppbygginga av Hordamuseet. Skal det vera interessant å vurdera tilskot til drift av museet må ein først få ordninga med ansvarsmuseum for Midthordland til å fungera med ein betre dialog med kommunane. For Fusa sin del vil spørsmålet om økonomiske bidrag også vera ei vanskeleg økonomisk prioritering. Tronge kulturbudsjett gjer at ein i utgangspunktet prioriterer tiltak som stimulerer til aktivitet lokalt i Fusa.<br><br>Ein saknar ei tydelegare synleggjering og prioritering av handverk innanfor område 5.5. Kulturminnevern og museum. Det gjeld både vidareføring av tradisjonshandverk og det ein kan kalla folkekunst. | Teke til etteretning, jf. kap. 5.1, avsnitt 9i Kulturplanen<br><br>Teke til etteretning. Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden (sjå samhandling – samordning – 5.4 innsatområde 9: Evnt. tiltak:Kompetanse- , medodeutvikling for kulturell kulturplan) RS<br><br>Teke til orientering – dette er sentrale punkt i planen |

| | | |
|---|---|---|
| | Å blanda t.d. bøkkarhandverk og båtbygging under tema tradisjonsuttrykk saman med hardingfelespel kan ikkje vera føremålstenleg.<br><br>Fusa kommune finn det også underleg at ei fylkeskommunal storsatsing som Economuseum ikkje er nemnd i planen, korkje i punkt 8 Kulturbasert næringsutvikling/ Kulturnæringar eller 22 Kulturuttrykk. Economuseum er ein god måte til å sikra både vidareføring av handverkskunnskap og å stimulera til ny verdiskaping i tradisjonsbaserte næringar, og bør stå sentralt i ei fylkeskommunal satsing på dette området.<br><br>**Kunst- og kulturformidling**<br><br>**Den kulturelle spaserstokken;** Det blir sagt i planen at det er eit mål at "ein større del av befolkninga tek del i kulturlivet", om kommunen saknar ei grundigare analyse på dette punktet. Dei peiker på at Den kulturelle spaserstokken ikkje er nemnd i planen sjølv om dette er eit innsatsområde som fylkeskommunen nyss har overteke forvaltninga av. De ønskjer at det burde vera eit eige tiltak for Spaserstokken under *Innsatsområde 5 Inkludering* med kulturtilbod til eldre, både heimebuande og på institusjon, som eige fokusområde. | Fylkesmannen ser det som ei oppgåve både for kommunar og museum å sørge for at dialogen mellom dei vert meir formalisert. Fylkeskommunen kan ha ei oppgåve som koordinator/observatør i slike møte.<br><br>Omtale av Economuseum er tatt med i hovudteksten.<br><br>Teke til orientering. Føremålet er dekt inn i føreslegne tiltak |
| Generelt | **Idrett og friluftsliv**<br>I den regionale kulturplanen er det forventningar om eigne kommunale delplanar både for kulturminnevern og for idrett, friluftsliv og fysiske aktivitet. Denne typen planar og politiske prosessar er svært ressurs- og arbeidskrevjande. Kanskje er det vegen å gå også for kommunane å samla fleire tema i same planen, men då må det koma avklarande retningsliner frå regionalt og | Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | statleg nivå. Først då kan kommunane gjera sine prioriteringar ved rullering av lokale planstrategiar. | |
| 5.9.39 | Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Satsing knytt til idrettshallar og lokalisering av desse. Fusa ønskjer at vi skal hjelpe dei mindre kommunane til å få bygd idrettshall | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| | Transport er avgjerande for å kunne ta del i kulturtilboda. Manglande kollektivtilbod er avgrensande for deltaking i grisgrendte strok. | Leiargruppa må ta stilling til dette |

| **GJEVE – Gjenreis Ekserserhuset venneforeningen** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Styret | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Fleire av dokumenta som vert vektlagt i kulturplanutkastet støttar opp under GJEVE sitt føremål. Som GJEVE legg Kulturplanen vekt på røtene til kulturarven i Hordaland. Knapt noko byggverk i Bergen representerer denne betre enn Ekserserhuset. I planperioden, i 2021, er det 200-års jubileum for Ekserserhuset. Venneforeningen ser fram til gjenreising på Baneveien innan den tid. | Engasjementet til venneforeningen er viktig.<br>Kulturplanen går i liten grad inn på enkeltsaker. Ein legg heller ikkje opp til at høyringsrunden vil endre på dette.<br><br>Innspelet er notert, men førar ikkje til endring i planen. |

| **Hardanger og Voss museum** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Styreleiar og direktør | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kulturminnevern og museum**<br><br>Hardanger og Voss er nøgd med og støttar dei overordna måla for den fylkeskommunale kulturpolitikken.<br><br>Kap. 2.5 Verkemiddel og støtteordningar: Museet ser vinsten av ein lengre planleggingshorisont og støttar slik framlegget. Det er viktig at dei ulike forvaltingsnivåa tilpassar rutinane til kvarandre. | Teke til orientering<br><br>Teke til orientering. Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden på bakgrunn av dei premissane planen set. |

| | | |
|---|---|---|
| | Fylkeskommunen bør harmonisera rapporteringsrutina til staten/kulturdepartementet. Tildelingskriteria om tydeleg regionale omsyn bør kunne handterast som eit teknisk tillegg til ei slik harmonisering. Ei gjennomføring av evaluering før kvar søknadsrunde bør gjerast med enkle vurderingar av målbare tildelingskriterier. | |
| | Kap. 5.5 Kulturminnevern og museum: Det er positivt at planen ynskjer å styrke musea og at planen opnar for meir satsing på vedlikehald av museumsbygg. | Teke til orientering |
| | Dokumentasjonskapittelet er for vagt og vidt. | Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget. Innspelet vil bli vurdert i planperioden i samband med rullering av handlingsprogrammet. |
| | Kap 5.7 Kunstproduksjon og kulturformidling: Det som står om kåra for kunstnarar kan godt overførast til dei etablerte institusjonane. | |
| | Museet støttar oppretting av bygningsvernsenter | Teke til orientering, Innspelet er i tråd med intensjonane i planen og vert peika på i fleire høyringssvar. |

| **Hardangerbiblioteka** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: administrativt | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Bibliotek**<br><br>Vurderer plane som ambisiøs og det ligg mykje godt arbeid bak Fleire av målformuleringane burde spissast meir. Ønskjer tydelege prioriteringar. Fylkesbiblioteket betyr særs mykje for biblioteka i Hordaland gjennom fagleg støtte, utviklingsarbeid og kompetansehevande tiltak | |
| Innsatsområde | *Innsatsområde 29: Tilgang til moderne og attraktive bibliotek.* Vil verte svært utfordrande økonomisk å få til attraktive og moderne bibliotek i alle lokalsenter og nærsenter. | Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | *Innsatsområde 32: Digitale ressursar.* Å sikre alle lik tilgang til utstyr og hjelp er heilt umogleg pga. økonomiske tronge tider i kommunane. Fylkeskommunen kan sikra alle lik tilgang til digitale ressursar ved å kjøpe inn felles programvare og lisensar<br>*Innsatsområde 34: Forpliktande biblioteksamarbeid.* Ønskje om å poengtera kor viktig dette punktet er, ikkje minst for biblioteka i små kommunar. | Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planforslaget<br><br><br>Teke til orientering |

| **Hardangerrådet iks** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Dagleg leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Hardangerregionen**<br>Hardanger Kulturråd forventar at det vert invitert til aktiv medverknad frå den solide kuturregionen Hardanger.<br><br>**Omfattande og informativt kulturdokument**<br>Hardanger Kulturråd ser klart eit plandokument er eit viktig grep å ta, men det er viktig også å sjå verkemiddelbruken i samanheng med aktørene ute i livet, der den daglege kulturutfaldinga skjer, i institusjonar, kommunar, bygdelag og grender.<br><br>**Ta heile fylket i bruk**<br>Hardanger Kulturråd ber om at planen vert tydlegera på omgrepet "Ta heile fylket i bruk" slik at regionane kan vita kva dei forventer av fylkeskommunen.<br><br>**Nye tilskotsperiodar**<br>Dei etablerte instutisjonane treng rammevilkår som sikrar fagfolk og fokus på primæroppgåvene, og då må tilskotsperiodane vera langsiktige. | <br>Teke til orientering<br><br><br><br><br>Teke til orientering<br><br><br><br><br><br>Teke til etterretning. Denne intensjonen er i samsvar med intensjonane i planen. Jf. Regional plan for attraktive sentra<br><br><br>Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | **Handlingsprogrammet**<br>Hardanger Kulturråd tilrår Hordaland fylkeskommune å tidfesta alle dei 163 tiltaka slik at samarbeidspartene har forpliktande rammar å forhalde seg til | Teke til etterretning |

| **Hordaland husflidslag** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kulturminnevern og museum**<br><br>Det er gjort eit godt arbeid med å lokalisere alle sider av kulturlivet i fylket. Det er tenkt mykje på dei fysiske kulturminna, men noko mindre på det å ta vare på teknikkar. For tida er satsingsområdet til Norges Husflidslag ull, raudlista teknikkar og arbeidet med Ung husflid.<br>Hordaland husflidslag har arbeidd fram ei liste over handverksteknikkar som er gløymde eller på veg til å bli gløymde i Hordaland ( både tekstil, mat og tre). Kunnskapen om korleis ein lagar ein sokk eller ein vott, sydde bunad etc, er kunnskap som ikkje nødvendigvis finst i museet. Hordaland husflidslag vil gjerne møtast på felles arenaer med musea og andre for å nå målet.<br><br>Hordaland husflidslag ynskjer ei bevisst satsing på sine arbeidsområde, slik at teknikken blir like viktig som tingen og tap av tekstile teknikkar skal minskast på same vis som ein arbeider for å minske tap av kulturminne frå nyare tid og arkeologi.<br><br>Hovudmåla i Lindås kommune sin kulturplan for 2010-2020 kan stå for det som også denne organisasjonen ynskjer som prioriteringar i kulturpolitikken. | Husflidslaga legg ned mykje viktig arbeid i overføring av tradisjonshandverk. Her er det store moglegheiter for meir samarbeid mellom husflidslaga og musea.<br><br>Tekstilarven vert lagt større vekt på i kulturplanen. |

| | | |
|---|---|---|
| | 2.5: Om fylket finn at det er praktisk å tildela midlar for 3 år om gongen, må driftstilskotet ikkje vere tidsavgrensa. Vi treng ein stabilitet frå år til år og ei tildeling som gjev gode og føreseielege rammer. | |

| **Hordaland Idrettskrets** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: dagleg leiar | | |
| Tema: | Idrett | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Idrett og friluftsliv**<br><br>Hordaland idrettskrets spør i kva grad dei øvrige delane av planverket har relevans for idretten. Og korleis skal idretten sin eigenverdi forståast i høve dei verdiar som gjer seg av andre vurderingar. Dei saknar ein meir konsekvent begrepsbruk, då det er uklårt i kva grad kulturomgrepet vert nytta inkluderande eller ekskluderande i høve idretten. Ønskjer seg tydlegare framstilling av idrett som kultur og vil føretrekke at ein nyttar omgrepet «idrett og kultur» gjennomgåande i planen og i planen sin tittel.<br><br>Folkehelse: Det må vere eit felles mål å snu trendane med inaktivitet og livstilssjukdomar som vil føre til at dagens generasjon er forventa å leve kortare enn foreldregenerasjonen. Idrettskretsen er ein folkehelseaktør, og viser m.a. til arbeidet med aktivitet i SFO som godt døme på dette.<br><br>1. Understrekar at definisjonen av kulturomgrepet som kjem klårt fram i kap 1.2, også må vidareførast i konsekvent bruk av omgrepa i heile plandokumentet. Det er tvil i nokre av bruksområda for omgrepet, om det er meint inkludert eller ekskludert idrett. Idrettskretsen føretrekker at ein | Teke til etterretning. Det vert lagt inn klår definisjon av kulturomgrepet i planframlegget og gjort konsekvent bruk av omgrepet i planen og handlingsprogrammet<br><br>Teke til etterretning<br><br>1. Teke til etterretning. Det vert lagt inn klår definisjon av kulturomgrepet i planframlegget og gjort konsekvent bruk av omgrepet i planen og handlingsprogrammet |

| | | |
|---|---|---|
| | konsekvent gjennomfører «idrett og kultur» - også i planen sin tittel.<br>2. Idrettskretsen støttar hovudmåla med planen<br>3. Jm. auka utfordringar knytt til folkehelse og livsstilssjukdomar etterlyser idrettskretsen felles mål om å snu trendar og skape felles politikk mot ei meir positiv samfunnsretning.<br>4. Positiv til meir føreseielege ordningar for drift- og rammetilskot.<br>5. Understrekar at frivilligheten er i endring og må stimulerast i åra framover.<br>6. Kapittel om idrett samsvarar i stor grad med eigne dokument og planar.<br>7. Kommentar til kompetanse og samarbeid og vidareutvikling av idrettens hus. Mange nærliggande (geografisk) institusjonar og organisasjonar er relevant i dette samarbeidet: t.d. Høgskolen, Barnas energisenter, UiB og Sportsklubben Brann.<br>8. Idrettskretsen er positiv til skulesatsing og har sjølv ei viktig rolle som folkehelseaktør, m.a. med idretts-SFO. Dei vil gjerne vere med å bidra på området vidare<br>9. Idrettskretsen er veldig opptatt av anleggsutvikling. Ønskjer at idrettsanlegg vert ein del av planlegginga når ein tenkjer infrastruktur. Geografisk samordning og tilknyting til skular vil gje mange positive ringverknader.<br>10. Oppmodar om at nye hallar får ein storleik på min 25-45 meter.<br>11. Det er trong for kombinasjonsanlegg rulleski/sykkel<br>12. Det er trong for vidareutvikling av Slåtthaug idrettspark<br>13. Det er trong for byarena for innandørsidrett i Bergen, slik at det kan arrangerast store meisterskap i Bergen og Hordaland.<br>14. Ønskjer vidareføring av gratis bruk av fylkeskommunale | 2. Teke til orientering<br>3. Teke til orientering. Innspelet er i tråd med planforslaget slik det føreligg.<br>4. Teke til orientering<br>5. Teke til orientering<br>6. Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen. Jf. Kap 5.3.7.<br>7. Teke til etterretning, jmf. Kap 5.9.37.<br>8. Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen, og blir eitt av dei viktigaste tiltaka i handlingsprogrammet.<br>9. Teke til orientering.<br>10. Teke til orientering.<br>11. Teke til etterretning. Endring i tekst kap 5.9, innsatsområde 39 avsnitt nr 5.<br>12. Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen<br>13. Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen<br>14. Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen<br>15. Teke til etterretning. Endring i tekst kap 5.9., innsatsområde 39, avsnitt nr 18.<br>16. Teke til etterretning. Barn og ungdom skal nyttast |

| | | |
|---|---|---|
| | hallar<br>15. Ønskjer revurdering av formuleringa «søknader til ordinære anlegg må ha vore godkjent i minimum tre år før første tildeling». Meiner ein bør vere meir ambisiøs i høve redusering av etterslep.<br>16. Ønskjer å endre omgrepet «barn og unge» til «barn og ungdom», då det er snakk om to ulike målgrupper.<br>17. Peikar på at det er trong for økonomiske ressursar for å kunne iverksette planen. | gjennomgåande i heile dokumentet.<br>17. Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget. Innspelet vil bli vurdert i planperioden i samband med rullering av handlingsprogrammet. |
| Innsatsområde | | |
| Kap 1.3 | **Idrett og friluftsliv**<br><br>Deler ikkje skepsis i høve Oslo som hovudarena for statleg kultur og idrettssatsing. Oppteken av balansert anleggsutvikling av heile landet.<br><br>Svært positiv til at det vert lagt opp til driftstilskot som ikkje skal vere tidsavgrensa og ha stabilitet frå år til år. | Teke til orientering. Innspelet er i tråd med planforslaget slik det føreligg.<br><br>Teke til orientering. |
| 3.5 | Understrekar ønskje blant folk om å styrkje tilbod om idrett og anlegg i sitt nærmiljø | Teke til orientering. |
| 5.3 | Frivilligheten er i endring og treng stimulering | Teke til etterretning. Nytt mål i kap 1.4. |
| | I samanheng med vidareutvikling av Idrettens hus peikar idrettskretsen på alle samarbeidsaktørane som er knytt geografisk tettare saman i området rundt Brann stadion. Noko som gjer eit kompetansemiljø på fagområde. | Teke til etterretning, jmf. Kap 5.9.37 |
| | Satsing på skule vert trekt ut som viktig tema. | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen, og blir eitt av dei viktigaste tiltaka i handlingsprogrammet. |
| | Anleggsutvikling er det viktigaste verkemiddel for å utvikle gode tilbod lokalt. Samlokalisering av anlegg og skule vil vere med på å gjer tilboda betre. | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |

| | | |
|---|---|---|
| 5.9 39: | Viser til gode mål for anleggsutvikling. | Til orientering. |
| 3.4 | Ønskjer at det skal formulerast ei målsetjing om at nye hallar skal vere minst 25-45 m | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| | Peikar på trong for kombinasjonsanlegg rulleski og sykkel. Sykkel-VM vil truleg gje ei auke i interessa for sykkelsport i Bergen og Hordaland | Teke til etterretning. Endring i tekst kap 5.9, innsatsområde 39 avsnitt nr 5. |
| | Det er trong for ein byarena for innandørsidrettar i Bergen | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |

| **Hordaland kunstsenter(HKS)** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: styreleiar og dagleg leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kunst- og kulturformidling**<br><br>Positiv til planen som heilskap; dei merker seg at planen tar organisasjon av kulturlivet og samspel mellom institusjon og enkeltmenneske —både utøvar og publikum —på alvor. Dei merker seg også ei vektlegging av samarbeid på tvers av sektorer og geografiske grenser, og ser positivt på at Hordaland kunstsenter nemnast som ein viktig institusjon i fylket fleire ganger i planen. | |
| 2.2. Statleg kulturpolitikk | a)HKS peiker på at det i andre avsnitt på side 9 (nest siste linje i avsnittet) ser ut som om at det er sneket seg inn ein feil, då det påstås at *Meld. St. 23 (2011-2012) Visuell kunst* omhandlar arkitektur, og dei meiner at dette bør rettes til «visuell kunst». HKS meiner også av omtalen av *Stortingsmeld. St. 23 (2011-2012) Visuell kunst (*på same side) er noko kortfatta, og til sida for det samandraget som finnes i Stortingsmeldingens kapittel «2 Samandrag», der det leggast vekt på utvikling av visningsarenaer, tilrettelegging for unge kunstnarar, satsing på kunst i offentlige rom, samt den visuelle kunstens samspel med arkitektur og | |

| | | |
|---|---|---|
| | stadsutvikling; spesielt i samanheng med regjeringa sin handlingsplan for arkitektur. i Det er også ønska at det nemnast at dette er den aller første stortingsmeldinga om feltet visuell kunst, for på den måten understreke meldinga si viktigheit. | |
| 2.5.Verkemiddel og støtteordningar — Tilskot til drift | Då driftstøtte til kunstsenteret er pålagt fylket då det ligg inne i rammetilskotet frå staten, ber HKS om at setninga utvidast slik: «For nokre sentrale og tunge regionale institusjonar vert tilskot ytt med grunnlag i samarbeidsavtale med stat og kommune om fordeling av tilskot til drift, *eller slik det er bestemt av Statens rammetilskudd.»*<br><br>Ang. 3-årig driftsstøtte meiner HKS at dette har fleire sider. Om dette vert vedteke ser dei det som viktig at det gjerast tydeleg kven som skal evaluere tilskotsmottakarane etter denne perioden og korleis dette skal gjerast.<br><br>HKS meiner at dei krava her fylkeskommunen stiller ved tildeling av tilskot stemmer godt overeins med dei kriteria dei sjølv ønskjer å verte målt opp i mot. Dei støtter også dei avsnitta der det er eit tydelegare medvit om skiljet mellom profesjonell og amatør og synergien mellom desse. | Teke til orientering. Drift av fylkesvise kunstsentre er ein fylkeskommunal oppgåve, og tilskota er ikkje øyremerkte. |
| 3.3. Statleg pengebruk i Hordaland | Ønskjer følgjande tillegg i slutten av første avsnitt: I *tillegg tildeler norske fylkeskommuner driftsstøtte til institusjoner slik det defineres i Statens Rammetilskudd. 1 Hordaland gjelder dette Hordaland kunstsenter.* | Teke til orientering. Drift av fylkesvise kunstsentre er ein fylkeskommunal oppgåve, og tilskota er ikkje øyremerkte. |
| 3.4. Spørjeundersøkingar | Ang. Tabell 2 der det presiserast at oppsplittinga kan gjere at musikkfeltet truleg kjem dårlegare ut i slitt; HKS ønskjer å peike på at dette gjeld og billedkunst og kunsthandverk og ønskjer ei presisering av dette i slutten på avsnittet slik: *Dette gjelder også for det visuelle kunstfeltet, som tradisjonelt omfatter både billedkunst og kunsthåndverk.* | |
| 4.2. Formidling og deltaking | HKs ønskjer å foreslå følgjande tillegg i avsnitt 2: *I tillegg har kritikk en formidlende rolle, da den står for overføring av kunnskap* | Teke til orientering. Fører ikkje til endring i planen |

| | | |
|---|---|---|
| | *om ulike kulturuttrykk fra fagfelt til allmennhet.* | |
| 5.1. Urbanisering..../5.7.27 Kunstløft... | Kunst i offentleg rom: HKS er svært positive til ei utviding av ordninga der ein prosentandel av utbyggingskostnadane settast av til kunstprosjekt også utvidast til veier, tunneller, jernbane og Bybane. Dei ser konturane av ei slik utvikling ved prosjektet knytt til Bybanen, og ønskjer å vere med på vidareutvikle dette. | |
| 5.2.3 formidling og deltaking | HKS ser positivt på haldninga til forsking og kritisk tenking som ein integrert del av kulturpolitikken, men i handlingsprogrammet nemnast ikkje det visuelle kunstfeltet under tiltaket «Utvikle og støtte arenaer, miljø og tiltak som fremjar kritisk tenkning», og at punktet dermed underrepresenterar fagfeltet. HKS stiller seg bak haldninga om at kritikkfeltet bør utviklast vidare, og at HKS er ein naturleg samarbeidspartner i dette. | Teke til etterretning. Kapittelet får ei tilføying der fleire av kunstinstitusjonane og deira rolle vert omtalt. |
| 12. Internasjonalisering | Gjestekunstnarordningar nemnast spesielt i planen, men kjem ikkje direkte tilbake i handlingsprogrammet på kunstinstitusjonelt nivå. Dette meiner HKS bør justerast og føreslår følgjande tillegg under «D. Utveksling av kunstnarar og kulturaktørar — Partnarar» : Kommunane, kultur- og idrettsaktørar, FOU-miljø, *eksisterende gjestekunstnerordninger.* | Delvis til etterretning. Punktet er stroke i dette innsatsområdet med står som ein del av innsatsområde 27. der den ønska tilføyinga er teke med. |
| 14. Kompetanse | HKS ser det som viktig å anerkjenne at mykje av tenkinga kring, utviklinga av og framdriften i det visuelle kunstfeltet ikkje nødvendigvis utviklast innanfor institusjonelle rammer. Dei ser fram til å følgje utviklinga av Regionalt Forskningsfond i så måte, og fortsette samarbeidet med fylkeskommunen for å kunne definere og fremje friare forskingsfelt og —miljø innen visuell kunst. | |
| 5.7.27. Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet | På same måte som HKS presiserte fylkeskommunen sitt ansvar for HKS under punktet «2.5.Verkemiddel og støtteordningar, føreslår dei følgjande her: Nokre institusjonar er særleg avhengig av fylkeskommunal støtte, som til dømes Hordaland Teater, Skrivekunstakademiet og Hordaland Kunstsenter (sic.), *sistnevnte omfattes også av Statens rammetilskudd til Hordaland fylkeskommune.* | Teke til orientering. Drift av fylkesvise kunstsentre er ein fylkeskommunal oppgåve, og tilskota er ikkje øyremerkte. |

| | | |
|---|---|---|
| | 2. avsn. S. 50; Det skrives at: Fylkeskommunen skal vere ein sentral støttespelar for alle kunstinstitusjonar i regionen[...]. HKS ser ikkje dette som realistisk, og føreslår å utelate ordet «alle».<br><br>Tredje siste avsnittet på same side begynner med: *Desse institusjonane har stort potensial* (...)., men det er ikkje tydeleg kva institusjonar det her vert sikta til. Dersom det peikast på Bergens institusjonar som nemnast i føregåande avsnitt, bør dette tydeleggjerast.<br><br>HKS støtter det som står i avsnittet om Kunst i offentleg rom, men dei viser til at planane som skisserast ikkje speglast i handlingsprogrammet under same punkt, noko dei meiner er viktig. Ei skisse til handlingspunkt kan vere:<br>**Tiltak: Kunst i offentlige rom; styrke kompetanse på kunst i offentlige rom i fyiket og oppfordre til innfrielse av de statlige føringene på feltet Kunst i offentlige rom**<br>Ansvar: Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga, kommunene<br>Partnarar: Kommunene, Hordaland kunstsenter, KORO<br>Tid: Planperioden | Teke til etterretning<br><br>Teke til etterretning<br><br>Teke til orientering. Dette tema er teke med i innsatsområde 5.1.innsatsområde 5 pkt. H |

| **Hordaland Musikkråd** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: styreleiar og dagleg leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Kunst- og kulturformidling<br><br>Lokalisering av bustader og arbeidsplassar må vera nær kvarandre, men det må også vera låg terskel for å engasjere seg i lokalt kulturliv. Dette for å ta vekk behovet for transport, den viktigaste orsak til forureining frå enkeltpersonar. Det vert endå viktigare å jobbe for å ta vare på lokaldemokrati og lokalkultur. Hordaland Musikkråd har også sendt høyringssvar ang dette til "Regional plan for attraktive senter".<br><br>Prioritering av innsatsområde og tiltak i handlingsprogrammet.<br>1. Hordaland skal arbeide politisk for at kultur skal koma inn som omgrep i Plan- og bygningslova, med vilkåra som for folkehelse.<br>2. Hordaland skal arbeide for satsing på den kulturelle grunnmuren med kulturskulen som ressurssenter for det lokale musikkliv.<br>Prioritering av innsatsområder og tiltak 4 fyrste år<br>1. Hordaland skal arbeide for å utvikle tenelege øving- og framføringslokaler for kultur med rimlege vilkår.<br>2. Hordaland skal satsa på konsertarrangørar som engasjerer lokalt musikkliv med eit høgt kunstnarleg og formidlingsfagleg nivå.<br><br>Musikklivet i Hordaland er avhengig av dynamikk mellom frivillige og profesjonelle, mellom topp og breidde, og by og land. Løna dirigentar i kulturskulen bør kunna nyttast av det lokale musikkliv. Det friviljuge lokale musikklivet er viktig for engasjement og livskvalitet og dermed folkehelse. Alle born bør ha rett på gratis tilbod i kulturskulen. Det er også viktig å legge til rette for aktivitane som skjer blant uorganisert ungdom, m.a. er dette viktig for integreringa. | <br><br><br>Teke til orientering |

| **Hordaland teater** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved styre og dagleg leiart | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kunst- og kulturformidling**<br>Institusjonen krediterar planen for å ha ein dristig visjon ved at han skal utviklast til å vere ein leiande europeisk kulturregion. Dette må utviklast vidare innan kvart felt.<br><br>Teateret har ein regional og nasjonal ambisjon i å vere det einaste teater som utviklar spesielt ny dramatikk for barn og unge , på nynorsk og dialekt.<br><br>Teateret ønskjer at suksesshistoriane får større plass i planen, og ut frå dette spissa prioritere ressursar slik at ein kan skape eit grunnlag for å nå ambisjonen.<br><br>3 årige-løyvingar – negativt. | Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til etterretning |
| 5.1.2.Arenautvikling | Institusjonen, og fleire andre institusjonar i Bergen saknar ei satsing på utvikling av kulturarenaer i Bergen. Dei ønskjer at fylkeskommunen skal ha ambisjonar her, og ønskjer at det i planen kjem inn to –tre konkrete planar om bygging dei komande 10 åra. Fylkeskommunen må gå inn i eit tett samarbeid med Bergen kommune slik at heile fylket sine behov blir tett knytt til Bergen sine behov.<br><br>Det er også viktig at det er godt tilrettlagte arenaer for teater også uanfor byen, spesielt til framsyningar for barn og unge(m.a. i Den kulturelle skulesekken) | Teke til orientering<br><br>Teke til orientering |
| Generelt | **Kunst- og kulturformidling**<br>Institusjonen krediterar planen for å ha ein dristig visjon ved at han | Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | skal utviklast til å vere ein leiande europeisk kulturregion. Dette må utviklast vidare innan kvart felt.<br><br>Teateret har ein regional og nasjonal ambisjon i å vere det einaste teater som utviklar spesielt ny dramatikk for barn og unge , på nynorsk og dialekt.<br><br>Teateret ønskjer at suksesshistoriane får større plass i planen, og ut frå dette spissa prioritere ressursar slik at ein kan skape eit grunnlag for å nå ambisjonen.<br><br>3 årige-løyvingar – negativt. | Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til etterretning |
| 5.1.2.Arenautvikling | Institusjonen, og fleire andre institusjonar i Bergen saknar ei satsing på utvikling av kulturarenaer i Bergen. Dei ønskjer at fylkeskommunen skal ha ambisjonar her, og ønskjer at det i planen kjem inn to –tre konkrete planar om bygging dei komande 10 åra. Fylkeskommunen må gå inn i eit tett samarbeid med Bergen kommune slik at heile fylket sine behov blir tett knytt til Bergen sine behov.<br><br>Det er også viktig at det er godt tilrettlagte arenaer for teater også uanfor byen, spesielt til framsyningar for barn og unge(m.a. i Den kulturelle skulesekken) | Teke til orientering<br><br>Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| **Idrettsråd i Kvam / Kvam idrettsråd** | | |
| Fråsegn ved: leiarleiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Idrett og friluftsliv**<br><br>Ønskjer at stat, fylke og kommune skal ta skuleverket inn i sine planar og setje fokus på samarbeid med skulane - til felles beste. | Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet. |

| | | |
|---|---|---|
| | Ønskjer også fokus på tettare samarbeid med mål om generell kompetanseheving i idretten. Kroppsøvingsfaget må få auka verdi. Kvam idrettsråd føreslår å legge kompetanseheving inn i vidaregåande skular med idrettsfag, så skulane kan heve nivået og klubbane kan få nyttig leiarrekruttering.<br><br>Det bør også fokuserast på å auke nivået/breidde på særleg friidrett og symjing. Tettare samarbeid kan vere ei løysing.<br><br>Kvam idrettsråd ønskjer at Kvamskogen vert løfta som utviklingsområde/satsingsområde | Teke til etterretning. Endring i tekst kap 5.9, innsatsområde 37, avsnitt 3.<br><br>Teke til etterretning. Endring i tekst kap 5.9, innsatsområde 36, avsnitt 3.<br><br>Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet. |
| Innsatsområde | | |
| | **Idrett og friluftsliv**<br><br>Idrettslag kan arrangere kurs for å auke kompetansen | Til orientering |
| | Prioritere nye idrettar for å fange opp dei som ikkje tilpassar seg i dagens tilbod. T.d. vannsport og motorsport | Teke til etterretning. Ending i tekst kap 5.9, innsatsområde 37 andre avsnitt. |
| Tilråding: | | |

| **Stord Idrettsråd** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Idrett og friluftsliv**<br><br>Det er lagt ned mye arbeid i denne planen innenfor de forskjellige områdene. Mange kulturtilbod er teke med. pkt. 3.4 som viser ei oversikt kor interessa er størst/minst. Alle bør har rett på eit tilbod og då er det viktig at det blir tilrettelagt for dette. Likevel meiner Stord Idrettsråd at idrett og friluftsliv og folkehelse er nedprioritert i planen. | Teke til etterretning. Det vert lagt inn klår definisjon av kulturomgrepet i planframlegget og gjort konsekvent bruk av omgrepet i planen og handlingsprogrammet. Under kap 1.4. vert det lagt til nytt mål knytt til landskap. |

| | | |
|---|---|---|
| | Stord idrettsråd meiner det er for lite satsing på fleirbruksanlegg i distrikta. Manglande anlegg fører til reduksjon i aktivitet og medlemstal. Dette har Stord konkret døme på. Døme er fleirbrukshall i Sagvågsområde på Stord. At ein har det i lokale planar er ofte ikkje nok. Den bør nemnast i regional plan.<br>Uro for at frivillig innsats avtar dersom det ikkje vert fulgt opp tilstrekkeleg. | Teke til orientering. |
| Innsatsområde | **Idrett og friluftsliv** | |
| 5.9.36 Fysisk aktivitet | Etterlyser konkrete planar om finansiering knytt til tiltaka i handlingsprogrammet | Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget. Innspelet vil bli vurdert i planperioden i samband med rullering av handlingsprogrammet. |
| 5.9.37 Idrett. | Saknar omtale av den vidaregåande skulen på Stord som også har idrettsfag der det er satsa på toppidrett og samarbeid med OLTV. Understrekar at det ikkje berre må satsast på Bergen og Voss. | Teke til etterretning. Kap 3.9, innsatsområde 37, avsnitt 3 |
| 5.9.39 Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. | Sitat " Bruken av offentlige anlegg bør være gratis for barn og unge" Her burde det stå at bruken av offentlige anlegg skal være gratis for barn og unge. | Til orientering |
| | Saknar kampsport. Manglande tilbod fører til fråflytting frå Hordaland, hevdar idrettsrådet | Teke til etterretning. Jf kap 5.9, innsatsområde 39, avsnitt 7 |

| |
|---|
| **Judo Klubb Stord** |

| Fråsegn ved: **Judo Klubb Stord leiar og styremedlem** | | |
|---|---|---|
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Idrett og friluftsliv**<br><br>Saknar tilrettelegging av kampsport i anleggsplanlegginga. Sporten har mange greiner og er i vekst, og treng anlegg som er tilrettelagt.<br><br>Viser til at dei er tekne med i planane lokalt i kommunen (Stord) og peikar på at det bør vere samsvar mellom kommunale og regionale planar. | Teke til etterretning. Endring i tekst kap 5.9, innsatsområde 39, avsnitt 7<br><br>Teke til etterretning |
| Innsatsområde | **Idrett og friluftsliv** | |
| | Judo Klubb Stord ønskjer at anlegg for kampsport vert implementert i handlingsprogrammet | Teke til etterretning. Jf nytt tiltak under innsatsområde 39 om fordeling av spelemidlar. |

| **Kultur Vest AS** | | |
|---|---|---|
| **Fråsegn ved: styreleiar og dagleg leiar** | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | | |
| Innsatsområde | **Kunst- og kulturformidling**<br><br>For å nå sin visjon bør fylkeskommunen følgje opp med ei betydeleg økonomisk satsing på feltet. Ein børe vere villig til å satse på dei kunstretningane og aktørane som allereie ligg langt fram mot visjonen. Ein bør også satse sterkare på Bergen som regionssenter, både når det gjeld støtte til prosjekt, drift og infrastruktur.<br><br>Kultur Vest bør nemnast som sentral part i kap. 5.4.11 Kulturregion Vestlandet, 5.4.12 Internasjonalisering, 5.4.14 Kompetanse. | Teke til orientering, innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet<br><br>Teke til etterretning i kap.5.4.14. for dei øvrige punkta er det nytta generelle omgrep som er dekkande. |

| | | |
|---|---|---|
| Innsatsområde 5.1.2. arenautvikling og infrastruktur. | Kultur Vest ser det som gledeleg at planen tek med at det er akutte behov for formålstenlege bygg for BIT teatergarasjen og Carte blanche. Dei føreslår at Kultur Vest sitt dokument «Nytt hus for musikkteater og dans» må vere retningsgjevande for både kommune og fylke. I dette dokumentet visast det til at det er presserande behov også for verkstads- og produksjonslokale DNS, Bergen nasjonale opera/musikkteater, Hordaland teater, og det visast til «Kjødetomten» ved USF som eit grunnlag for dette. Sambruk er spesielt aktuelt på verkstads- og produksjonssida, men må ikkje kome på bekostning av tilrettelegging for spesialiserte kunstuttrykk. Dei ber om at bygg for det profesjonelle kunstfeltet skal vere eit eige innsatsområde i handlingsplanen. Dei ber også om ei meir presis formulering av fylkeskommunen si finansielle rolle når det gjeld dette feltet. | Teke til orientering. Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden på bakgrunn av dei premissane planen set<br><br>**Teke til etterretning, jf. kap. 5.7 innsatsområde 27 og kap. 5.1, innsatsområde 2 ???NB drøft med A.E** |
| 5.3.8 Kulturbasert næringsutvikling | Dei profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonane er ein viktig arbeidsgjevar og såleis ein viktig del av kulturnæringa. Kultur Vest med sine medlemmer vil såleis vere ein viktig medspelar i utviklinga av dette arbeidet og bør nemnast saman med nettverksorganisasjonar som Brak, VISP og Proscen her. | Teke til etterretning |
| 5.7.26 Vegen inn i kunst- og kulturlivet | Her bør ein nemne det arbeidet dei profesjonelle kunstinstitusjonane og kulturhusa gjør for å utvikle nye publikum og at den kompetansen dei har vert teke med i ei vidare satsing | Teke til etterretning, jf. kap. 5.7, innsatsområde 26D |
| **Arkiv** | **Digital allmenning**<br><br>Fleire av de profesjonelle kulturorganisasjonane sitter på store arkiver og systematisering og digitalisering av desse er svært omfattande og ressurskrevjande. Tilgjengeliggjøring og formidling av offentlige kunstinstutisjoners arkivmateriale er etter vårt syn eit offentlig ansvar. | Teke til etteretning, fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden på bakgrunn av dei premissane planen set. AA |

| **Kunstgarasjen** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: dagleg leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Innsatsområde | **Kunst- og kulturformidling**<br><br>Kommentarar i hovudsak knytt til s.51...: I planen vert det peikt på at næringsgrunnlaget for profesjonelle billedkunstnarar er skjørt, og at billedkunsten i stor grad er avhengig av offentleg investering gjennom tilskot. Kunstgarasjen oppfatter dette som en langt på vei riktig analyse, men vil påpeike at Hordaland ser ut til å ha eit uutnytta potensiale for kunstnarinntekt på grunnlag av omsetning av kunst. Marknaden for sal av kunst er klårt dårlegare i Hordaland enn i Oslo og Rogaland. Oslo har fleire kunstnarstyrte stader som sel på vegne av kunstnarane sjølv mens eit slikt tilbod er heilt fråverande i Hordaland.<br><br>Den nystifta organisasjonen Kunstgarasjen er ein kunstnardrive, ideell organisasjon for profesjonelle kunstnarar med tilknyting til Hordaland. Dei er i ferd med å etablere seg i Møllendalsveien, der det vil bli lagt til rette for visning og omsetning av eit breitt spekter av kunst på høgt nivå. Kunstgarasjen skal vidareutvikle kunstformidling og -sal bygd på høg kompetanse om kunst, kombinert med kunnskap om marknad og publikum. For å realisere planane er det avgjerande at det det offentlege bidreg økonomisk i tillegg til inntekter via sal. | Teke til etterretning jf kap 5.7.27 |
| | | |

| **Kvam herad** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved:heradsstyre | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Namnet på planen – PREMISS: KULTUR – gjev eit signal om at Hordaland fylkeskommune ynskjer å prioritera kultur ut frå kulturen sin eigenverdi. Det er opplagt at kultur også kan brukast som eit instrument for å gje gevinst på andre samfunnsområde. Kvam herad meiner det er viktig å slå fast at dette ikkje skal vera hovudargument for satsing på kultur. Kvam herad gjev si tilslutning når Regional kulturplan set kultur som ein premiss for utviklinga av samfunnet. | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| | Kvam herad tilrår at den endelege planen vert kortare og meir konkret, med tydelegare prioriteringar. Høyringsutkastet er for ordrikt, og ofte går ein unødvendig detaljert til verks. Samstundes kunne prioriteringane vore tydelegare. Med alle sine fragment, kan planen oppfattast som diffus, og han vil kunna få lågare bruksverdi enn det han potensielt kan ha. | Teke til orientering. Planen skal handsamast i fylkestinget som set avgjer endeleg form og omfang. |
| | Kvam herad rår til at Hordaland fylkeskommune ikkje gjennomfører ei endring ved driftstilskota. Årleg søknad og rapportering bør gje grunnlag for å seia om kulturverksemda utfører sitt oppdrag tilfredsstillande. | Teke til etterretning. |
| | Nynorsken Hordaland fylkeskommune brukar, i den regionale kulturplanen og elles,bør vera den hordalandske varianten av nynorsk, med a-infinitiv. | Teke til orientering |
| | **Kulturminnevern og museum**<br><br>Hardanger fartøyvernsenter er ei viktig kulturbedrift i Kvam, og innan fartøyvern er dette ein vesentleg aktør i Hordaland, så vel | |

| | | |
|---|---|---|
| | som nasjonalt og internasjonalt. Maritim kultur og fartøyvern har fått ein del plass i høyringsutkastet, men bør får endå meir tyngd i den endelege planen. Dette er eit kulturområde der Hordaland har sterke tradisjonar og stor aktivitet, og i tråd med UNESCO-konvensjonen for immateriell kulturarv har Hordaland fylkeskommune eit særleg ansvar for å styrka arbeidet som vert gjort innan fartøyvern. Hordaland skal vera i fremste rekkje internasjonalt på handlingsboren kunnskap innan dette fagfeltet, og Hardanger fartøyvernsenter har ei naturleg rolle som hovudkvarter for satsinga, som eitt av dei tre nasjonale senter for fartøyvern i Noreg.<br><br>**Kunst- og kulturformidling**<br><br>På side 51 i planutkastet er det gode arbeidet til Harding Puls og Messen nemnt. Under «Kompetanse» på side 41 er det vist til ein del andre nettverksorganisasjonar (Proscen, VISP, Brak), og det står: «I planperioden bør det satsast på denne typen nettverksorganisasjonar, og sikrast at dei arbeider fylkesomfemnande.» Her fell Harding Puls utanfor, i og med at denne organisasjonen primært femner om hardangerkommunane. Her bør det opnast for at det også skal satsast på nettverksorganisasjonar som Harding Puls, som femner om fleire kommunar, men ikkje heile fylket. Konkret kan setninga over endrast til: «I planperioden bør det satsast på denne typen nettverksorganisasjonar, og sikrast at dei arbeider regionalt eller fylkesomfemnande.»<br><br>Når det gjeld Messen, vil ei satsing på dette ha dekning i | Teke til etterretning, jf kommentar på høyring frå Hardanger og Voss museum. Planframlegget vert endra i tråd med innspelet<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | handlingsprogrammet under tiltak 27 E: «Internasjonalisering; vidareutvikle kunstfeltet gjennom m. a. internasjonal utveksling oggjestekunstnarordningar.» Heradet skulle gjerne sett at kulturplanen/handlingsprogrammet var så konkret at det vart sagt eksplisitt at det skal satsast på Messen, som eit av dei mest internasjonale prosjekta fylket har utanom Bergen.<br><br>Ungdomsgruppa har fått meir merksemd i planutkastet enn i planprogrammet, men planen syner for lite forståing for dei som ikkje trivst i det organiserte kulturlivet. Handlingsprogrammet har mest vekt å trekkja ungdom inn i lag og organisasjonar, og legg for lite opp til å skapa arenaer og møteplassar for dei som ikkje kjenner seg heime i det organiserte kulturlivet.<br><br>Hordaland har ein del veldrivne kunstnarheimar som er ein del av musea, i tillegg til kunstnarheimar i privat eige. Kvam herad saknar satsing på kunstnarheimar, slik det er i museumsplanen Musea i samfunnet (2011) – som kulturplanen skal avløysa. Temaet kunstnarheimar bør handsamast i kulturplanen, og i den samanheng bør Geirr Tveitt sin kunstnarheim i Norheimsund nemnast som eit potensielt satsingsobjekt.<br><br>**5.7.26. Vegen inn i kunst- og kulturlivet**<br><br>Kvam er nøgd med at kulturskulen har fått ein heil del merksemd i utkastet til regional kulturplan enn i planprogrammet, og støttar argumenta for å overføra kulturskulen frå Kunnskapsdepartementet til Kulturdepartementet.<br><br>I handlingsplanen sitt kapittel 5.7.26., tiltak A. Styrke kvaliteten i estetiske fag i skulen gjennom vidareutvikling av SamSpel Hordaland – bør det førast inn at Norsk kulturskoleråd er partnar i | Teke til orientering<br><br>Innspela er notert. Forvalting av kunstnarheimar er ein viktig del av den ordinære kulturminneforvaltinga, jf kap. 5.5 innsatsområde 18 og 21.<br><br>Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | prosjektet, sidan dei alt er det.<br><br>Kvam trur forslaget om å opprette a lokale amatørkulturråd, i alle høve i mindre kommunar, kan verte meir ei bør enn eit gode. Det vert endå eit styre å rekruttera til, og dei trur det vil vere meir effektivt å styrka den rolla kommunen alt har som støttespelar og rådgjevar for det frivillige kulturarbeidet.<br><br>**5.7.28. Amatørkultur**<br><br>Kvam trur forslaget om å opprette a lokale amatørkulturråd, i alle høve i mindre kommunar, kan verte meir ei bør enn eit gode. Det vert endå eit styre å rekruttera til, og dei trur det vil vere meir effektivt å styrka den rolla kommunen alt har som støttespelar og rådgjevar for det frivillige kulturarbeidet. | Teke til orientering<br><br>Teke til orientering |
| Generelt | **Idrett og friluftsliv**<br><br>Gjennom heile planprosessen har det frå ulike hald kome innspel om at fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv skulle hatt sin eigen plan, i staden for å vera ein del av ein stor kulturplan. Kvam herad legg til grunn at diskusjonen om dette er avslutta, og at dei nemnde fagområda skal vera ein del av den regionale kulturplanen. Planen nyttar eit vidt kulturomgrep, der fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er inkludert. Likevel vil ein i lesinga av planen kunna oppleva at desse områda kjem i skuggen når ein brukar ordet kultur. Ikkje minst er dette tilfelle i dei kulturpolitiske måla for Hordaland, kap. 1.4. | Teke til etterretning. Det vert lagt inn klår definisjon av kulturomgrepet i planframlegget og gjort konsekvent bruk av omgrepet i planen og handlingsprogrammet |
| | Ønskjer meir fokus på uorganisert aktivitet | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| Innsatsområde | | |
| | Kvamskogen er eitt av dei viktigaste idretts- og rekreasjonsområda i Hordaland, og kulturplanen burde leggja meir vekt på å utvikla | Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet. |

| | | |
|---|---|---|
| | dette området, både gjennom strategiar og tiltak | |
| | **Arkiv**<br><br>Det er trong for utvikling av publiseringsverktøy for foto og dokument. Dette kan vera eit felles verktøy for kommunane, som kommunane sjølve kan implementera og handtere | Teke til orientering, fylkesrådmannen ser innspelet som ei oppfølging av kap.5.1, innsatsområde 4C i planperioden<br>. |

| **Kvinnherad kommune** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: administrativt | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Ønskjer bokbuss vurdert på lik linje med andre lokale kulturbygg i høve søknad om tilskot av spelemidlar og andre fylkeskommunale midlar til kulturbygg. | Sjå kommentarer under fagområda |
| | Ønskjer tilsvarande ordning som bygningsvernskonsulentar for områda utstilling og formidling for å løfte dei lokale musea. | Sjå kommentarer under fagområda |
| | Ønskjer fokus på fagleg rettleiing til kommunane knytt til innsamling og digital formidling | Sjå kommentarer under fagområda |
| | Kvinnherad kommune vil understreke trong for nærmiljøanlegg i bygdene, og at det vert teke geografiske omsyn i tildeling av spelemidlar. | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| | Fokus på lokale forhold, geografiske utfordringar<br>Ønskjer at kommunal prioritering skal vege tungt i spelemiddelfordelinga – (svar på at friluftslivet gjerne vert prioritert foran andre anlegg) | Sjå kommentarer under fagområda |
| Innsatsområde | | |
| 20. Lokalt kulturminnevern og museum | **Kulturminnevern og museum**<br><br>Kvinnherad kommune ser på det som positivt at planen legg opp til å styrkje ordninga med bygningsvernkonsulentar. Kommunen har fleire kommunale museum og museum som er drifta av frivillige. Kvinnherad kommune ynskjer å spele inn at ei tilsvarande ordning | Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet. Ordninga med bygningsvernkonsulentar er viktig for å auke kompetanse innan bygningsvern i kommunar og for private. Bygningsvernkonsulenten er finansiert dels av fylkeskommune, |

| | | |
|---|---|---|
| | som bygningsverkonsulent på områda utstilling og formidling vil bidra til å gjera dei lokale musea betre i stand til å utvikla seg og utvikla gode løysingar for formidling. | kommunar og museum. |
| Generelt | **Bibliotek**<br><br>***Innsatsområde 29: Tilgang til moderne og attraktive bibliotek***<br>Det er ei utfordring for kommunen å gje eit godt tilbod til alle innbyggjarane då kommunen består av svært<br>mange bygder og avstandane er for store delar av befolkninga stor til hovudbiblioteket. **Bokbuss** er eit godt verkemiddel for å gje innbyggjarane i kommunen eit godt tilbod. Kvinnherad kommune ynskjer at planen er tydleg på at **bokbussar bør vurderast på lik linje med andre lokale kulturbygg i høve søknad om spelemidlar og andre fylkeskommunale midlar til kulturhus** | Teke til orientering. Under innsatsområde 29 tiltak A er teke med støtte til nye bibliotekbussar |
| 24 | **Arkiv**<br><br>Lokalhistorisk arbeid. Kvinnherad kommune ønskjer at det vert satsa på fagleg rettleiing ovanfor kommunane innan innsamling og digital formidling av stadnamn | Teke til orientering, innspelet er i tråd med kap. 5.6, Innsatsområde 24 D i Handlingsprogramet. |
| 39 | **Idrett og friluftsliv**<br><br>**Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Kvinnherad kommune peikar på at det er viktig å sjå nøye på lokale forhold knytt til prioritering av tildeling av spelemidlar til anlegg. Understrekar at kommunal prioritering bør vege tungt.** | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| | **Kommunen ønskjer også at ein tek geografiske omsyn med tanke på tildeling til berre eitt nærmiljøanlegg. Kommunar med mange mindre senter vil få eit stort etterslep grunna dette.** | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen. Alle kommunar som søkjer får tildelt minst eitt. |

| : **Lindås kommune** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Kommunestyre | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Framlegget til ny regional kulturplan er eit gjennomarbeidd og omfattande dokument som legg til rette for utvikling og fornying av kultursektoren i Hordaland. Det er positivt at Hordaland Fylkeskommune ynskjer å vera ein tydeleg samarbeidspart for å utvikle sterke og samfunnsorienterte lokalsamfunn.<br><br>Kulturforum i Nordhordland leggjer vekt på<br><br>1. magasin i Nordhordland<br>2. kulturarena i Nordhordland.<br>3. regional støtte til aktivitet/prosjekt i Nordhordland gjennom ulike tilskottsordningar<br><br>**Kulturminnevern og museum**<br><br>Museums- og kulturvernfeltet er i Lindås og Nordhordland i hovudsak drevne av frivillig sektor. Mangel på faste driftsstrukturar fører til dårleg kontinuitet og vanskar med å legge til rette for t.d. faste tilbod til skular eller reiseliv. Det er eit stort behov for magasin i regionen for å sikre innsamla materiell og bygningar for framtida. Dette bør omfatte at Fellestenestene ved MuHo vert tilgjengelege for kommunale og private samlingar i Nordhordland, og ein må arbeida for å realisere eit (eller fleire) felles regionale magasin. Ein vonar at det på sikt kan bli realisert eit museum i regionen som har fokus på Strilakulturen, som er ei viktig identitetsfaktor for lokalsamfunna.<br><br>Konsolideringsdialogen mellom Lindås kommune, Lindås sogelag og Museumssenteret i Salhus, må fortsette. Som eit resultat av | Teke til orientering<br><br>1. Under innsatsområde 16 er fellesløysingar for musea eit hovudfokus. Form og organisering på dette tiltaket vert del av oppfølginga av planen<br>2. Teke til orientering<br>3. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet. |

| | | |
|---|---|---|
| | dette arbeidet, kan spørsmål om framtidig etablering av en regional ansvarsmuseum i Nordhordland vere aktuelt.<br><br>Det er viktig at kompetansen på dette felt, styrkes lokalt. Skal ein få til vesentleg utvikling og profesjonalisering, må Museumssenteret i Hordaland verta styrkt, slik at det kan ta eit større ansvar som regionmuseum for Nordhordland, i påvente av eige museum i Nordhordland. Dette må skje gjennom statlege tilskot i tillegg til medverknad frå fylket og kommunar.<br><br>Dette gjeld særleg innan felta sikring av samlingane gjennom felles magasinløysingar. | samlingsforvaltingsplan for musea er ein del av prosjektet særleg retta inn mot samlingar i Nordhordland. Styrking av dei regionale ansvarsmusea er ein naturleg del av innsatsområde 16 Museumsløft. |
| | Forslag om nytt tiltak under innsatsområde 16 Museumsløft:<br><br>Tiltak Arbeida for å utvida ansvarsområdet til Museumsenteret i Hordaland ved å oppretta ein ny, sentral formidlingsarena/møteplass (med magasin) for strilakulturen, konsolidert med det frivillige Strilamuseet.<br><br>Ansvar Museumsenteret i Hordaland<br><br>Partnarar Kommunane i Nordhordland, frivillige organisasjonar. | Teke til orientering. Utvikling og styrking av fellestenester er hovudsasingar i museumsdelen av kulturplanen, og ein vil såleis ikkje prioritere løysingar for einskilde institusjonar, til dømes magasin. Fylkeskommunen har fokus på Nordhordland, gjennom til dømes to rådgjevarstillingar ved Museumssenteret i Hordland. I eit pågåande arbeid med felles samlingsforvaltingsplan for musea er ein del av prosjektet særleg retta inn mot samlingar i Nordhordland. Styrking av dei regionale ansvarsmusea er ein naturleg del av innsatsområde 16 Museumsløft. |
| | **Kunst- og kulturformidling**<br>**Kulturformidling og kunstproduksjon;** Det er viktig at fylkeskommunen legg til rette for vidare utvikling av lokalsamfunna, gjennom ulike tilskotsordningar til regionale prosjekt/tiltak. | Til orientering. |
| | Den regionale kulturplan 2015-2025 tek også til orde for at finansieringsordningar for m.a. regionale kulturhus, må styrkjast. | Teke til orientering. Er i samsvar med intensjonane i planen og Regional plan for attraktive sentre i Hordaland |

| | | |
|---|---|---|
| | Knarvik er regionsenteret for Nordhordland og er omtala i kommunen sin Kulturplan for 2010-2020.<br><br>**Lokal kulturløft** Ei av tilrådingane i Kulturutgreiing 2014 (Engerutvalet) går ut på *eit lokalt kulturløft*: Lindås kommune etterlyser eit mål i planen som eksplisitt omhandlar det som vert omtala som forvitring av den kulturelle grunnmuren i Kulturutgreiinga 2014. Tilrådinga har ikkje blitt følgt opp nasjonalt, men ein plan som har visjon om å bli ein leiande europeisk kulturregion bør stimulere til ein spesiell innsats for å vedlikehalde den kulturelle grunnmuren. Lindås kommune gjer difor framlegg om at det vert innarbeidd eit nytt mål i den regionale kulturplan.<br><br>**Bibliotek**<br><br>Etterlyser eit mål i planen som eksplisitt omhandlar det som vert omtala som forvitring av den kulturelle grunnmuren i Kulturutgreiinga 2014.<br>Kan ha mykje for seg å etablere praksisfellesskap på tvers av bibliotek og etablerte biblioteksamarbeid for kollegaer som deler eit særskilt praksisområde.<br><br>Prisverdig at planen legg opp til å utvikle attraktive biblioteklokale i nærmiljøa (Innsatsområde 29).<br>Viktig at det vert lagt til rette for innkjøp av nye bokbussar, ved at kommunane kan søkje om tilskot til ny buss på lik linje med tilskot til andre kulturbygg (Innsatsområde 29)<br>Positivt at planen grip fatt i at fylkesbiblioteket kan spele ei aktiv rolle i utviklinga av folkebiblioteka som litteraturhus (Innsatsområde 30) | Teke til orientering. Målsettingane i planen ivaretek dette omsynet<br><br>Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planforslaget<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering. Under innsatsområde 29 tiltak A er teke med støtte til nye bibliotekbussar |
| Innsatsområde | | |
| | **Idrett og friluftsliv** | Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | Har vedteke kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø i 2013 for perioden 2013-2023. Viktig med samarbeid på tvers av forvaltningsnivå i samband med anleggsutvikling. | |
| | Det er viktig at fylkeskommunen arbeider for å få ned ventetida på spelemidlar. | Teke til etterretning. Kap 5.9, innsatsområde 39, avsnitt 18 |
| | Viktig at det blir lagt til rette for at lag/organisasjonar kan søkje fylkeskommunale midlar for å utvikle nye prosjekt lokalt. | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planeTeke til etterretning. Tiltak lagt inn i kap 5.9, innsatsområde 39 |

| **Masfjorden kommune** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Kommunestyret | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Planen er ein stor og ambisiøs plan, men er på mange områder altfor lite konkret og forpliktande.<br><br>Ber om at følgjande tema vert drøfta nærmare og eventuelt innarbeidd/synleggjort i det endelege plandokumentet:<br>1. Nynorsken sin status i fylket bør drøftast betre i planen, og det bør formulerast strategiar for å ta vare på og utvikla dette skriftspråket sin status i Hordaland<br>2. Konsolidering av Bjørn West-museet må komma under museumsløftet<br><br>**Kunst- og kulturformidling**<br>Nordhordland er den einaste regionen i Hordaland utan distriktsmusikarar, og dette er eit sakn, særskilt med tanke på at kulturmiljøet med brasbanda i spissen, er sterkt.<br><br>5.7.26. Vegen inn i kunst- og kulturlivet<br>Nordhordland sitt behov for å få eiga studieretning innanfor musikk, dans og drama bør drøftast i planen | Teke til orientering. Planen skal handsamast i fylkestinget som set avgjer endeleg form og omfang.<br><br>1. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet.<br>2. Sjå kommentar 16. Museumsløft<br><br>Teke til orientering.<br><br>Teke til etterretning jf kap 5.7. innsatsområde 26. |

| | | |
|---|---|---|
| | **Bibliotek**<br><br>Konkretisering av folkebiblioteka sin status med målsetting om å oppretthalde dei med kort avstand for brukarane, og med strategiar for å utvikle desse viktige møteplassane vidare må kome betre fram i plananen. | Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planforslaget |
| Generelt | Fysisk aktivitet er viktig for folk si fysiske og mentale helse, for trivsel og leik. Det er difor viktig å legge til rette for at alle kan ta del i fysisk aktivitet anten det er gjennom idrettslag, uorganisert aktivitet eller friluftsliv. | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| | Den forma for aktivitet flest deltar i, er friluftsaktivitetar. Tiltaket om å leggja til rette for minst eitt universelt utforma friluftsområde i kvar kommune er positivt og kan gjera det lettare for fleire å ta i bruk naturen. | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| | Det er i dag eit stort etterslep på finansiering av både nærmiljøanlegg og større anlegg, med opptil 5 års ventetid på å få utbetalt spelemidlar frå Hordaland fylkeskommune. Fylkeskommunen må arbeida for å redusere ventetida. | Teke til etterretning. Kap 5.9, innsatsområde 39, avsnitt 18 |
| Innsatsområde | **16. Museumsløft**<br>Arbeid er i gang med å organisere Bjørn West-museet i ei konsolidert museumseining, Museum Vest eller Museumssenteret i Hordaland. Bjørn West-museet fortel ei historie som femner langt vidare enn Masfjorden kommune, og det må difor vera i fylkeskommunen si interesse å utvikla museet vidare. Konsolidering av Bjørn West-museet må komma inn under museumsløftet og prioriterast i fyrste fireårsperiode. Masfjorden kommune vil i den samanheng òg visa til høyringsfråsegna til planprogrammet.<br><br>Kulturbasert næringsutvikling er eit satsingsområde i planen og me vil meina at ei konsolidering av Bjørn West-museet vil vera eit | Teke til orientering. Forarbeid til konsolidering av Bjørn West-museet er sett i gong i tråd med Regional plan for museum 2011-2015. Hordaland fylkeskommune har løyvd midlar i 2014 til ei utgreiing av vidare prosess og konsekvensar for museet.<br><br>Kulturplanen går i liten grad inn på enkeltprosjekt, men det vert vist til innsatsområde 16 Museumsløft som viser satsingane på |

| | | |
|---|---|---|
| | fyrste steg på vegen mot å få til eit opplevingssenter for Stølsheimen. Masfjorden har òg museum som har kystkultur som tema. I museumsløftet bør det vera rom for økonomisk støtte til vidareutvikling av eit slikt museum. | dette feltet. |

| **Meland kommune** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Kommunestyre | | |
| Tema: | | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Regional kulturplan for Hordaland er ein stor og ambisiøs plan. Planen famnar over heile kulturfeltet og set fokus mange utfordringar og mogelege utviklingsområde. Meland kommune ønskjer at ein i det vidare arbeidet set fokus på:<br><br>1- Regionale løysingar med omsyn til kulturminne og bevaring,<br>2- Arena utvikling både i kommunane og regionalt<br>3- Styrking av stadidentiteten til dei som bur i kommunane.<br>4- Ved i gangsetting av ulike prosjekt er det viktig at så mange som mogeleg vert involvert og at "inngangsbilletten" for deltaking ikkje er for høg. VI ønskjer lukke til vidare med det vidare arbeidet og iverksetting av planen. | .<br>1. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet<br>2. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet<br>3. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet<br>4. Teke til orientering |
| | **Kunst- og kulturformidling**<br>Kulturformidling og kunstproduksjon krev samarbeid mellom det profesjonelle, institusjonar og det frivillige. | Teke til orientering. Dette er i tråd med intensjonane i planen |
| | Det er vesentleg å arbeide for å skaffe gode arenaer og møteplassar til øving, produksjon og framsyningar. | Teke til orientering. Dette er i tråd med intensjonane i planen |
| | Nordhordland er og den einaste regionen i Hordaland utan distriktsmusikarar, dette er eit sakn. | Teke til orientering |
| | 5.7.26. Vegen inn i kunst- og kulturlivet | |

| | | |
|---|---|---|
| | Kulturskulen er ein viktig institusjon som opnar dørene til kunstverda for barn og unge. Kommunen ser at eit koordinerande fylkeskommunalt ledd for kulturskulane, tilsvarande organiseringa av bibliotekfeltet, er ønskjeleg. Dette vil kunne styrke samarbeid og utviklingsarbeid, og gjerne styrke samarbeidet med viktige aktørar som UKM ( Ungdommens kulturmønsting) og DKS ( den kulturelle skulesekken). Det er viktig å skape rom for at dei kommunale kulturskulane i størst mogeleg grad kan gje tilbod om individuell utvikling og opplæring innafor dei kunstområda elevane ønskjer.<br><br>I nordhorlandsregionen er det ingen av dei vidaregåande skulane som tilbyr studieretning musikk, dans og drama, og elevar som ønskjer å gå den vegen må flytte ut av regionen. Eit slikt tilbod vil og vere ei styrking av tilbodet som kulturskulane gjev.<br><br>**16. Museumsløft/ 20. Lokalt kulturminnevern og museum**<br>Vern av dei fleste kulturminne er i hovudsak eit lokalt ansvar og gjennom å styrke kompetansen og bruk av denne vil kommunane kunne ta vare på og utvikle dei lokale kulturminna. Institusjonane må etablere tydelege samarbeidsordningar med skuleverket i høve kunnskapsforvaltning og formidling.<br><br>Det er ikkje noko regionalt magasin i Nordhordland, etablering av eit slik magasin er nemnd i som eitt av innsatsområda i planen (16 B). Dette er svært positivt.<br><br>Planen legg opp til å styrke samarbeidet mellom musea, lokale aktørar og forvaltinga for eigarskap og deltaking i arbeidet med kulturarven. Dette samarbeidet er viktig og med tanke på at kommunane dei neste åra skal utarbeide eigne kulturminneplanar, noko som Meland kommune og har under arbeid. | Teke til orientering. Fylkesrådmannen ser dette som eit interessant felt for utvikling i planperioden.<br><br>Teke til etterretning jmf kap. 5.7.innsatsområde 26<br><br>Teke til orientering. Innspelet er i tråd med planframlegget.<br><br>Under innsatsområde 16 er fellesløysingar for musea eit hovudfokus. Form og organisering på dette tiltaket vert del av oppfølginga av planen.<br><br>Teke til orientering. Ein merkar seg at Meland kommune støttar opp under arbeidet med kulturminneplanar i kommunane og dei nye samarbeidsordningane som er under utvikling. |

| | | |
|---|---|---|
| | **Bibliotek**<br><br>Biblioteka i Hordaland treng eit løft jfr. Enger-utvalet og slik som det er omtala i denne planen.<br>Biblioteka samarbeider i dag med skulane for å styrkje lesedugleiken, dette må vidareutviklast<br><br>Dei strategiske innsatsområda i planen er formidling, marknadsføring, digital kompetanse og endringsleiing/endringskompetanse. Dette er framtidsretta og gode strategiar som kommunane vil ha god nytte av.<br><br>**Arkiv**<br><br>Det er fint at planen har som mål å styrke det lokalhistoriske arbeidet gjennom å utvikle lokalhistorisk kompetanse i samarbeid med musea, biblioteka og lokalhistoriske miljø i fylket. | Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering. |
| | **Idrett og friluftsliv**<br><br>Fylkeskommunen må jobbe for å få ned ventetida på spelemidlar. | Teke til etterretning. Kap 5.9, innsatsområde 39, avsnitt 18 |
| | Positiv til eitt UU-friluftsanlegg i kvar kommune. | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| | I planen er hovudfokus å skape gode aktivitetsvanar for barn og unge, men det er og viktig å legge til rette for eigenorganisert idrett for vaksne og dei som driv frivillig arbeid. | Teke til orientering |
| | Ein må ha fokus på kva ein kan gjer for å gjer deltaking meir attraktivt for ungdom, som har stort fråfall frå organisert idrett.<br><br>Gode gang og sykkelvegar kan vere eit slikt grep.<br><br>Tilrettelegging for frivillighet. Kort avstand til tilrettelagte | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |

| | | |
|---|---|---|
| | friluftsområder og turløyper.<br><br>Fokus på geografi i fordelinga av spelemidlar<br><br>Fokus på utvikling av fleire typar nærmiljøanlegg<br><br>Tilrettelegging for friluftsliv, skilting, merking , gradering<br><br>Utvikling av nye typar anlegg | |
| | Planen vil gje eit godt bidrag til folkehelsa | Teke til orientering |
| | Meland vil engasjere seg i: FÅ15 og merkeprosjektet, planlegging for å gjer aktive val enkle, tilrettelegge UU friluftsområde | Teke til orientering |
| | Planen må ivareta miljøet i all planlegging av nye arenaer og oppgradering av eksisterande. | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| Generelt | Idrett og friluftsliv<br><br>Fylkeskommunen må jobbe for å få ned ventetida på spelemidlar. | Teke til etterretning. Kap 5.9, innsatsområde 39, avsnitt 18 |
| | Positiv til eitt UU-friluftsanlegg i kvar kommune. | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| | I planen er hovudfokus å skape gode aktivitetsvanar for barn og unge, men det er og viktig å legge til rette for eigenorganisert idrett for vaksne og dei som driv frivillig arbeid. | Teke til orientering |
| | Ein må ha fokus på kva ein kan gjer for å gjer deltaking meir attraktivt for ungdom, som har stort fråfall frå organisert idrett.<br><br>Gode gang og sykkelvegar kan vere eit slikt grep.<br><br>Tilrettelegging for frivillighet. Kort avstand til tilrettelagte friluftsområder og turløyper.<br><br>Fokus på geografi i fordelinga av spelemidlar | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |

| | | |
|---|---|---|
| | Fokus på utvikling av fleire typar nærmiljøanlegg<br><br>Tilrettelegging for friluftsliv, skilting, merking , gradering<br><br>Utvikling av nye typar anlegg | |
| | Planen vil gje eit godt bidrag til folkehelsa | Teke til orientering |
| | Meland vil engasjere seg i: FÅ15 og merkeprosjektet, planlegging for å gjer aktive val enkle, tilrettelegge UU friluftsområde | Teke til orientering |
| | Planen må ivareta miljøet i all planlegging av nye arenaer og oppgradering av eksisterande. | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |

| **Museet Gamle Vossebanen** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kulturminnevern og museum**<br><br>Regional kulturplan er omfattande og famnar vidt. Likevel er det eit stort område som ikkje er nemnd. Gamle Vossebanen er norsk kulturarv på skinner. Museet Gamle Vossebanen er det lengste museum i Hordaland. Hele strekningen er nasjonalt kulturminne i nasjonal verneplan for kulturminne for jernbanen. Dugnadsinnsatsen er stor. Museet Gamle Vossebanen finn det merkeleg at det ikkje har vore representert i planprosessen. Gamle Vossebanen Museum vil be om møte med Hordaland fylkeskommune for å drøfte detaljar i dei utfordringane museumsjernbanesektoren har.<br><br>Pkt. 2 Offentleg arbeidsdeling på kulturfeltet: Samarbeid mellom fylkeskommune, stat og kommune må definere dei overordna rammene for kulturminnevernet gjennom arbeidet med landsverneplanen. | Museet Gamle Vossebanen har levert ei særs omfattande høyringsfråsegn på omlag 20 sider (med bilete). Ein del av uttalen er knytt til jernbanen si historie, Vossebanen som nasjonalt kulturminne, om innsatsen for å ta vare på museumsjernbanemiljø, Norsk Jernbaneklubb, og Museet Gamle Vossebanen. I høyringsuttalen viser ein korleis verksemda til Gamle Vossebanen bidrar til å stø opp under dei ulike måla og innsatsområda i kulturplanen. Andre kommentarar legg vekt på museet sin økonomiske stilling. Kulturplanen tek ikkje stilling til driftstilskot til den einskilde institusjon. Ein går heller ikkje inn på dei einskilde institusjonane på den måten som høyringsfråsegnet her kanskje ønskjer. Fylkesrådmannen ser koplingar mellom mange av satsingane i kulturplanen og det arbeidet som Museet Gamle Vossebanen gjer.<br><br>Fylkesrådmannen er positiv til forslaget om at Museet Gamle |

| | | |
|---|---|---|
| | Pkt 4.5 Kulturminnevern og museum: Ei museumsjernbane kan ikkje samanliknast med eit vanleg museum. Gamal historie vert levande på ekte vis. Frivillige legg ned mykje arbeid. Målet er å gi eit riktig billete av historisk jernbanedrift.<br><br>Pkt. 5.1 Endring i busetnad og infrastruktur: I nasjonal strategi for reiselivsnæringen frå 2007 står det mellom anna at det er eit sosial ansvar å halde til dømes kulturlandskapet ved like. Når Gamle Vossebanen vert tilgjengeleg via drift er det særleg viktig at turen vert gjennomført så autentisk som mogeleg. Gamle Vossebanen har fungert i kombinasjon med båttransport og fjordbanetraséen. Saman med Osbanetraséen fortel Gamle Vossebanen om samferdselssystemet si betydning for industri og busetnad.<br><br>Innspill til pkt 7. Referansar. Her manglar:<br>Landsverneplanen for jernbanen, bind 1: Dette for Landet velsignede Transportmiddel. Oslo 2009, Magne Fugelsøy<br>Landsverneplanen for jernbanen, bind 2: Respekten for Forfædrenes Værk, Oslo 2014, Magne Fugelsøy<br>Verneplan for jernbanebygninger. Oslo: NSB Eiendomsdivisjonen, 1997 av Hartmann, E og Mangset, Ø. | Vossebanen vert invitert til møte med Hordaland fylkeskommune, ved Fylkeskonservatoren, for å drøfte situasjonen til museumsjernbanesektoren.<br><br>Det arbeidet som frivillige legg ned i Hordaland er viktig. Museet Gamle Vossebanen er eit godt døme på frivilligheit.<br><br>I høyringsuttalen kjem ein inn på utfordringar mellom tilsette og frivillige ved å vise til konsolideringsundersøkinga frå Museumsbanene i 2010. Hordaland si museumssatsing går gjennom dei konsoliderte musea, men i den nye planen legg ein opp til betre samarbeidsmodellar for frivillige, konsoliderte museum og kommunar.<br><br>Jernbanehistoria i Hordaland er viktig og kan knyttast til industri og busetnadsutvikling.<br><br>Musea i Noreg og Hordaland har utfordringar knytt til magasin og bygg generelt for å kunne oppfylle oppgåver innan forvalting. |
| Innsatsområde | **Kulturminnevern og museum**<br><br>Innsatsområde 2 Arealutvikling og infrastruktur: Dersom kulturminne skal førast vidare må ein få sikring av gjenstandane – som er store og tunge. Restaurerings- og konserveringsoppgåvene til museet skjer i kummerlege lokale. Eit tidsmessig restaureringsverkstad er nødvendig. Ein vognhall vil også kunne vere ein utstillingshall. Det er ei hovudutfordring å få vognhall for forsvarleg oppbevaring av samlingane. | Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | Museet leg stor vekt på rekruttering av ungdom til frivillig innsats, som på sikt har gitt lokførere, fyrbøtere og togførere. Ungdom har også søkt handverksutdanning. | Teke til orientering |
| | Pkt. 5.3 Verdiskaping<br>Innsatsområde 7 Friviiligheit: Museet viser til korleis ansvar for aktiviteten aukar engasjementet og inspirerar til aktivitet og identifikasjon. Ein legg stor vekt på inkludering. Verksemda bidrar til eit godt lokalmiljø og barna sitt oppvekstmiljø. Tilgang på sosialt nettverk og kjensle av meistring er døme på vinst. Frivillig innsats er ein stor ressurs som må respekterast på lik line med andre materielle verdiar og innsatsfaktorar. | Teke til orientering |
| | Pkt. 5.5. Kulturminnevern og museum<br>Innsatsområde 15 Dokumentasjon: Det krev stor teknisk innsats og kunnskap å drifte og holde ved like ein jernbane på gammeldags manér. Å trygge finansieringen må vere det offentlege sitt ansvar som ledd i å ta vare på kulturarven og understøtte reiselivsnæringa og det frivillige arbeidet. | Teke til orientering |
| | Innsatsområde 16 Museumsløft: Konsolidering er ikkje utelukkande positivt for museumsjernbanene med omsyn til økonomiske rammevilkår, kunnskap hjå dei profesjonelle museumsmiljøa og krav i jernbanelovgivinga. | Teke til orientering |
| | Hordaland fylkeskommune viser passivitet i høve eit av dei største kulturminna i fylket. | Teke til orientering |
| | Innsatsområde 17 Kulturminne som ressurs:<br>I nasjonal strategi for reiselivsnæringen frå 2007 står det mellom anna at det er eit sosial ansvar å halde til dømes kulturlandskapet ved like. Det er viktig å vise Noreg som eit land med kvalitet. Turistmål som museumsjernbaner må tilby dei reisande gode | Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | produkt og synleggjere desse. Når Gamle Vossebanen vert tilgjengeleg via drift er det viktig at turen vert gjennomført så autentisk som mogeleg.<br><br>Innsatsområde 18 Utvalde kulturminnekategoriar:<br>Museet Gamle Vossebanen er eit nasjonalt kulturminne med museal drift av historiske tog i eit levande museum. Gamle Voseebanen er eit internasjonalt reisemål. Hordaland har ein posisjon innan dette kulturfeltet. Ein verneplan bør minst ha ein tidshorisont på 30 år. I ei slik tidsramme vil Bergensbanen ha ny og tidsriktig trasé mellom Trengereid og Tunestveit. "Dagens bane øremerkes på dette grunnlaget for en fremtidig utvidelse av museumsjernbanen Gamle Vossebanen."<br><br>Innsatsområde 20 Lokalt kulturminnevern og museum:<br>Det er fram til 2015 lagt ned 247 000 timer dugnad. Museet driv mellom anna formidling og har gitt ut fleire bøker. Heile strekningen er i 2014 forslått freda som nasjonalt kulturminne.<br><br>Innsatsområde 21 Forvalting av kulturminnevernet:<br>Museet er både eit kulturminne og eit levande museum. Museet viser til at staten og Bergen kommune yter driftstilskot. Hordaland fylkeskommune må ta sin del av ansvaret.<br><br>Innsatsområde 22 Tradisjonsuttrykk: Stor teknisk innsikt er nødvendig for å handtere mellom anna gamle maskiner. Verkstad, verktøy og stallingsplass er viktig. | Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering |
| | | |

| **Museum Vest** |
|---|

<table>
<tr><td colspan="3">Fråsegn ved: Direktør</td></tr>
<tr><td>Tema:</td><td>Samandrag</td><td>Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar:</td></tr>
<tr><td>Generelt</td><td>Særs positivt at museumsløftet vert ført vidare. Satsinga bør og omfatte magasin for gjenstandar og arkiv.</td><td>Fellestenester er eit satsingsområde under museumsløftet. Arbeid med fellesmagasin er ein del av desse fellestenestene, men magasin knytt til dei einskilde institusjonane er ikkje ein del av satsinga.</td></tr>
<tr><td>Innsatsområde</td><td>Kulturminnevern og museum<br><br>1. Innsatsområde 16: Musea er ikkje med som partnar i satsing på tematisk og regionale ansvarsmuseum.<br>2. Innsatsområde 18: Utvalde kulturminnekategoriar, krigsminne: museet saknar meir korrespondanse mellom tekst i høyringsutkast og i handlingsplanen – og kven som skal ha ansvaret og korleis ein ser dette for seg. Museet foreslår ei registering av kulturminne samt innsamling av film og foto frå samme periode<br>3. Pkt 19, verdsarv: Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune bør samarbeide om å få på plass eit verdsarvsenter på Bryggen, og slik lette forvaltings- og formidlingsarbeidet som Museum Vest og Bymuseet har.<br>4. Arbeidet med å renominere verdsarvstaden Bryggen som eit utvida område frå Vågsbunnen til Sandviken bør løftast fram som eit satsingsområde.<br>5. Museet saknar ei tydeleg plassering av musea i satsingar knytt til Nordsjøområdets kulturhistorie og Bergens internasjonale rolle.</td><td>1. Teke til etterretning, planforslaget blir endra i tråd med innspelet<br>2. Teke til orientering. Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden på bakgrunn av dei premissane planen set.<br>3. Teke til orientering. Eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune samt andre aktørar om etablering av eit verdsarvsenter på Bryggen er ein del av satsinga i planforslaget. Hordaland fylkeskommune har eit regionalt ansvar for verdsarv, og i planperioden vil ein halde seg orientert om nye prosessane som foregår.<br>4. Teke til orientering<br>5. Teke til orientering , jf<br>6. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet , kap. 5.4, innsatsområde 11C og 12B Forsking er ei viktig oppgåve for musea og dei må etablere samarbeid med universitet og høgskule for å vidareutvikle denne delen av verksemda.</td></tr>
</table>

<table>
<tr><td colspan="3">Museumssenteret i Hordaland</td></tr>
<tr><td colspan="3">Fråsegn ved: Direktør</td></tr>
<tr><td>Tema:</td><td>Samandrag</td><td>Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar:</td></tr>
<tr><td>Generelt</td><td>Kulturminnevern og museum</td><td></td></tr>
</table>

| | | |
|---|---|---|
| | 1. Det er fint med ein kulturplan som tek inn over seg samfunnsmessige endringar, og at den legg opp til større samarbeid og samhandling mellom forvaltingsnivåa.<br><br>2. Det er viktig å understreke hovudmålet i gjeldande museumsplan. Museet ser det som viktig at tiltaka i den regionale museumsplanen blir ført vidare og innlemma i kulturplanen, særleg gjeld dette volumauke i driftstilskot til musea.<br><br>3. Det kan vere ein svakhet ved kulturplanen at ein plan som dekker heile kulturfeltet lett kan oversjå sentrale og viktige satsingar og behov innan det einskilde feltet/sektoren. Planen vil bli styrka ved å ha ei tydelegare forankring i det som særpregar kulturfeltet i fylket. Det er viktig å fokusere på kva som er det spesielle ved kulturtrekka i Hordaland.<br><br>4. Om budsjettintervall: Museet ser visse fordelar med treårsbolkar. Det kan gje forutsigbarheit og bruk av færre ressursar på prosessen. I og med at museet må sende årlege søknader til Kulturdepartementet, så hadde det kanskje vore ein idé å samordne dette, slik at musea sende same søknad til fylket som til stat. Det er ein fare for at budsjett kvart tredje år vil gjere det vanskeleg å vere nyskapande. Det føreset ordningar med frie midlar til prosjekt- og utviklingsarbeid.<br><br>5. Forvalting, forsking, formidling og fornying må også vere til grunn for musea sitt regionale kulturoppdrag. Innsatsområda 16 og 18 er særs viktige dei neste åra. | 1. Teke til orientering<br><br>2. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet. Hovudmål i gjeldande museumsplan vert premissar for arbeidet med museumsløftet. Gjeldande museumsplan har 46 tiltak, 10 av desse er særleg prioriterte. Det er kontinuitet mellom eksisterande og ny plan.<br><br>3. Teke til orientering.<br><br>4. Teke til orientering<br><br>5. Kjerneoppgåvene til musea – forvalting, forsking, formidling og fornying er naturleg også kjerneoppgåver i regional museumspolitikk, og ligg til grunn for innsatsområda og tiltaka. Ein legg opp til at musea i kanskje større grad enn tidlegare er meir utadretta i høve kommunar og kulturminnevernet. |

| | | |
|---|---|---|
| Innsatsområde | **Kulturminnevern og museum**<br><br>1. Innsatsområde 16: Satsing på oppgradering av faste utstillingar og nye utstillingar må vere del av museumsløftet. Det same bør gjelde samlingsforvalting, forvaltingsplanar for bygg og kulturlandskap. Det er stort behov for fellesløysingar innan mellom anna IKT. Ein må arbeide vidare med nye fellesmagasin med ulike fellestenester. Ein føresetnad for konsolidering av private samlingar regionalt i Nordhordland er auke i driftsgrunnlaget.<br>2. Innsatsområde 3: Musea bør vere partnar<br>3. Innsatsområde 17: Dei regionale ansvarsmusea bør vere partnar<br>4. Innsatsområde 23 er naturlege oppgåver for musea.<br>5. Nye forslag:<br>Innsatsområde 5 – Inkludering: Nytt pkt Migrasjon og kulturmøte. Migrasjon og kulturmøte har tradisjonar tilbake til Vesterhavsøyene og særleg omfattande var utvandringa til USA på 1800-og 1900-talet. Dette feltet er svært aktuelt i dag og bør ha fokus. Kulturelle impulsar begge vegar (Hordaland-USA) representerer eit potensiale på området immateriell kulturarv. Tidsbilete vert gjentatt i dag. Innsatsområde 12 – Internasjonalisering: Migrasjon og kulturmøte som tilleggspunkt F.<br>6. Innsatsområde 15 C Program for dokumentasjon av immateriell kulturarv: Her må kulturlandskap/landbruk Teke med.Programmet bør også danne grunnlag for ein plan for vidareføring og sikring av immateriell kulturarv i Hordaland.mPartnarar: Musea, landbruk<br>7. Innsatsområde 16 Museumsløft: | 1. Teke til orientering. Behovet og arbeidet for fellesløysingar og vidareutvikling av arbeidet med samlingsforvalting er med i ny kulturplan. Utstillingar er ein del av museumsløftet. Konsolidering av private/kommunale samlingar føreset kommunale bidrag.<br><br>2. Teke til etterretning<br><br>3. Teke til orientering<br><br>4. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet<br><br>5. Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget. Dette er ein naturleg del av arbeidet i fleire av musea. Jf. kap. 5.4, innsatsområde 11C og 12E<br><br>6. Teke til orientering. Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden på bakgrunn av dei premissane planen set.<br><br>7. Teke til orientering<br><br>8. Teke til etterretning. Fylkesrådmannen ser behovet for eit auka fokus på den tekstilarven i kulturplanen.<br><br>9. Teke til orientering. Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden på bakgrunn av dei |

| | | |
|---|---|---|
| | 1. Nytt fellesmagasin for musea i Hordaland<br>2. Styrking av Bevaringstenestene, og musea si samlingsforvalting<br>3. fellesløysingar innan samlingsforvalting<br>Innsatsområde 18 – Utvalde kulturminne:<br><br>8. Museet saknar særleg eit felt: Tekstilframstilling ( både heimeindustrien ( den før-industrielle) og tekstilindustrien, som garveriverksemd.Industriarven og tekstilindustrien: Salhus Tricotagefabrik – eit nasjonalt industriminne i Hordaland.<br>9. Innsatsområde 22. Tradisjonsuttrykk. Omgrepet tradisjonsuttrykk er ikkje definert. Tiltak B. Vidareutvikle tradisjonelle handverk, Viktig også å ha fokus på arbeidsteknikkar og reiskapskultur. Den traderte kunnskapen er i ferd med å forsvinna. Museet ynskjer at planen i større grad er tydelegare på særpreg i tradisjonsuttrykket i Hordaland, og kva område fylket bør starte med strategiarbeid og innta ei nasjonal rolle. Museet har utarbeida følgjande tekstforslag: *I den første fireårsperioden vert det gjennomført eit pilotprosjekt der målet er å utarbeide ein strategi for korleis ta vare på og vidareføre kunnskapsarven innan tekstilfeltet. Oppdeling i tematiske område gir rom for å sjå heilskapar og samanhengar. Dette er igjen ein føresetnad dersom ein skal definere og prioritere særleg viktige innsatsfelt. Ein slik strategi må omfatte kartlegging, prioritering og modellar for vidareføring. Dette må skje i samarbeide mellom musea i fylket, frivillig sektor, utdanning, og nasjonale og internasjonale nettverk. I pilot- prosjektet må det prøvast ut fast samarbeide med skulen, stipendordningar m.m. Erfaringane frå pilotprosjektet vil kunne nyttast for utvikling av strategiar på andre fagområde.*<br>10. Tiltak C: Etablere bygningsvernsenter: Eit godt tiltak for å | premissane planen set<br><br>10. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet. Tiltaket er gjve høg prioritet i forslag til handlingsprogram. |

| | | |
|---|---|---|
| | sikre kompetanse for handverkarar. Dei mange restaurerings- og rehabiliteringsprosjekta i Hordaland med offentleg støtte bør opnast som læringsarena for eit bygningsvernsenter. | |
| | | |

| **NOKU Hordaland** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Styre | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Prisverdig at fylkeskommunen lagar ein slik pilotplan der ein rekke fagområdar samlast i ein plan. Ambisiøs, utan å vere alt for forpliktande.<br><br>Tiltaka i handlingsprogrammet har låg presisjonsgrad, så det ver vanskeleg å vurdere om ein når måla<br>Konsekvensar av kommunesamanslåingar for kulturfeltet blir ikkje tilstrekkeleg vurdert. Godt verktøy for samhandling og utvikling av kulturfeltet i Hordaland | Teke til orientering<br><br><br><br>Teke til orientering |

| **Nordhordland Utviklingselskap IKS** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Dagleg leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Det er positivt at Hordaland Fylkeskommune ønskjer å vere ein tydeleg samarbeidspart for kommunane i arbeidet med å utvikle sterke, samfunnsorienterte og sæeigne lokalsamfunn. Nordhordaland Utviklingsselkap IKS ønskjer å støtte opp om det viktige og gode arbeidet som kommunane i regionen gjer på kulturfeltet og vår uttalelse er basert på dei felles utfordringar kommunanene har. | |

| | | |
|---|---|---|
| | Nordhordaland Kulturforum peiker på tre viktige, felles utfordringar i regionen:<br>1. Magasin i Nordhordaland<br>2. Kulturarena i Nordhordaland<br>3. Regional støtte til aktivitet/prosjekt i Nordhordaland gjennom ulike tilskottsordning<br><br>**Kunst- og kulturformidling**<br><br>**5.7.28. Amatørkultur m.m**<br>Hordaland fylkeskommune er ein god medspelar for kommunane når det gjeld styrke og støtte opp om den frivillige innsatsen/amatørkulturen. Det er viktig at også dei små bygdene ser att fylkeskommunen sin visjon gjennom satsingar og at dei kan sjå si rolle i dette. | 1. Under innsatsområde 16 er fellesløysingar for musea eit hovudfokus. Form og organisering på dette tiltaket vert del av oppfølginga av planen<br>2. Teke til orientering<br>3. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet.<br><br>Punktet er notert |

| **Nordhordlandsbiblioteka** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Administrativt | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Bibliotek**<br><br>Bibliotek og kulturløft.<br>Framlegg om at fylkeskommunen tek initiativ til eit regionalt kulturløft, for å sikre at grunnmuren er sterk nok til å gjennomføre alle oppgåvene som er skissert i kulturplanen<br>Følgjande punkt er viktige for å ut*vikle* gode bibliotek og | Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | bibliotektenester :<br>Etablere regionale «litteraturhus» og utvikle dei med høg kvalitet<br>Spreie kunnskap om ulike modellar for drift av skulebibliotek<br>Legge til rette for digital deltaking<br>Vidareutvikle felles biblioteknettstader som samlingspunkt for litteraturformidling, kunnskapsbasar og kommunikasjon | |
| Innsatsområde | **Bibliotek**<br><br>*Innsatsområde 33 tiltak B. Drive aktiv kunnskaps- og litteraturformidling av høg kvalitet i det fysiske og digitale bibliotekrommet* er avgjerande for at biblioteka skal ver ein interessant stad å oppsøkje. Viktig at dette arbeidet vert gjort i samarbeid med kommunane slik at alle kommunar få ta del i utviklinga. | Teke til orientering. Fylkeskommunen kjem til å samarbeide tett med kommunane om dette tiltaket |

| **Norges Husflidslag** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Adm. direktør | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kulturminnevern og museum**<br><br>Fylket har mange ambisjonar på kulturfeltet og er ein viktig samarbeidspartnar og premissleggar. Ein har stor sans for vektlegging av at alle generasjonar deltek, ein solid kulturell grunnmur og ynskje om å ta vare på dei særtrekka som er i Hordaland. Norges Husflidslag er ein av tre organisasjonar i Noreg som er akkreditert som NGO ( ikkje-statleg organisasjon) i UNESCO i feltet immateriell kulturarv.<br><br>Verdiskaping og næring, bunad og tekstilarv: Det er nær samanheng mellom verdiskaping og kunnskap, kulturarv og fornying. Husflidslaga legg ned eit stort arbeid, og saman med det profesjonelle fagapparatet til Norges Husflidslag har fylkeskommunen eit potensiale som ikkje er godt nok utvikla.<br><br>Ull: Norges Husflidslag har satsing på raudlista. Laga vert oppmoda til å finne ein teknikk som er i ferd med å forsvinne, og så sette i gang tiltak for at fleire skal lære seg denne. Ein meiner at Hordaland har ei særstilling her då ein framleis har eit levande og livskraftig kulturnæringsliv innan dette feltet, til dømes ull og garn på Hillesvåg Ullvarefabrikk. Konsulenten i Hordaland( kultur- og næringskonsulent) har eit særleg ansvar for norsk ull frå norske sauer. Prosjektet " Frå Ull til genser" som blei sendt på NRK skapte stor interesse nasjonalt og internasjonalt. Behov for meir kunnskap om ull og meir samordna innsats for å utvikle denne næringa, er stor. | Teke til etteretning. Husflidslaga speler ein viktig rolle for den immaterielle kulturarven.<br><br>Ein ser behov for meir fokus på tekstilarv, og har i nytt forslag til kulturplan fått dette fram. Korleis?<br><br>Som del av dette fokuset er det mogleg å tenkje seg at utarbeiding av stategiar for auka samarbeid mellom ulike aktørar vert ein naturleg vidareføring. |

| | | |
|---|---|---|
| | Bunad og mangfald: Samspel mellom næringa og dei lokale husflidslaga er avgjerande for å halde fram med kvalitetsproduksjon. Eit kontinuerleg arbeid for å føre vidare og utvikle handverkskompetanse, og å bevisstgjere publikum om produktet dei kjøper. Bunad produsert i Noreg får stadig flere konkurrentar som ikkje har som mål å ta vare på den immaterielle kulturarven. Det er og eit problem å rekruttere dyktige handverkarar som kan levere høg kvalitet raskt i eit stadig meir krevjande marked. Nettopp mangfaldet er avgjerande for at folk flest vil halde fram med å investere i noko som er produsert av høgt kvalifiserte handverkarar.<br><br>Kulturminnevern og museum – handlingsboren kunnskap: dei mange kurs- og formidlingstiltaka som lokale lag gjennomfører kvart år er heilt avgjerande for å ta vare på den handlingsborne kunnskapen. Norges Husflidslag har lang erfaring med slikt arbeid og veit at dei kan nå fram til dei unge på dette feltet ikkje minst gjennom dei lokale husflidslaga. Dette arbeidet må visast i fylket sine plandokument. Ein ønskjer eit meir forpliktande samarbeid med fylket.<br><br>Samhandling og samordning: det fylkeskommunale tilskotet til kultur- og næringskonsulenten (via næringsavdelinga) falt bort i 2014. Norges Husflidslag er positiv til tildelingar med treårig perspektiv. Norges Husflidslag er positiv til samarbeidsavtaler som definerer oppdrag tilsette kan gjere for fylkeskommunen. Slike avtaler har ein med fleire fylke. Det er godt grunnlag for næringsbasert husflid i Hordaland, ikkje minst knytt til bunad.<br><br>Kulturnæringsutvikling og kulturarvsforvalting heng tett saman og treng ressursar i form av fagfolk, både tilsette og frivillige. Norges Husflidslag  ynskjer strategiar for dette arbeidet der mellom anna Norges Husflidslag blir tatt med. | |

| | | |
|---|---|---|
| | Lokale til kulturverksemd: Det er eit stort behov for lokale til kulturverksemd, særleg verkstadfasilitetar. | |

| **Norges håndballforbund Region Vest** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: dagleg leiar | | |
| Tema: | | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Idrett og friluftsliv**<br>Norges Håndballforbund Region Vest meiner det er eit tap for idretten at den er ein del av ein større kulturplan. Om dette likevel vert gjennomført, vil dei sjå det som naturleg at den vert kalla «Kultur og idrettsplan for Hordaland 2015 – 2025». Tap for idretten å bli del av større plan | Til orientering |
| Innsatsområde | **Idrett og friluftsliv** | |
| | Meiner det er naturleg å endre namn på planen til Kultur- og idrettsplan for Horaland 2015-2025 | Teke til etterretning. Det vert lagt inn klår definisjon av kulturomgrepet i planframlegget og gjort konsekvent bruk av omgrepet i planen og handlingsprogrammet. Under kap 1.4. vert det lagt til nytt mål knytt til landskap. |
| | Anleggspolitikk: Ønskjer å prioritere hallar med minimum 23 - 44m | Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet. Jf 5.9, innsatsområde 39 |
| | Ønskjer meir fri bruk av fylkeskommunale anlegg | Teke til etterretning.Kap 5.9, innsatsområde 39 |
| | Ønskjer større innandørsarena som kan huse store nasjonale og internasjonale meisterskap i Bergen. | Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet. |

| Norges museumsforbund | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Generalsekretær | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kulturminnevern og museum**<br><br>Norges museumsforbund har merka seg at planen har litt ulikt detaljeringsnivå mellom dei ulike kulturområda. I omtalen av museums- og kulturminnevernfeltet har kulturminnevernet fått ein noko større plass enn musea, men desse områda har mange tangeringspunkt.<br>1. Planen har ein tydelig og ambisiøs visjon. Dei seks hovedmåla understreker kultur som viktig og integrert del av utviklingen. At kulturens egenverdi vert understreka er viktig og riktig.<br>2. Planen har gode framstillingar og analysar av dagens status for satsingar innan dei ulike delane av kulturfeltet. Regional plan for museum 2011-2015 har bidratt til å forme ein museumssektor som utgjer ein vesentlig del av den fylkeskommunale kulturpolitikken. Mange av satsingane er viktig å følge opp vidare.<br>3. Museumsforbundet understrekar bygningsvernkonsulentordningen ved de regionale ansvarsmusea som har styrka bygningsvernarbeidet for museum, kommune, fylkeskommune og private personar. Det er viktig å bygge vidare på dette. Om dette best kan gjerast gjennom bygningsvernkonsulentordninga eller bygningsvernsenter bør ei vidare utgreiing diskutere. Den fylkeskommunale finansieringa av desse stillingane i Hordaland er eit svært viktig førebilete for andre fylke.<br>4. Pkt. 2.5 Virkemiddel og støtteordningar: Uklårt kva forslaget om tilskotsperiodar på tredje år vil innebere. Om endringa først og fremst gjeld musea sine driftssøknader og representerer ei forenkling, er forslaget ikkje | Fylkesrådmannen er glad for at Norges museumsforbund ser at satsingar og tiltak i gjeldande museumsplan er ført vidare og såleis sikrar kontinuitet på viktige satsingsområde.<br><br>1. Teke til orientering<br><br>2. Teke til orientering<br><br>3. Ordninga med bygningsvernkonsulentar er viktig for å auke kompetanse innan bygningsvern i kommunar og for private. Fylkesrådmannen merkar seg at Museumsforbundet legg vekt på bygningsvernkonsulentordninga ved dei regionale ansvarsmusea som ei viktig og riktig satsing.<br><br>4. Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | problematisk. For musea vil det truleg ikkje føre til mykje ekstraarbeid å sende inn årlege søknader i og med at dei sender slike til Kulturdepartementet. Samstundes kan ei slik ordning gi mindre rom for fleksibel utvikling. Dersom overgang til 3 år inneber ønske om meir omfattande vurderingar som bakgrunn for større endringar i driftstilskot, er løysinga meir problematisk. Fleksibilitet kan sikrast dersom ordninga ikkje omfatter tilskot til prosjekt og investeringar.<br>5. Det er gledeleg at ein under pkt 5 vil vurdere å etablere tilskot til forvalting, drift og vedlikehald av freda kulturminne og fartøy. Mange museumsbygg vert ikkje freda fordi dei vert flytta til eit museum, difor er det viktig at også verneverdige bygg og andre kulturminne i musea vert omfatta av ei slik ordning.<br>6. Museumsforbundet understrekar behovet for styrking av musea sine driftsbudsjett. Museumsforbundet legg vekt på løyving til etablering av fellesmagasin med konserveringsteneste for å få til nødvendige bevaringstiltak. Lokal støtte er avgjerande for statlege midlar til slike tiltak.<br>7. Det er positivt at tett samarbeid med regionalavdelingen i Hordaland fylkeskommune vert lagt vekt på for å sikre kultur- og næringsinteresser. Det viser vilje til å tenke integrert og heilskapleg.<br>8. Det er bra at planen tek på alvor innspel med uttalt bekymring for at institusjonar skal bli avhengig av sponsorinntekter på driftssida. Planen har god kontinuitet i høve gjeldande museumsplan. | 5. Teke til orientering, jf kap. 5.5, innsatsområde 18<br>6. Teke til orientering<br>7. Teke til orientering, jf kap. 5.3, innsatsområde 8<br>8. Teke til orientering |
| Innsatsområde | **Kulturminnevern og museum**<br>9. Det er viktig å understreke tydeleg at eit framtidig | 9.Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i |

| | | |
|---|---|---|
| | verdsarvsenter på Bryggen skal vere organisert som del av musea.<br>10. Innsatsområde 8. Kulturbasert næringsutvikling/kulturnæringar: her er ikkje musea ført opp som partnar.Musea er ikkje tatt med under punkt 15 c, 16 c og 19 c. | planen<br><br>10.Teke til etterretning, planforslaget endra i tråd med merknaden |
| | | |

| **Norsk kulturskoleråd Hordaland** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: styret | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kunst- og kulturformidling**<br><br>Organisasjonen ber om at skrivemåten på deira organisasjon og sentralleddet vert retta opp gjennom plandokumenta.<br><br>Norsk kulturskuleråd gjekk i sitt innspel til Kulturutredingen 2014 inn for at kulturskulefeltet skulle fortsett ligge under Kunnskapsdepartementet. Det er ulik organisering på lokalt nivå. Samarbeid med andre etatar og avdelingar er sjølvsagt, på alle nivå.<br><br>Kulturskulerådet ser ikkje at verksemda deira er gjenspegla i all si breidde i høyringsdokumentet. | <br><br>Teke til etterretning<br><br>Teke til orientering<br><br><br><br><br><br><br>Teke til orientering |
| 5.1.2. Arenautvikling - infrastruktur | Under «plassering og funksjonsdeling føreslår organsisasjonen å ta inn følgjande setning*: Ved rehabilitering eller bygging av kulturarenaer med kunstfag eller andre arenaer der kulturskoler skal være fast bruker, vektlegges samarbeid med Norsk kulturskoleråd og den lokale kulturskole.* | Teke til orientering. |
| Innsatsområde 22, tradisjonsuttrykk | Organisasjonen saknar tiltak for å take i vare tradisjonsmusikk, tradisjonssong og –dans. Dette gjeld både det norske og andre tradisjonar sine uttrykk praktisert i Noreg . | Teke til etterretning |
| | Norsk kulturskuleråd Hordaland føreslår seg sjølv og enkelte | Teke til orientering. Kommunane, som eig og drifter |

| | | |
|---|---|---|
| | kulturskuler som partnar i ulike punkt i handlingsprogrammet; 5.7.26 B og F, 5.7.28. A og C. , 5.8.C og 5.9.36.<br><br>Det vert også lagt fram forslag til nokon prioriteringar av tiltak dei fire første åra. | kulturskulane, er sett inn som partnar i desse tiltaka. Fylkesrådmannen finn dette såleis dekkande.<br><br>Teke til orientering i vidare arbeid. |
| | **Bibliotek**<br><br>*29 Innsatsområde.* Tilgang til moderne og attraktive bibliotek<br>Tiltak C<br>Norsk kulturskuleråd-Hordaland ser det som naturleg å initiere nye prosjekt der kulturskulane med ulike kunstfag kan samarbeide med biblioteka. I så måte kan vi vere partnar i eit utviklingsarbeid | Teke til etterretning .Vert før opp som aktuell partnar på innsatsområde 26, tiltak C. |

| **Høyringsinnstans: Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Fung. direktør | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kulturminnevern og museum**<br><br>Planen er ambisiøs og utviklingsorientert. Målsettinga gir eit godt grunnlag for satsingsområda i planen. Planen representerer ei sentralisering av fylket si verksemd og prioritering av område med vekst. Museet saknar omgrep som region og regionsenter og at den har større fokus på regionar som ikkje har vekst.<br><br>1. Bruk av omgrepet *innsatsområde* skapar forvirring. Overskrifta i kapittel 5 er *Innsatsområde.*<br>2. Museet føreset at innsatsområda og tiltaka er sett opp i uprioritert rekkefølge. Det vil vere behov for ei streng prioritering av tiltak.Det er og ein fare i at det er særs mange innsatsområde og tiltak. | Tek til orientering.<br><br>1. Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget<br>2. Teke til orientering. Planen skal handsamast i fylkestinget som set avgjer endeleg form og omfang<br>3. Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget |

| | | |
|---|---|---|
| | 3. Generelt om kap. 5.5: Planen representerer et steg tilbake i høve regional plan for museum. Fleire tiltak er teke ut og slått saman.Museet meiner også at fleire innsatsområde i dette delkapittelet går over i kvarandre og kunne vore slått saman. Innsatsområde 18 og 20 kan høyre inn under andre.<br>4. Prioriterte tiltak må vere styrking av musea og sterkare samarbeid mellom institusjonane på ulike felt.<br>5. Søknad om driftstilskot: Den årlege søknadsprosessen og rapporteringa for musea i fylke og stat bør samordnast. Dette vil vere ei forenkling og gi meir tid til fagleg arbeid. | 4. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet.<br>5. Teke til orientering, jf kap. 5.4, innsatsområde 13<br>. |
| Innsatsområde | **Kulturminnevern og museum**<br>6. Innsatsområde 15 Dokumentasjon: her bør musea vere sentral partnar<br>7. Innsatsområde 16 Museumsløft: Ansvarsmuseum: Musea må vere partnar<br>8. Det er ein styrke at planen legg opp til eit sterkare samarbeid mellom musea. Dette føreset at fylkeskommunen tek på seg rolla som koordinator i dette arbeidet.<br><br>**Arkiv**<br><br>Vi ønskjer også at Senter for Industriarkiv bør nemnast som partnar i fleire av tiltaka.<br><br>Tiltak 25C: Uklare formuleringar. Det bør spesifiserast tidsepoke for innsamling og etablerast innsamlingsplanar for kva materiale dette skal omfatte. | 6. – 8. Teke til orientering<br><br>Teke til etterretning, førar til endringar i kap. 5.6, innsatsområde 23 A og E<br><br>Teke til orientering, innspelet er i tråd med kap. 5.6, innsatsområde 25 C i Handlingsprogramet |

| | | |
|---|---|---|
| | Vi saknar eit fjerde punkt – det bør etablerast felles database for alle digitaliserte foto/filmar. I dag sit institusjonane med store digitale databasar, med manglande rutinar for back-up. Vi føreslår dette som eit fellestiltak i Hordaland. | Teke til orientering, innspelet er i tråd med kap. 5.6, innsatsområde 23 E i Handlingsprogrammet. |
| | | |

| **Nynorsk Kultursentrum** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Styreleiar og direktør | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Framlegget til kulturplan er eit solid dokument med mange viktige opplysningar, analysar og titlar. Nynorsk kultursentrum vonar arbeidet vert avslutta i klare former og raske vedtak.<br>"Ein leiande europeisk kulturregion" markerer vilje til ambisjonar.<br>1. Omgrepet *region* blir brukt om heilt ulike geografiske område i denne planen. Sannsynlege endringar i kommunestruktur kan innebere at plandokumentet bør reviderast lenge før 2025.<br><br>2.Nynorsk kultursentrum skal reknast blant dei konsoliderte musea i Hordaland, slik at talet må endrast frå ni til ti.<br>Nemninga *konsoliderte museum* er ikkje teneleg lenger no som dei ulike samanslåingsprosessane er avslutta i denne omgang.<br><br>3.Ulvik kommune er mellom dei kommunane som i åra 2003-2011 auka kulturløyvingane mest. Arbeidet med Hauge-senteret og Ulvik poesifestival er nok ei av forklaringane på dette.Festivalane er knapt nemnde i planen. | Fylkesrådmannen er glad for den oversikten som Nynorsk Kultursentrum gir på s. 3 i sitt høyringsfråsegn om nynorsken sin plass i Hordaland med utgangspunkt i grunnskuleelevar, aviser og produksjon av nynorsk sakprosa.<br><br>1. Teke til etteretning, jf kap. 1.1 i planenframlegget.<br><br>2. Teke til orientering<br><br>3. Teke til orientering<br>4. Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | 4.Nynorsk kultursentrum applauderer at nynorsk kulturstrategi er eit av seks innsatsområde innan formidling og deltaking. Det stiller også krav til nokre samanhenger som manglar. I samband med høyringa knytt til regional plan for museum peika Nynorsk kultursentrum på at planen mangla ei drøfting av kva fylkeskommunen formelt kan styre og kva fylkeskommunen reelt bør styre. Innhaldet er institusjonen sitt ansvar og ingen andre sitt. Det handlar om grunnleggjande forståing av maktgrenser og styringsformer.<br><br>5.Kulturplanen må bli økonomisk forpliktande for dei økonomiske langtidsplanar fylkestinget vedtek. Kulturbudsjettet har vore under sterkt press i fylkeskommunen, og ein venta å finne eit kapittel som gjer greie for utviklinga i den fylkeskommunale kulturøkonomien.<br><br>6.Generelt bør flest mogleg av tiltaka i handlingsprogrammet formulerast tydelegare som tiltak. No er mange av dei meir for mål å rekne. Tidsrom for tiltaka bør presiserast der det er mogeleg og gir meining.<br><br>7.Kap. 2.3: St.meld nr 35 (2008-) Mål og meining Ein heilskapleg språkpolitikk bør omtalast på lik linje med andre stortingsdokument.<br><br>8. Kap. 2.5, s. 14, "tilstrekkeleg kvalitet og relevans" er ein føresetnad for tildeling av midlar. Korleis fylkeskommunen skal vurdere kvalitet og relevans står det ingenting om. Nynorsk Kultursentrum rår frå å kvantifisere kvalitet.<br><br>9. Nynorsk kulturstategi er omtalt på s. 36. På s. 24 er det eit viktig premissdannande avsnitt om dialektar og litteratur i Hordaland. Nynorsk Kultursentrum ønskjer å framheve kort viktig Hordaland | 5. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet<br>6. Teke til orientering<br>7. Teke til orientering<br>8. Teke til orientering<br>9. Teke til orientering<br>10. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet<br>11. Teke til orientering<br>12. Teke til orientering, fylkeskommunen rettar verksemda si i høve regionale funksjonar<br>13. Teke til etterretning, jf innsatsområde 12, tiltak E |

| | | |
|---|---|---|
| | er i nynorsk skriftkultur (sjå s. 3 i høyringsuttalen).<br><br>10. Nynorsk Kultursentrum ønskjer at Hauge-senteret skal kunne spele ei rolle i arbeidet med lesing og formidling av litteratur ( s. 55-56 i analysedelen).<br><br>11. I 2012 signerte Hordaland fylkeskommune ein intensjonsavtale om samarbeid med fagleg bidrag til eit internasjonalt språksenter i Reykjavik. Prosjektet bør omtalast i og med at fylkeskommunen er formelt involvert.<br><br>12. Det ville vert bra om planen sa noko om korleis fylkeskommunen vil arbeide med lokale, private eller institusjonelle initiativ (større prosjekt og tiltak).<br><br>13. Det er aktuelt å utvide Vestlandshistoria med eit band 5 om det internasjonale fylket. Handlingprogrammet har forslag om ei kulturhistorie for Nordsjø-landa. Nynorsk kultursentrum er gjerne med i slike kulturhistoriske arbeid, det ser ut til at institusjonen driv det einaste språkmuseet i Nordsjø-området. | |
| Innsatsområde | I tråd med strategien om ein kunnskapsbasert kulturpolitikk ønskjer Nynorsk Kultursentrum å tilby tenester i form av dokumentasjon og analyse særleg på områda språk og litteratur. Ein viser til tilsvarande arbeid for Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2012.<br><br>Forslag om nytt punkt under innsatsområde 6 Nynorsk Kulturstrategi:<br>Tiltak: Språkfakta Hordaland 2017<br>Ansvar: Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Opplæringsavdelinga | |

| | | |
|---|---|---|
| | Partnarar: Nynorsk kultursentrum | |
| | Innsatsområde 16 Museumsløft. Her tar Nynorsk Kultursentrum til orde for eit årleg kontaktmøte mellom fylkeskommunen og musea på skiftande museum.<br>Nynorsk kultursentrum viser også til den enorme kulturskatten som Einar Økland har samla. Denne samlinga bør setjast på sakslista i fylket, og Nynorsk kultursentrum tek gjerne del i drøftingar som har utgangspunkt i kva Økland sjølv tenkjer om framtida for samlinga. | Fylkesrådmannen er glad for at Nynorsk kultursentrum ønskjer årlege kontaktmøte mellom fylkeskommunen og musea. I løpet av eit år inviterer fylkeskommunen til fleire felles møtestader for musea. Slike møtestader er gjerne knytt til ulike prosjekt, og kven som møter frå dei einskilde musea vil variere. I tillegg er fylkeskommunen aktiv i å besøkje dei ulike institusjonane. Musea ber også om møte med fylkeskommunen i samband med ulike spørsmål. Fylkesrådmannen tek forslaget om årlege møte til etterretning, men tek ikkje dette med inn i planen som eit eige tiltak. |
| | **Bibliotek** | |
| | *Innsatsområde 33: Bibliotek til barn og unge.*<br>Tiltak: ***Nynorsk barnelitteraturveke kvart år frå 2016***<br>Partnarar: Nynorsk kultursentrum v/Hauge-senteret, Norsk Forfattarsentrum Vestlandet, fylkesbiblioteket<br>Målet er å informere både bibliotek og foreldre om kva som faktisk finst, og kor bra denne litteraturen er. Dette har dei gjort i eit avgrensa format i Møre og Romsdal i fleire år med arrangement på utvalde bibliotek. Røynsla er god både hos samarbeidspartnarane og Nynorsk kultursentrum. Lyrikk for born bør vere ein sjølvsagd del av eit slikt tilbod. | Innspelet vil bli vurdert i planperioden i samband med rullering av handlingsprogrammet. Nynorsk kultursentrum er ført opp som partnar på Innsatsområde 33, tiltak A og B |
| | *Innsatsområde 33: Lesing og formidling av litteratur*<br>Tiltak: **Forfattarar og songdiktarar i Hordaland 1945-2020**<br>Ansvar: Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Opplæringsavdelinga<br>Partnarar: Nynorsk kultursentrum v/Hauge-senteret, Norsk Forfattarsentrum, Vestlandet, fylkesbiblioteket, Bergen off. Bibliotek. | Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planforslaget |

| | | |
|---|---|---|
| | Utgreie kva ein skal gjere med den enorme kulturskatten som Einar Økland (f. 1940) har samla i mange tiår. Samlinga inneheld både litteratur, musikk og biletkunst | |
| | | |
| Tilråding: Innspela er notert. Talet på konsoliderte museum er endra til ti. Formuleringane i tiltaka er vurdert. Innspelet om St.meld. 35 er tatt med. Nynorsk kultursentrum vert ført opp som partnar i innsatsområde 33 tiltak A og B. | | |

| **Os kommune** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: formannskap | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | 1. Meiner omgrepet kultur brukt unyansert. T.d. utydeleg når det er meininga at idrett skal vere ein del av omgrepet.<br>2. Os kommune meiner det er positivt å sette lys på skeivfordelinga mellom Oslo og regionane.<br>3. Ønskjer ikkje endre fylkeskommunen si tilskotsordning for kulturminnevern<br>4. Viser til missvisande tal i planen (s. 17) i høve Os sitt kulturbudsjett. Forklaring er lagt ved, og det er ønskjeleg å få retta dette opp.<br>5. Vil gjerne at Den kulturelle spaserstokken får sin eigen plass i planen.<br>6. Ser helst at Hordaland fylkeskommune bør etablere ein eigen strategi/tiltak for dei regionale kulturhusa i fylket. Kompetanse, nettverk og økonomi. | 1. Teke til etterretning. Det vert lagt inn klår definisjon av kulturomgrepet i planframlegget og gjort konsekvent bruk av omgrepet i planen og handlingsprogrammet.<br>2. Teke til orientering<br>3. Teke til orientering<br>4. Teke til etterretning. AA<br>5. RS<br>6. RS |
| Innsatsområde | **Idrett og friluftsliv**<br><br>Ønskjer at ein skal utvikle handlingsprogrammet etter mal frå gjeldande fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. | Teke til orientering |
| Innsatsområde | **13. Verkemiddel og støtteordningar /21. Kulturminneforvalting** | |

| | | |
|---|---|---|
| | Det finnes ei rekke instansar, både private og offentlege, der ein kan søkja om tilskot til kulturminne. Prosessane er tidkrevjande og omstendelege, og kan for private verka uoverkommelege. Det er viktig med auka, lett tilgjengeleg kunnskap. Fleire tilskotsordningar føreset at meir enn ein gjer tilskot; fleire søknader. Dersom fylkeskommunen også skal endra praksis for dette; at søkjar er avhengig av at kommunen kan stilla same beløp som fylke for i det heile tatt å få noko som helst, kan dette føra til det motsette av intensjonen. Fleire kulturminne kan gå tapt grunna stram økonomi og utfordringar på andre tenestetilbod som blir prioritert i kommunane. Os kommune vil at fylkeskommunens tilskotsordning til Kulturminnevern held fram som no, og ikkje vert gjort avhengig av kommunale bidrag for tildeling. | Til etterretning. Innretninga av noverande tilskotsordning gjev høve for både einskilde og kommunar til å søkje. Innspelet peiker på behovet for samordning av fylkeskommunale og statlege ordningar. |

| **Radøy kommune** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Formannskapet | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | 1. Samling av fem planar i ein vil truleg gje betre samordning, meir forenkling og føreseielegheit for kulturlivet i Hordaland.<br>2. Positiv til satsing på barn og unge<br>3. Ønskjer regionalt kulturhus for Nordhordland.<br>4. Støttar auka innsats innan formidling og publikumsutvikling<br>5. Positiv til digitale løysingar, gjerne også som tiltak under ein nynorsk kulturstrategi<br>6. Ønskjer å sjå igjen frivilligsentralane i planen<br>7. Positiv til satsing på kulturnæring<br>8. Ønskjer betre samordning av tilskotsordningar (også geografisk)<br>9. Svært positiv til satsing på fysisk aktivitet i skulen<br><br>**Kunst- og kulturformidling** | 1. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet<br>2. Teke til orientering<br>3. Teke til orientering<br>4. Teke til orientering (RS)<br>5. Teke til orientering<br>6. Teke til etterretning – dette er omtalt i planen jf. Kap. 5.3, innsatsområde 7B i Handlingsprogrammet, der Frivilligsentralane blir lagt inn som partnar BKS<br>7. Teke til orientering<br>8. Teke til orientering<br>9. Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | Kommunen vil understreka at det er viktig å leggja til rette for kunst- og kulturopplevingar på høgt nivå også i distrikta, då terskelen for å delta i Bergen er høgare.<br><br>Nordhordland er den einaste regionen i Hordaland utan distriktsmusikarar, noko dei saknar.<br><br>Kommunen peiker på at Manger folkehøgskule er ein viktig arena for opplæring i og formidling og har spelt ei avgjerande rolle for utviklinga av brassband-rørsla i heile landet. Brassband er eit område der Hordaland verkeleg er ein leiande region i Europa, og ei styrking av folkehøgskulen vil også vera ei styrking av heile brass band-rørsla og dermed Hordaland som europeisk kulturregion. Radøy kommune etterlyser tankar og tiltak om folkehøgskulen si si rolle innan kulturfeltet i fylket.<br><br>5.7.26. Vegen inn i kunst- og kulturlivet<br>Det er viktig å skapa rom for at dei kommunale kulturskulane i størst mogeleg grad kan gje tilbod om individuell utvikling og opplæring innafor dei kunstområda elevane ønskjer. For å bli deltakar og medverkar må ein arbeida for å gje eit likeverdig tilbod til alle.<br><br>Det er ønskjeleg med ein vidaregåande skule i regionen med studieretning musikk, dans og drama. Eit slikt tilbod ville og vera ei styrking av tilbodet som kulturskulane gjev.<br><br>**Bibliotek**<br><br>Planen har store ambisjonar på vegne av biblioteksektoren.<br>Alle tiltaka er gode tiltak, men summen av tiltak gjer at me er tvilsame til realismen i dette. Satsinga innanfor biblioteksektoren | Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering. Fylkesrådmannen vil ta med seg dei konkrete innspela i det vidare arbeidet i planperioden.<br><br>Til orientering<br><br>Omtale av dette er teke inn i kap 5.7. innsatsområde 26.<br><br>Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | kunne difor med fordel vore meir spissa. | |
| Innsatsområde | **15. Dokumentasjon/ 20. Lokalt kulturminnevern og museum /21. Kulturminneforvalting**<br>Radøy kommune har eit eige kulturminnefond, som årleg deler ut avkastninga til tiltak for å ta vare på viktige kulturminne i kommunen. Likevel er det ei utfordring å sikra at dei viktigaste kulturminna vert tatt godt nok vare på. At Hordaland fylke no har sett i gang eit prosjekt for kulturminneplanar i Hordaland er vonaleg eit tiltak som kan setja kulturminne meir på dagsordenen.<br><br>Tiltak 15E om lokale kulturminneregistreringar og tiltak 21A om kulturminnedatabaser og tilstandsregistrering av freda kulturminne er også positivt i så måte og bør prioriterast.<br><br>Bygningsvernkonsulentane gjer ein svært viktig jobb, både ovanfor private eigarar av kulturminne og bidrar med rettleiing og kompetanse til kommunane. Radøy kommune er difor glade for at planen legg opp til at ordninga skal styrkast, men skulle gjerne sett at tiltaket var formulert meir konkret enn dette, og gjerne at fylkeskommunen tok på seg å fullfinansiera stillingane til bygningsvernkonsulentane.<br><br>**16. Museumsløft**<br>Ei anna utfordring innan kulturminnevernet i Nordhordland, er mangelen på magasin for gjenstandar. Vestnorsk utvandringssenter på Sletta på Radøy har no inne ein søknad til Norsk kulturråd om støtte til reising av eit museumsbygg med magasin. Dette er eit bygg som vil spela ei viktig regional rolle, og gje Nordhordland sårt tiltrengt magasinkapasitet. Me ser at det som gjeld magasinløysingar er nemnd også i handlingsdelen under | Teke til orientering. Innspelet er i tråd med intensjonen i planen. Kommunale kulturminneplanar og etablering ac bygningsvernkonsulentar er tiltak som har vore effektivt for å byggje lokal kulturminnekompetanse og planen legg opp til ei vidare utvikling av ordninga.<br><br>Innspela er notert. Satsinga på magasin under innsatsområde 16 B gjeld fellesløysingar for musea i Hordaland. Det fylkeskommunale arbeidet er retta inn mot fellesmagasin, kva som er utfordringane og behova, og korleis desse kan løysast. Denne satsinga må sjåast i samanheng med arbeidet med felles samlingsforvaltingsplan som mellom anna skal gi ein betre |

| | | |
|---|---|---|
| | punkt 16B, men ynskjer at magasin for Nordhordland vert nemnd eksplisitt som eit prioritert satsingsområde dei første fire åra. | oversikt over museumssamlingane. |
| Innsatsområde | **Idrett og friluftsliv**<br><br>Ønskjer meir konkretisering av tiltak i handlingsplan. Nokre innsatsområde er ikkje fulgt opp og det bør vere økonomi knytt til tiltaka i handlingsprogrammet. Særleg der kommunane er lista opp som partar knytt til gjennomføring | Leiargruppa |
| | positiv til tiltak 15E og 21A knytt til kulturminne | |
| | Positiv til satsing på bygningsvernkonsulent, men saknar meir konkretisering av satsinga. | |
| | Peikar på mangel på magasin. | |
| | Ønskjer å heve kompetansen kring fotobevaring | |
| | Saknar distriktsmusikarar i Nordhordland | |
| | etterlyser tankar om folkehøgskulen si rolle for kulturfeltet i fylket. | |
| | saknar spissing av satsing på bibliotek | |
| | Ønskjer at friluftslivet vert prioritert med satsing på nærleik til merka turløyper og tilrettelegging av friluftsområder | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| | Radøy peikar på at det bør satsast meir på frivillighet og uorganisert aktivitet. | Teke til etterretning. Nytt mål for frivillighet i kap 1.4 |
| | Radøy kommune meiner fylkeskommunen må jobbe for å få ned etterslepet på spelemidlar. | Teke til etterretning. Kap 5.9, innsatsområde 39, avsnitt 18 |
| | **Arkiv**<br><br>Digitalisering av formannskapsprotokollar, skuleprotokollar og lister over fattige på 1800-talet vil auka interessa for kommunale arkiv. Tiltak 24C peikar på noko av dette, men nemner ikkje digitalisering spesielt.<br><br>Å heva kompetansen og finna gode løysingar for fotobevaring også i kommunane kunne vore nemnd i handlingsprogrammet utover det som står i punkt 16B og innsatsområde 25. | Teke til orientering, innspelet førar ikkje til endringar i handlingsprogrammet.<br><br>Teke til orientering. |

| **Samarbeidsrådet for Sunnhordaland** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Styreleiar, dagleg leiar. | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Bergen er svært viktig for satsing på kultur i Hordaland, men dette må ikkje gå ut over fordeling av midlar til andre regionar i fylket.<br><br>Amatører og friviligheit i kulturtilbodet står sterkt i Sunnhordaland, men og profesjonelle reginale aktørar. Bømlo Teater, Sunnhordaland museum og Sunnhordaland kammerorkester er gode døme på regioanle kulturaktørar som har stor grad av profesjonalitet ved at oppsettinganene deira er av ypperste kvalitet. Det er difor viktig at desse instutisjonanene vert tilgodesett med fylkeskommunale midlar slik at dei kan utvikle seg vidare.<br><br>**Kunst- og kulturformidling**<br><br>**5.7.26. Vegen inn i kunst- og kulturlivet**<br>Sunnhordland kammerorkester er driven av eldsjeler i kulturskulane med svært tronge rammer. Dette tilbodet er viktig for talentutvikling.<br><br>**Idrett og friluftsliv**<br><br>Planen er eit godt reiskap for å nå gode opplevingar innan kultur, idrett og friluftsliv. Den femner alle aldersgrupper og det er god folkehelse i allsidig aktivitet og tilbod. Grunnlag for god helse blir lagt tidleg i livet jamfør målsettinga om at barn og unge har ei spesiell merksemd innan alle målområda<br>og er eit gjennomgåande tema i planen | Teke til etterretning. Denne intensjonen er i samsvar med intensjonane i planen. Jf. Regional plan for attraktive sentra<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering BKS |

| **Sandviksboder Kystkultursenter AS** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Dagleg leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kulturminnevern og museum**<br><br>1. Sandviksboder Kystkultursenter AS er særleg nøgd med at ein legg opp til utstrakt samarbeid mellom dei tre forvaltingsnivåa.<br>2. Innan kystkultur og fartøyvern er det særleg fire område som er viktige:<br>a. Fysisk tilrettelegging av betre havnetilhøve,<br>b. næringsutvikling innan reiseliv,<br>c. rekruttering og<br>d. årleg driftsstøtte til ein del fartøy slik Bergen kommune når gir.<br>3. Å lage ein eigen fartøyvernsplan, slik handlingsprogrammet foreslå, bør prioriterast.<br>4. Pkt. 1.4 Kulturpolitiske mål om at *kulturpolitikken skal identifisere og styrke miljø og aktivitetar der Hordaland kan vere leiande*. Kystkultur og fartøyvern peiker seg her naturleg ut.<br>5. Pkt. 2.5 Verkemiddel og støtteordningar: Frivilligheiten er stor i fartøyvernet, og økonomisk føreseielege rammer er det viktigaste. Hordaland fylkeskommune bør innføre driftsstøtte til eit utval større verna fartøy, der potensiale for inntjening er liten.<br>6. Pkt. 4.5 Kulturminnevern og museum: Det er viktig at eit utval flytande kulturminne vert teken vare på og formidla i ein naturleg samanheng med dei landbaserte kulturminna. Dei flytande kulturminna ser i stor grad til å vere utelatt i lista over Hordaland sine nasjonale kulturminne. | 1. Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen.<br>2. Teke til etterretning. Dei fire punkta som vert peika på i merknaden viser til fleire innsatsområde i planframlegget og samsvarer med fleire andre høyringsfråsegner.<br>3. Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden på bakgrunn av dei premissane planen set.<br>4. Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen. Kystkultur og fartøyvern er sentrale tema i Hordaland si kulturhistorie.<br>5. Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen, jf innsatsområde 18. .<br>6. Teke til orientering. Innsatsområde 18. Utvalde kulturminnekategoriar representerer ikkje ei prioritering. Fartøy og kystkultur er representert med kvar sin kategori. Dette er eit døme på at dei flytande fartøya er representert i planen. |

| | | |
|---|---|---|
| | | |
| Innsatsområde | **Kulturminnevern og museum**<br><br>1. Innsatsområde 2. Arenautvikling – infrastruktur: Her må fellesarenaer for kystkultur og fartøy inn. Satsing på gode, trygge hamner.<br>2. Innsatsområde 7. Frivilligheit: utvikle møtestader (Hamner med hamnefasilitetar)<br>3. Innsatsområde 8. Kulturbasert næringsutvikling/kulturnæringar: Ei målretta satsing i bruk av kystkultur og verna fartøy opp mot turisme/reiseliv vil kunne utløyse stor medverdi.<br>4. Innsatsområde 13. Verkemiddel og støtteordningar: fast driftsstøtte til verna fartøy.<br>5. Innsatsområde 18 Utvalde kulturminnekategoriar: Hordaland bør satse på det fylket er god på. Bergen og Hordaland er god på fartøyvern.<br>6. Innsatsområde  20: Lokalt kulturminnevern og museum, underpkt. E: *Det bør etablerast faste ordningar og system for å styrke rekrutteringen til fartøyvernet gjennom systematisk kontakt med maritim utdanning, inkl. maskinfag* | 1. Teke til etterretning, jf kap. 5.1.2 Arenautvikling.<br>2. Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen.<br>3. Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen.<br>4. Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen.<br>5. Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen.<br>6. Teke til etterretning, kap. 5.5, jf innsatsområde 20. |
| | | |

| **Slow Food Hardanger** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: dagleg leiar, kommunestyre | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Slow Food Hardanger har framlegg om at eit nytt punkt om gastronomi bør inn som del av kulturnæringane. Med gastronomi meinast det i denne samanheng god, rein og rettvis mat i høve til Slow Food rørsla sin definisjon.<br><br>Det å bruka mat/gastronomi som utviklingskraft i regional utvikling er ikkje noko unikt for Hordaland, men kan treffast på i andre fylke i Noreg, Norden, Europa og reisten av verda.<br><br>Bergen kommune og fylkeskommunen a<br><br>Arbeidar for at Bergen skal bli Creative City of Gastronomy. Hjeltnes vgs. planlegg ei linje for Nordisk gastronomi og har inngått ein intensjonsavtale med UNISIG om dette.<br><br>Vi meiner vi har føresetnader for at føretak, entreprenørar og organisasjonar kan løfta fram fylket som eit matfylke nasjonalt og internasjonalt. Dette for å syne fram fylket, samt produkt frå fylket med målsetjing om å skapa ein auka marknad. | Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering |

| **Stiftelsen Kulturhuset USF** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: styret og dagleg leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kunst- og kulturformidling**<br><br>USF gir ros for at det er utarbeidd ein samla og heilskapleg plan for | Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | heile kultur- og idrettsfeltet, etter plan- og bygningslova. Men ser at dette er utfordrande og viser til at dei ulike områda har ulikt detaljnivå og ber såleis fylket syte for å jamne dette ut. Dei nemner spesielt områda arenautvikling og internasjonalisering som for lite utdjupa. | |
| | USF støtter også visjonen om å vere ein leiande europeisk kulturregion, og viser til eit større fokus på regionar enn nasjonalstater. Hordaland og Bergen har på mange felt opparbeidd seg ein posisjon internasjonalt og denne må styrkast, monaleg gjennom auka budsjettposter. Initiativ med dokumentert gjennomslag må prioriterast, samstundes som der ligg midlar til nye, kreative initiativ. | Teke til etterretning delvis. Fylkesrådmannen vil ta med seg dette innspelet vidare i gjennomgåinga og utarbeidinga av stønadsordningar jf. tiltak 13.C i handlingsplanen. |
| | USF viser til byen som «kreativt omdreingspunkt», mengd «kritisk masse» og marknad. Det visast til at det etablerast samlokaliseringar og sentra for kultur i heile Europa, og at dette gjer bransjefelleskap, synergieffektar og utvikling. Bergen har fleire slike miljø, og USF er eit markant aktør her. | Til orientering |
| | Når det gjeld **gjennomgangen av offentleg kulturpolitikk i kap. 2** kommenterer USF at når det gjeld omtalen av "Samspill – et løft for rytmisk musikk"(2008), kunne plandokumentet ha trekt fram skeivheten mellom det rytmiske feltet og andre musikkformer som den meldinga ønskjer å bøte på, og som var grunngjevinga for m.a. løyvingar til ombygging av USF. | Teke til orientering |
| | Ang kapittel om verkemiddel og støtteordningar; USF meiner At vilkåra *kvalitet, relevans og gjennomføringsevne* må vere sentrale punkt i vurdering av fylkeskommunalt tilskot. USF vil også føreslå at vilkåra femnar ei vurdering om tilskotsmottakaren oppfyller dei kulturpolitiske måla omtalt i pkt. 1.4, *"Hordaland skal vere ein leiande europeisk kulturregion"*, med | Fylkesrådmannen vil ta med seg dette innspelet vidare i gjennomgåinga og utarbeidinga av stønadsordningar jf. tiltak 13.C i handlingsplanen. |

| | | |
|---|---|---|
| | 6 underpunkt.<br><br>USF opplever at planen ikkje anerkjenner USF som ein sentral aktør. Det kunstnarlege innhaldet er prega av kvalitet. Meir enn andre arbeider USF med institusjonen sin styrke i samarbeid med det frie feltet av arrangørar og kunstnarar. Arena USF skapte unike fysiske rammevilkår for store deler av musikklivet som har vekt oppsikt internasjonalt. Dette bør også speglast i auka fylkeskommunale løyvingar til USF.<br><br>Det kan hende største ankepunktet til planen ligg i mangel på økonomi for å realisere visjon og tiltak. | Innspelet er notert<br><br>Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden |
| Innsatsområde 5.1.2 Arenautvikling | Det vert vist til Kultur Vest sitt dokument «Nytt hus for musikkteater og dans» som eit dokument Bergen kommune og fylket før samlast om. Det visast i denne samanheng til Kjødetomta ved USF som eit område for realisering av fleire prosjekt, der det hastar med avklåring då det er planar om anna bruk. USF stør at BIT får realisert prosjektet sitt og at behovet for øvingsrom for Carte Blanche vert løyst i Sentralbadet. USF har merka seg at Arena USF ombygginga ikkje er omtalt, eit av dei største økonomiske løfta når det gjeld kulturbygg dei seinare åra. | Teke til orientering |
| **5.4.12 Internasjonalisering** | Her visar USF Verftet til si eiga internasjonale rolle som eit kulturhus med internasjonalt ry m.a. grunna multifunksjonalitet og gjennomgåande høg kvalitet. USF har gjennom åra vore modell og til inspirasjon for etablering av kulturhus og klynger i Norge og internasjonalt. Dei visar også til si lange erfaring og kompetanse innan internasjonale gjestekunstnarordningar.<br><br>USF stiller seg skeptiske til om fylket sine samarbeidsregionar er vegen å gå for internasjonalisering . I det profesjonelle kunstlivet er er internasjonalt samarbeid meir vanleg enn spesielt. USF sitt inntrykk er at både unge og etablerte kunstnarar finn Europas | Til orientering<br><br>Teke etterretning, jf kap 5.4. innsatsområde 12. |

| | | |
|---|---|---|
| | storbyer og andre byar som autonomt veks fram som sterke kunstsentra *meir* attraktive. Når ein ynskjer kunstnarisk nyutvikling og profesjonalisering vil USF tilrå å sjå til område og samarbeidsformer der resultat som nettverksbygging og fagleg utveksling er meir sannsynlig. | |
| **5.4.14 Kompetanse 27....** | Det er positivt og viktig at planen ynskjer å styrke kompetansen på kulturfeltet. På musikkområdet gjer Brak og Vestnorsk jazzsenter – som held til på USF - mykje i dag. USF vil i større grad kunne vere arena for kompetanseutvikling innafor område som arrangement, sceneteknikk ol. , og dei føreslår følgjande i handlingsprogrammet, 27.pkt *B.Kunstproduksjon; støtte og legge til rette for synergieffektar og kompetanseoverføring mellom etablerte Institusjonar og det frie feltet innan kunstlivet.*<br>*D. Formidling; styrke kunsttilbodet og arrangørkompetansen i Fylket ved kompetanseutveksling og samarbeid mellom større Institusjonar og mindre miljø.* | Punktet er notert for det vidare arbeidet i planperioden. Fylkesrådmannen har valt å nytte ein overordna terminologi som klårt gjev rom for USF som aktør. |
| **5.7 Kunstproduksjon og kulturformidling** | Kunstløftet – det profesjonelle.... vert opplevd som detaljert omtale av feltet, men ikkje uttømmande. Her plasserer USF seg inn i feltet som ein aktiv tilretteleggar, fødselshjelp og medprodusent som ligg ein stad mellom det frie feltet og institusjon. | Teke til orientering |

| **Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Direktør | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Pkt. 1.1. Målsettingen er spenstig, men må ikkje gå på kostnad av gode løysingar og innsats for eksisterande tilbod og institusjonar. | |
| Innsatsområde | **Kulturminnevern og museum**<br><br>1. Pkt. 1.3 Maritim identitet og tradisjon må reflekterast tydelegare. Bergens Sjøfartsmuseum er ein naturleg del av denne satsinga.<br>2. Pkt 4.2 Planen kan med fordel satse meir på evaluering av kva befolkninga krev og forventar av institusjonane. Her | 1. Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget., jf kap. 5.4, innsatsområde 12E. Satsing på utvalde kulturminnekategoriar vil også kunne sjåast i samanheng med museet si verksemd og fokusområde. |

| | | |
|---|---|---|
| | kan ein tenke øyremerka midlar.<br>3. Pkt. 4.3 Museet peiker på si rolle som likestilt med Norsk Maritimt Museum i Oslo, og det vil vere viktig å styrke Bergens Sjøfartsmuseum sin posisjon i formidling av norsk maritim historie og kulturarv.<br>4. Pkt. 4.5 "Kulturminnevern" og "museum" bør handsamast kvar for seg i planen då dei har ulike funksjonar i kulturlivet.<br>5. Museet støttar at musea i større grad må møte publikum der folk er, og håpar at planen legg til rette for tilskot og andre verkemiddel til slik verksemd. Museet støttar at musea i større grad må samarbeide med høgskular og universitet.<br>6. Det er ei utfordring at ein forventar at musea i større grad skal stø seg på private givarar. Museet støttar at musea må få betre økonomiske rammer og ser fordel med gode fellesløysingar på ulike område.<br>7. Pkt. 5.4.9 Museet ønsker eit forvaltingsorgan å halde seg til – ikkje tre som i dag. Dette forvaltingsorganet kan gjerne vere fylket.<br>8. Pkt. 5.4.11 Museet ønsker å medverke i prosjektet knytt til Nordsjøområdet.<br>9. Pkt. 5.4. 12 Museet rår til at ein gjennom kulturplanen set av midlar til reisekostnader som er ein viktig del av internasjonale nettverk og samlingar.<br>10. Pkt 5.4.14 og 5.4.15 Museet håpar at kulturplanen gir intensiv til økt forskning og formidling gjennom årboka.<br>11. Museet håper at planen styrker moglegheit for å sende gjenstandar til fellesmagasinet og peikar på behov innan arkiv og maleri (konservering)<br>12. Pkt. 5.5. 16 Museet understreker behov for kontinuerleg oppgradering av bygget. Norsk Maritimt Museum mottar meir i fylkeskommunale midlar enn Bergens | 2. Teke til orientering<br>3. Teke til orientering<br>4. Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget<br>5. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet. Innsatsområde 16 Museumsløft er musea sitt eige innsatsområde i planen. Planen legg til rette for at museum, organisasjonar knytt til kulturminnevern og kommunar i større grad arbeider saman for å løfte fram kulturarven<br>6. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet. Bergens Sjøfartsmuseum peiker fleire stader på eigen situasjon og rolle. Planen ser ikkje på driftstøtta til dei einskilde institusjonane.<br>7. Teke til orientering<br>8. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet<br>9. Teke til orientering<br>10. Teke til orientering<br>11. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet. Institusjonen støttar mange av dei tiltaka og prosessane som er skissert innan museumsfeltet med vekt på fellesløysingar, løft for investeringar og drift, vekt på forsking, evaluering av konsolidering, samt museet si |

| | | |
|---|---|---|
| | Sjøfartsmuseum. Nødvendig for meir midlar til basisutstillingar. Museet håper at planen legg til rette for å styrke målsettinga om barn og unge som sentral målgruppe. Museet ønsker betre evaluering av fordeler og ulemper med konsolideringsprosessar før spørsmål om nye kjem opp.<br><br>**Arkiv**<br><br>Det bør stimuleres til tettere samarbeid mellom museene innenfor områder som IKT, fotografi og publikumsutvikling. | rolle som samfunnsaktør<br><br>12. Teke til orientering, jf kap. 5.5, innsatso<br><br>Teke til orientering. |
| | | |

| **Stiftelsen D/S Stord I** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Leiar og sekretær | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kulturminnevern og museum**<br><br>Kulturbegrepet vert oppfatta som overordna begrep. Handlingsprogrammet har målformuleringar spissa mot *kultur- og idrettsfeltet*. DS Stord har i sitt fråsegn inkludert kulturminnevernet/fartøyvernet når det har vore naturleg ut frå saksfelt og vurdering.<br>Stiftelsen har som mål å gi folk ei maritim kulturhistorisk oppleving ombord i DS Stord I ved å tilby turar i tidlegare rutedistrikt. | Teke til orientering |
| Innsatsområde | **Kulturminnevern og museum**<br><br>1. Innsatsområde 4 Digital allmenning: Innsatsområdet må | |

| | | |
|---|---|---|
| | også dekke kulturminnevernet og fartøyvernet. Dei fleste organisasjonane har digital formidling om sin båt og aktivitet.Det er ønskjeleg at tiltaket vert høgt prioritert av omsyn til rekruttering til frivillige lag og organisasjonar.<br>2. Innsatsområde 7. Frivilligheit. Målet om føreseielege rammer er viktig og vil forenkle arbeidet til dei frivillige.<br>3. Pkt B *Prøva ut modellar med auka profesjonell tilrettelegging av frivillig arbeid innan kultur- og idrettsfeltet*. Her må kulturminnevernet og fartøyvernet kome i tillegg. Båtfestivalar er arrangement der ein kan prøve ut modellen.<br>4. Innsatsområde 8 Kulturbaserte næringar: Det bør vere støtteordningar og verkemiddel for kulturbasert næring drive av frivillige organisasjonar gjerne i samarbeid med andre. DS Stord kan vere eit supplement til og medaktør i mindre omfang i kulturbasert næring.<br>5. Innsatsområde 10: bør omfatte kulturminnevernet og fartøyvernet<br>6. Innsatsområde 11 Kulturregion Vestlandet: Dei regionale forvaltingsnivåa bør sjå si rolle som støttespelarar til drift og vedlikehald av flåten. Den maritime kulturarven bør vere sentral i Kulturregion Vestlandet<br>7. Innsatsområde 13: kulturminne og fartøyvern må vere partnarar under B og C.<br>8. Innsatsområde 15: registrering av maritime kulturminne må vere likestilt med registrering av landbaserte kulturminne.<br>9. Innsatsområde 20: Lokalt kulturminnevern og museum. Eit samarbeid med musea vil vere nyttig for å få fagleg kompetanse til å utvikle gode konsept. Ei god formidling vil kunne fremje rekruttering til frivillige lag og organisasjonar. | 1. Teke til orientering<br>2. Teke til orientering<br>3. Teke til orientering, her vert kulturminnevernet og fartøyvernet inkludert.<br>4. Teke til orientering<br>5. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet<br>6. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet<br>7. Teke til orientering<br>8. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet<br>9. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet |

| **Stiftelsen Seilskipet Statsraad Lehmkuhl** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: dagleg leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Stiftelsen Seilskipet Statsraad Lehmkuhl er skuffa over at ikkje kulturplana seier noko om Statsraad Lehmkuhl, og dei vonar at dei vert inkludert i Fylkets ambisjon «….som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen….» | Teke til orientering, jf kap. 5.5, innsatsområde 18<br>Planen legg opp til å styrke fartøyvernet, men går ikkje inn på enkeltfartøy |

| **Stiftinga Vestnorsk kulturakademi** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: dagleg leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kulturminnevern og museum**<br><br>Ein viktig og lærerik plan, grundig historisk gjennomgang dokumentert med offentlege utgreiingar og stortingsmeldingar. Den gjev klargjerande innspel i samordning av innnsatsen mellom kommunar, fylkeskommune, statleg mynde, private og kulturlivet sjølv. Det er eit gjennomgripande trekk at den får profilert det lokale nivå og arbeidet med kulturplanar i kommunane.<br><br>Akademiet kan stemma i omtalen av kulturbasert næringsutvikling i forhold til kulturarv og kulturminnevern. Den bør koplast til det som er sagt om byggjenæringa og om kompetanseutvikling i samarbeid med universitet- og høgskulesystem. Stikkord: etter- og vidareutdanning.Det opne spørsmålet er korleis samarbeidet mellom næringsaktørar skal verta organisert. | Teke til orientering. Etablering av eit bygningsvernsenter er eit av tiltaka i handlingsprogrammet som mange ulike høyringsfråsegner peikar på, og som er eit svar på sentrale utfordringar i kulturminnevernet i Hordaland, jf kap. 5.5, innsatsområde 22 |

| **Stord kommune, inkl. Sunnhordaland museum** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: politisk – komité for næring. Miljø og kultur | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | 1. Saknar visjon som rettar seg mot kommunane i Hordaland<br>2. Konkurranse med Oslo må ha preg av samarbeid som genererer utvikling og mangfald – og vere til hjelp for kommunane.<br>3. Saknar dei offentlege rikskonsertane<br>4. Industriarv<br>5. driftsstønad – positiv til forslag om tidsavgrensing - føresler 4 år<br>6. Fylkesbiblioteket gjer ein god jobb med m.a. å utvikle regionalt samarbeid.<br>Lokalt uttrykt uro for at områda innan idrett, friluftsliv og folkehelse ikkje vert prioritert<br><br>**Kunst- og kulturformidling**<br><br>5.7.26. Vegen inn i kunst- og kulturlivet<br>Under pkt C står: « Styrke ei meir heilskap satsing på kunst- og kultur for barn og unge gjennom forpliktande samarbeid om ungdomens kulturmønstring, Kulturskulen, kunst- og kulturformidling i skulen». Kommunen meiner at fylkeskommunen har gjort ein god innsats i arbeidet med Den kulturelle skulesekken. Denne ordninga bør vidareførast og kan med fordel utvidast.<br><br>**Bibliotek**<br><br>Forventningar går i retning av ytterlegare innsats på skule-/folkebibliotekområdet og utvikling av den nye oppgåva som uavhengig møteplass og debattarena for folkebiblioteka.<br>Forventning går og i retning av at fylkesbiblioteket også i framtida | 1. Teke til orientering, fører ikkje til endringar i planen<br>2. Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet<br>3. Teke til orientering. Ordninga med Rikskonsertar er no konsentrert rundt skulekonsertordninga.<br>4. Teke til orientering<br>5. Teke til orientering<br>6. Teke til orientering<br><br>Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet.<br><br>Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | vil arbeida desentralisert og utvikla regionsamarbeida. | |
| Innsatsområde | **20. Lokalt kulturminnevern og museum**<br>Det er viktig med fagkyndig rettleiing frå fylkeskommunen for å hindre at kulturminne går tapt. Det er positivt at fylkeskommunen i sitt handlingsprogram prioriterer tiltak som å styrka ordninga med bygningsvernkonsulentar, og vil etablera ordningar for å styrke frivillig sektor og samarbeid om kulturarv.<br><br>**Innsatsområde 21. Kulturminneforvalting**<br>Det er positivt at fylkeskommunen vil prioritera kulturminnedatabaser og tilstandsregistrering av freda kulturminne. Dette kan ikkje kommunane utføra kvar for seg. | Teke til orientering. Innspelet er i tråd med intensjonen i planen.<br><br>Teke til orientering |
| 5.2.6 | Saknar fokus på nynorsksatsing utover Bergen – ønskjer å etablere senter for nynorsk barnelitteratur | Teke til etteretning. Stord kommune har hatt ei viktig satsing på nynorsk kultur, og dette er teke inn i planen, jf. kap.5.2 , innsatsområde 6 |
| 5.5.20 | Positiv til at fylkeskommunen vil styrke ordninga med bygningsvernkonsulentar og vil styrke frivillig sektor og samarbeid om kulturarv | Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet |
| 5.5.21 | Positivt at fylkeskommunen vil prioritere kulturminnedatabasar og tilstandsregistrering av freda kulturminne – dette kan ikkje kommunane gjer kvar for seg. | Teke til orientering |
| 5.8.29 | Hfk har gjort ein god jobb med DKS. Ordninga kan med fordel utvidast. | Teke til orientering |
| 5.9.36 | Stord sin innandørs-ishall bør prioriterast på lik line som Slåtthaug i Bergen. | Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget. Innspelet vil bli vurdert i planperioden i samband med rullering av regional kulturplan og handlingsprogrammet. Innspelet må forankrast i Idrettkretsen sitt anleggsutvalg som er fylkeskommunen sitt høyringsorgan i høve utvikling av anlegg av regional og nasjonal tydnad. |

| | | |
|---|---|---|
| | | |
| 5.9.39 | Ei endring i spelemiddelordninga sentralt fører til at Askøy og Bergen som presskommunar kan søkje om særlege tilskotssatsar (15%). I tillegg ligg det i planen at Bergen skal få om lag 40% av totalsummen for Hordaland. Dette vert frå Stord kommune opplevd som urimeleg. | Innspelet er teke til etteretning, og er ørt til ei pressisering i kap. 5.9, innsatsområde 39. |
| | | |
| | **Bibliotek**<br><br>*Innsatsområde 29. Tilgang til moderne og attraktive bibliotek*<br>I handlingsplanen står det at det må utviklast ein plan for bibliotekstrukturen i fylket. Dette er viktig sett i lys av mogelege kommunesamanslåingar på sikt.<br><br>*Innsatsområde 30. Biblioteka som uavhengig møteplass og arena for offentleg debatt*<br>Rådmannen saknar ei konkretisering av korleis fylkesbiblioteket kan gå inn å skapa eit naudsynt samarbeid mellom skule- og folkebiblioteka i kommunane. Samarbeidet mellom folkebiblioteka og skular/skulebibliotek er avgjerande. Fylkesbiblioteket kunne kanskje driva utviklingsarbeid og motivasjonsarbeid på dette feltet. | Teke til orientering<br><br>Innspelet vil bli vurdert i planperioden i samband med rullering av handlongsprogrammet |
| | **Arkiv**<br><br>Regionen treng å styrkjast for å kunna samordna innsatsen for å ta vare på gruvedrift i Sunnhordland og dei viktige kulturminna knytt til dette feltet.» | Teke til orientering. |
| Tilråding: | | |

| **Studieforbundet kultur og tradisjon** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: dagleg leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |

| | | |
|---|---|---|
| Generelt | Vi finn planen interessant og meiner den ivaretek mange sider av eit kulturliv. I tillegg meiner vi planen peiker framover.<br><br>Studieforbundet er opptatt av opplæring og kompetanseutvikling i frivillig sektor. For å lykkast er organisajsonane avhengig av tilgang til ressursar. Vår påstand er at systemnatisk opplæring gir sterkare og meir robuste lokallag som kan ta større samfunnsansvar. Det er særs positivt at fulkeskommunen ser positivt på dette.<br><br>Studieforbundet ser positivt på fylkeskommunen sine tankar om å vurdere 3 årlige løyvingar av driftstilskot. Dette vil vere viktig for organisajonane og vil styrke langsiktig planlegging.<br><br>Studieforbundet er glad for fylkeskommunen si satsing på opprusting av lokale kulturhus. Det er viktig å leggje til rette for at fylkeskommunen sine eigne hus kan brukast til kurs og opplæring. Å sikre at det lokale kulturlivert blir tatt med i planlegging når nye skular skal byggast vil vere eit positivt bidrag i arenautvikling, og kan kanskje løyse noko utfordringar knytt til utstyr, akustikk og lager.<br><br>Studieforbundet er opptatt av inkludering og ser kursverksamd som en naturlig arena. Enkel tilgang til ekstra ressursar når laga tar ansvar kan vere ein føresetnad for å lykkast. Vi peiker derfor på at utviklinga av særlege støtteorningar retta mot foreningslivet kan være en mulig vei å gå.<br><br>Ein del aktivitetstypar fell ofte mellom tre stoler, både helse, kultur og opplæring. Tilrettelgging gjennom lokale og gjennom fylkeskommunalt tilskott er viktig for å sikre dette arbeidet framover. | Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet<br><br>Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet<br><br>Teke til orientering, jf innsatsområde kap. 2.5 og kap. 5.4, innsatsområde 10 |
| Innsatsområde | | |

| | | |
|---|---|---|
| | | |

| **Sund kommune** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: , formannskap | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| | Sund kommune ser positivt på at dei 5 kommunedelplanane vert samordna i ein kulturplan.<br><br>Sund kommune stiller seg bak visjon, mål og tiltak som er skisserte i planen, men separat ein ikkje treng å ha som mål å vera best i Europa.<br><br>Sund meiner det er viktig å ha fokus på eigenaktivitet innan kultur og idrett og gje gode rammevilkår for kulturlivet, innovasjon og utvikling også i små kommunar utan store kulturinstitusjonar | Teke til orientering<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet |
| | Fylkeskommunen må bidra til effektivisering av søknads- og rapporteringsprosessane | Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet |
| Generelt | **Bibliotek**<br><br>Både fylket og kommunar må vera pådrivarar for ei utvikling av folkebiblioteka som går i retning av å vera gode møteplassar. | Teke til orientering |

| **Sveio kommune** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Kunst- og kulturformidling<br>Kunstproduksjon og kulturformidling : Sveio kommune tek aktivt | |

| | | |
|---|---|---|
| | del i arbeidet for komponisten Fartein Valen. Det ver arrangert konsertar i Sveio kommune, kommunen deltar i styrer for stiftinga og den har delansvar saman med Haugesund kommune for Fartein Valen-festivalen. Ansvaret er eit regionalt ansvar og det vert vidare understreke når «Kunstnarhus i Fartein Valens landskap» står ferdig. Eit regionalt ansvar som dette må inn i den regionale kulturplanen for å sikre framtidige tilskott over fylkeskommunale budsjett.<br><br>Plantema 2 Formidling og deltaking : Kommunen viser til side 11 i planprogrammet, undertema Barn og unge med setninga «Kulturplanen vil sjå på korleis ein på regionalt nivå kan utvikle kompetanse og arbeide med samordning etter modell frå fylkesbiblioteket.» Kommunen vil her minne om at Norsk kulturskoleråd Hordaland er ein organisasjon som har alle kommunar i Hordaland som medlemmer. Arbeidet som drivast her er mykje samanfallande med det som vil bli ønskje i planen. Vi meiner derfor det er viktig å samarbeide med Norsk kulturskoleråd Hordaland om dette og at planen seier noko om det. Gjennom eit slikt samarbeid vil kunne tilby kompetanseheving og samordning. Det er viktig å ta godt vare på talentane. Her kan Bergen kulturskule med sitt talentprogram være ein god samarbeidspartnar. | Teke til orientering<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>Teke til orientering – innspelet er i tråd med intensjonen i planarbeidet. |

| **Teaterdrift AS og Vestlandske teatersenter** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: dagleg leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Det er vanskeleg å seie seg ueinig i planens innhald, då det for så vidt er mykje positiv lesing. Problemet er imidlertid at mykje kan | Til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | lesast som visjonar som ikkje forplikter til oppfølging og gjennomføring eller er konkretisert. Visjonar, slik som hovudvisjonen, er ikkje målbare og vert difor unødvendig. Det er ønskjeleg med ein langt meir ambisiøs konkretisering av kva som skal gjerast når. | |
| 5.7.27 Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet | Cornerteateret er med på å oppfylle fleire av behova for det frie profesjonelle feltet som er vist til i planen, og er med på hindre kunstnarflukt innan dette feltet. Det gir tilgang til produksjons- og framvisningslokaler og er ein samlingsstad for miljøet. I tillegg er det eit vellukka samarbeid mellom det frie, profesjonelle feltet og amatørfeltet og barn og unge. | Til orientering |
| 5.7.26 Vegen inn i kunst- og kulturlivet | Kunne ønskje ei formulering i planen kring barn og unges rett til, ikkje berre høve til, eit variert kulturtilbod. | Eit interessant innspel som er notert |
| 5.7.28 Amatørkultur | Amatørkulturfeltet er vanskeleg å gripe fatt i og kommentere då dette er planens svakast ledd i for mykje generell omtale utan konkretiseringar.<br><br>Oppfordringa frå Vestlandske teatersenter i den samanheng er at ein inviterer organisasjonar i feltet, som dei sjølv, inn i dialog for erfaringsutveksling og kreative løysingar. I ei styrking av amatørteaterfeltet meiner teatersenteret at det er viktig å ta med seg følgjande punkt; - utarbeide mål basert på felles interesser og derigjennnom løfte og synleggjere amatørteaterfeltet betre, - amatørteaterfeltet er ei kunstnarleg og sosial drivkraft både i eit distrikts- og byperspektiv som tek i vare tradisjonar samtidig som nye former vert utforska. | Teke til etterretning ved ei omskriving av kap 5.7.28.<br><br>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet med feltet i planperioden. |

| **Tysnes kommune** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Kommunestyret | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | God og informativ regional kulturplan. Mange av framlegga i handlingsprogrammet er vinkla mot forskingsprosjekt ved | |

| | | |
|---|---|---|
| | universitet og høgskular, oppretting av råd og utval m.m.<br>Tysnes kommune har lagt inn prioritering av tiltak i handlingsprogrammet, med eiga prioriteringsliste for dei første fire åra.<br>Tysnes kommune prioriterer følgjande innsatsområde og tiltak i handlingsprogrammet :<br>5.4. Samordning og samhandling<br>9. Samhandling mellom forvaltningsnivåa<br>Tiltak: Årlege drøftingsmøte om budsjett og forvaltning, dialogkonferansar og utvikla strategi for samordning av statlege, regionale og kommunale verkemiddel.<br>10. samhandling mellom private og offentlege aktører<br>Tiltak: Videreutvikla dialog og etablere møteplasser for private og offentlige aktører og stimulere til samhandling mellom offentlige og privat finansiering. | Teke til orientering. Fylkesrådmannen vil ta med seg dette innspelet vidare i gjennomgåinga og utarbeidinga av planen. |
| Generelt | **Idrett og friluftsliv**<br><br>I samsvar med lov om folkehelsearbeid og regional plan for folkehelse skal alle planar vurdere konsekvensar for folkehelse. Tysnes kommune saknar informasjon på dette området | Leiargruppa må ta stilling til dette<br>Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget. Innspelet vil bli vurdert i planperioden i samband med rullering av handlingsprogrammet |
| **5.7.26. Vegen inn i kunst- og kulturlivet** | **Kunst- og kulturformidling**<br>Kommunen prioriterer følgjande innsatsområde og tiltak. 5.7.26; pkt c og d i handlingsprogrammet. | Teke til orientering |
| | **Bibliotek**<br><br>Kommunen prioriterer følgjande innsatsområde og tiltak i handlingsprogrammet: | Innspelet er noter, men fører ikkje til endringer i planforslaget |

| | | |
|---|---|---|
| | *Innsatsområde 29.* Tiltak: Støtte til modellbibliotek og fornying av biblioteklokala<br>*Innsatsområde 30.* Tiltak: Biblioteka som møtested for menneske med ulik kulturell- og sosial bakgrunn<br>*Innsatsområde 34.* Tiltak: Vidareføre og utvikle partnarskapsavtalene og felles biblioteknettstader som samlingspunkt for litteraturformidling, kunnskapsbasar og kommunikasjon<br>Kommunen prioriterer følgjande innsatsområde og tiltak dei fire første åra:<br>*Innsatsområde 34. Forpliktande biblioteksamarbeide* (Tiltak = same som ovanfor)<br><br>Tilråding: *Innspelet er noter, men fører ikkje til endringer i planforslaget* | |
| Innsatsområde | **Kulturminnevern og museum:**<br>Prioriterte innsatsområde med tiltak frå Tysnes kommune:<br><br>*Innsatsområde 15. Dokumentasjon*<br>Tiltak: Kulturminneregistering<br><br>*Innsatsområde 17. Kulturminne som ressurs*<br>Tiltak: utarbeide og rullere pågåande planar for skjøtsel og formidling i alle kommunar<br>Tiltak: Vidareutvikle kompetanse knytt til planlegging og istandsetjing av vern gjennom bruk<br><br>*Innsatsområde 20. Lokalt kulturminne og museum*<br>Tiltak: Utarbeide kommunaldelplan for kulturminne<br>Tiltak: Styrking av ordninga med bygningsvernkonsulentar<br><br>*Innsatsområde 21: Kulturminneforvalting:* | Teke til etterretning. Dette er innspel som svarer til mange andre kommunar og planframlegget legg opp til prioriteringar i tråd med innspelet |

| | | |
|---|---|---|
| | Tiltak: Utarbeide program for tidleg og god dialog med kommunar og planfremjar<br><br>*Innsatsområde 22: Tradisjonsuttrykk:*<br>Tiltak: Etablere bygningsvernsenter for etter- og vidareutdanning av handverkarar | |
| | **Arkiv**<br><br>Arkiv<br>23. Heilskapleg samfunnsdokumentasjon Tiltak: Samla inn og gjera tilgjengelige arkiv som har stor kulturell, rettsleg forskning- eller forvaltningsmessig verdi.<br>24. Lokalhistorisk arbeid Tiltak: Utvikle gode møteplassar for samhandling og formidling mellom aktører med interesse for lokalhistorie. Styrkja samarbeidet med innsamling og digital formidling av stadnamn i Hordlaland. | Teke til orientering, innspelet er i tråd med kap. 5.6, Innsatsområde 24 D i Handlingsprogramet. |

| **UIB -Det humanistiske fakultet** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: administrativ leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Planen er eit ambisiøst dokument som formulerar ein samla og bredt anlagt kulturpolitikk for fylket. Det humanistiske fakultet støttar dei generelle måsetjingane i planen og ser positivt på at den legg opp til eit samarbeid med Universitetet i Bergen som vil involvere mange fagmiljø ved humanistisk fakultet.<br>Fakultetet er frå før gjennom forsking, utdanning og formidling ein viktig bidragsytar til kulturfeltet i regionen. Planen dannar eit godt grunnlag for å utvikle vidare og styrkje samarbeidet med fylkeskommunen på dette området.<br>Det humanistiske fakultet er ein naturleg samarbeidspart i eit kulturhistorisk program som i så stor grad legg vekt på kulturminneforvalting, historisk bevisshet som grunnlag for | |

| | | |
|---|---|---|
| | identitet og auka internasjonal orientering.<br><br>Planen gir ein utførleg grunngjeving for kulturpolitikken si rolle i den regionale utviklinga. Fakultetet støttar konklusjonen om at sektoren bør få tilført auka midlar frå sentrale mynde. | Teke til orientering. Innspelet er i tråd med intensjonane i planen. |
| Innsatsområde | Planen legg opp til fleire forskingsprosjekt med stor interesse for fakultetet og forskingsmiljøa som Nordsjøområedets historie (5.11.C) og Bergens og Vestlandets internasjonale historie (5.12.E).<br><br>Det er sterk felles interesse innan område som forvalting av kulturhistoriske samlingar, arkiv og museum. Det er gode samarbeidsrelasjonar mellom fag som nordisk, arkeologi, historie, kulturvitenskap og kunsthistorie og fylkeskommunale institusjonar. Fakultetet ønskjer å utvikle vidare samarbeidet om desse samlingane, og som også gir moglegheit for utvikling av arbeidslivsrelevante studieemne innan kulturarvforvalting. | Teke til orientering. Innspelet er i tråd med intensjonane i planen. |

| ***UiB Forskergruppen Visuell kultur** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Leder, forskergruppen Visuell kultur. | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Arkiv**<br><br>Forskergruppen sine erfaringer i omgang med fotohistoriske materialet og samlingene har frembrakt et ønske om framtidig samlokalisering, nærmere bestemt ved at Gamle Bergens fotosamling og de ulike fotohistoriske samlingene ved universitetet i Bergen får et felles framtidig tilholdssted. De samlingene vi sikter til er de følgende: Universitetsbibliotekets bildesamling, Bergen Museums samlinger, Universitetets faghistoriske samlinger, Gamle Bergens billedsamling. Det kunne for eksempel tenkes at universitet, fylke og kommune samarbeidet om å finansiere en | Teke til orientering. |

| | | |
|---|---|---|
| | stilling som teknisk fotokonservator.<br><br>En samlokalisering vil i større grad synliggjøre regionens spesielle ressurser og Bergens unike rolle i eldre norsk fotohistorie. Dette kan knyttes opp mot det faktum at byen også har fått en spesiell rolle i det nyere norske fotografiske miljø ved at landets eneste høyskoleutdanning i kunstnerisk fotografi nettopp er lokalisert ved Kunsthøgskolen i Bergen | Teke til orientering. Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden |

| **UIB - Universitetsbiblioteket** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Dagleg leiar. | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | Eit godt og grundig arbeid - godt grunnlag for å vidareutvikle fylket sitt kulturarbeid. | |
| Innsatsområde | **Arkiv**<br><br>Universitetsbiblioteket stiller seg positiv til å vere med i ein samlokalisering med i drøftingar med tanke på å vere vertskap for fleire samlingar.<br><br>Kulturplanen har fleire målsettingar, og i Mål 24: Lokalhistorisk arbeid, punkt to bør det inn ei formulering som også inkluderer UiB, Historisk institutt/AHKR når det gjeld å utvikle lokalhistorisk kompetanse. Slik det står ser det ut til at berre arkiv, museet og bibliotek driver/skal drive denne formen for verksemd.<br><br>UIB foreslår følgjande endringar i ordlyden i målsetting 25: «Både gjennom at det kunsthistoriske fagmiljø ved UiB som har vore pionérar i, og er i forskingsfronten innan fotohistorisk forsking og ved at den einaste høgskuleutdanninga for kunstnarleg fotografi i | Teke til orientering.<br><br>Teke til etterretninga, innspelet fører til endringar i kap. 5.6 i Kulturplanen.<br><br>Teke til orientering, men fører ikkje til endringar i Handlingsprogrammet. |

| | | |
|---|---|---|
| | landet er lokalisert ved Kunsthøgskolen i Bergen.» I dette arbeidet samarbeider Universitetsbiblioteket med aktørar frå ulike delar av kulturfeltet, og det vil vi gjerne halde fram med. | |
| | **Bibliotek**<br><br>Universitetsbiblioteket er interessert i å vere med å samarbeide med alle aktuelle aktørar her.<br><br>*Innsatsområde 35. Kompetanse i biblioteka*<br>Universitetsbiblioteket ser store vinstar i eit auka samarbeid om kompetanseheving innan bibliotekfeltet, inkludert fagbiblioteka | Tatt til etterretning. Universitetsbiblioteket vert ført opp som partnar i handlingsprogrammet sine tiltak under innsatsområde *35 Kompetanse i biblioteka* |

| **Ullensvang bibliotek** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Administrativt | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | | |
| Innsatsområde | **Bibliotek**<br><br>*Innsatsområde 29:* Godt mål, men kven skal finansiere meir moderne og attraktive bibliotek<br>*Innsatsområde 31: Om skulebibliotek.* Bør stille krav til kommunane om å ha tilgang til gode skule-bibliotek<br>*Innsatsområde 32: Om digitale ressursar.* Gode mål men kostnadskrevjande<br>*Innsatsområde 34: Om forpliktande biblioteksamarbeid* er uhyre viktig og bør forsterkast ytterlegare. Det regionale samarbeidet er uvurderleg, spesielt for dei mindre distriktsbiblioteka. Eit regionalt samarbeid vil og styrka det auka kravet til formidling i biblioteka | Teke til orientering<br><br>Innspelet er notert , men fører ikkje til endringar i planforslaget<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering |

| | | |
|---|---|---|
| | | |

| **Ulvik herrad** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: Administrativt | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Innsatsområde | Det er med stor undring Ulvik herad registrerar at Finse-området ikkje er med, og viser til at Riksantikvaren peikar på at den industrielle revolusjonen har hatt stor innverknad på Hordaland og det vert mellom anna vist til bygginga av Bergensbanen. Ein viser også til dei tidlegaste busetnadene på Hardangervidda.<br><br>Særskilde kjenneteikn i høve oppleving er jernbana, Rallarvegen, Rallarmuseet Finse, Finsevatnet, Hallingskarvet nasjonalpark/Finse biotopvernområde . Finse stasjon er høgste stasjon på Bergensbanen (1222 moh). Firnsæ (sjøen, vatnet langt borte) .Det er snakk om kommunikasjonar og ferdsle i eit landskap med stor tidsdjupn.<br><br>Ulvik herad legg vekt på at ICOMOS v /Anthony Coulls drøftar temaet om jernbanen som verdsarv i ein artikkel.<br>Dei har 4 kriteria for internasjonalt viktige jernbaner:<br>Kriteria 1. Kreative løysingar og framifrå ingeniørar<br>Kriteria 2. Influert av innovativ teknologi<br>Kriteria 3. Einestående eller typisk eksempel<br>Kriteria 4. Døme på økonomisk eller sosial utvikling<br><br>"Jernbaner er blant dei mest viktige industristader som er verdige nemninga verdsarv stader. Eit knippe av utvalde einestående stader vil kunne vise fram den store påverknaden som jernbanen har bidrege, og på mange måtar held fram med å bidra til sosialt, økonomisk, politisk, kulturelt og teknisk evolusjon, i kvart land på | Fylkesrådmannen sin vurdering: Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planen.<br><br>Jernbanen er kome meir eksplisitt med under utvalde kulturminnekategoriar industriarv (innsatsområde 18). Det vert vidare arbeidd med statleg verneplan for jarnbanesektoren og der vil høgfjellsstrekninga på Bergensbanen vere naturleg å prrioritere. |

| | | |
|---|---|---|
| | kloden. Deira lange historie har produsert ein rik arv som kan jamstellast med andre aspekt av det modernesamfunnet. Framleis bruk er viktig slik at den noverande generasjonen kan få oppleva resultata frå jernbanen si fortid.. Visse aspekt av deira arv står i fare for ein lite gjennomtenkt modernisering og fornying. Som verdsarv kan det hjelpe å sikre ei framtid kor det ein oppnådde av fortida er godkjent og blir satt pris på som ein integrert del av den kontinuerlege evolusjonen av jernbanen inn i det neste hundreår."<br><br>Ulivk herad vil ha eit nytt tiltak D under innsatsområde 19 Verdsarv:<br><br>Verdsarv Finse. Teknisk-industrielle kulturminne langs Bergensbanen.<br>Ansvar: Hordaland fylkeskommune/kultur- og idrettsavdelinga, Ulvik herad, stiftinga Rallarmuseet og Riksantikvaren<br>Partnarar: Norsk jernbanemuseum, Jernbaneverket, NSB<br>Tid: I planperioden | |

| **Vestnorsk filmsenter(VNFS)** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved:  dagleg leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kunst- og kulturformidling**<br><br>VNFS ønskjer at planen løfter fram filmfeltet og gir film meir plass både som kunstuttrykk og næring.<br><br>- Der er filmutgreiingar som bør nemnast  i kapitla der det visast til meldingar og utgreiingar, og dei fire viktigaste er; *Veiviseren – stortingsmeld. 22, Åpen framtid – en utredning om økonomien og* | <br><br>Teke til etterretning.<br><br><br><br>Teke til etterretning |

| | | |
|---|---|---|
| | *pengestrømmen i filmbransen*(2014), *Utredning om incentivordning for film- og tvproduksjon*(2014), *Handlingsplan for filmsatsingen på barn og unge og sysselsetting og synlighet – filmproduksjon i Bergen mot 2020.*<br><br>- Bergen kommune si filmmelding<br>- Den Vestnorske filmmeldinga som er under arbeid<br>- Dei legg også vekt på at Filmkommisjonen sitt arbeid er ein viktig del av Vestnorsk filmsenter, og at det er viktig at filmkommisjonen får langsiktighet i støtten.<br>- Filmsentra har fått auka statlege løyvingar dei siste åra, men det sår likevel ikkje i forhold til bransjestørrelse og aktivitet i regionen -<br>- Det har dei siste 16 åra vore ei 100% auke i gjennomføring av eksternt produserte filmprosjekt på Vestlandet.<br>- Pionerprosjektet KJØL bør nemnast som eit nyskapande formidlingsprosjekt for kulturarv.<br>- Ei styrka filmsatsing vil gje eit løft til fleire næringar og skape verdiar i heile fylket. Ei slik satsing kan gjere regionen attraktiv for eit internasjonalt filmmiljø.<br>- filmmiljøet bør her nemnast som eit av lokomotiva for all kunst- og kulturutvikling i regionen.<br><br>**Bibliotek**<br><br>Visningsfasilitetane for film er av dårleg kvalitet i mange bibliotek/museum og bør oppgraderast.<br><br>Arkiv<br>Et av de viktigste filmarkivene i Norge er arkivet til NRK. Frie filmskapere nytter i dag i liten grad dette arkivet fordi det er for kostbart. Tilgjengelighet av arkiv for fri kunstnerisk formidling i nye tolkninger, forutsetter også at de er økonomisk tilgjengelige. | Teke til etterretning. Tilføyd eit avsnitt i kap. 5.7.27<br>Teke til etterretning jf kap. 5.3.8.<br><br>Teke til orientering<br><br>Innspelet er noter, men fører ikkje til endringer i planforslaget.<br><br>Teke til orientering. |

| | | |
|---|---|---|
| | | |
| | | |

| **Vestnorsk jazzsenter(VNJS)** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: dagleg leiar | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kunst- og kulturformidling**<br><br>VNJS støtter visjonen om å befeste si stilling som leiande europeisk kulturregion. Dei meiner at ein del av prioriteringane i planen skulle gje seg sjølv; det må prioriterast innan områder som gjer det mogleg å oppfylle visjonen, dvs byggast vidare på og vidareutvikle dei aktørane og miljøa om allereie er på europeisk nivå eller har potensiale til å kome der med relativt enkle verkemiddel. Norsk jazz har ein sterk posisjon internasjonalt, og erfaring på dette feltet.<br><br>Jazzsenteret meiner at det er ei godt grep å lage ein heilskapleg plan, men meiner at det er ulikt fokus/detaljnivå på ulike felt, og at det bør etterstrebast eit mest mogleg einsarta detaljnivå.<br><br>Det bør gjerast tydeleg prioriteringar blant dei 39 skisserte innsatsområda. Planen treng ei spissing med utvalde hovudsatsingar og medfølgjande strategiar. Det frie profesjonelle feltet bør viast større merksemd og ha eit større detaljnivå. Musikkfeltet generelt, og det frie profesjonelle feltet spesielt bør omtalast tydelegare og få ein større plass i planen. Det rytmiske, frie feltet må løftast sterkare fram både som kompetansefelt og i forhold til konkrete målsettingar og satsingar. M.a. er tverrsjangersamarbeidet VRAK ein god og overførbar modell for regional kompetanseutvikling. | Teke til orientering. Fylkesrådmannen ser dette som ei nødvendig oppfølging i planperioden<br><br>Teke til orientering<br><br>Teke til orientering. Planprogrammet vil verte rullert i planperioden.<br><br>Teke til etterretning |

| | | |
|---|---|---|
| 5.7.27 Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet | VNJS understreker tydinga av tiltak/tilrettelegging for å hindre kunstnarflukt, her er kompetanse på ulike nivå og felt essensielt. Det bør formulerast tydelege målretta tiltak på dette i planen. | Teke til orientering |
| | | |

| **Voss kommune** | | |
|---|---|---|
| Fråsegn ved: politisk - Utval for miljø og kultur | | |
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | 1. Visjonen føreset auka statlege, regionale og kommunale ressursar, samt samordning av ressursar på tvers av sjangrar, verksemder og forvaltningsnivå utan at dette vert konkretisert i særleg grad<br>2. «leiande i Europa» passar fin med Voss sin eigen visjon om å vere ei «bygd for sterke opplevingar»<br>3. Positiv til kulturplanen og samstemmer i målsetjing om eit rikt, mangfaldig kulturliv med tilgang til alle<br>4. Voss kommune saknar betre samanheng mellom plan og handlingsprogram. Klarare prioriteringar av mål og tiltak, og synleggjering av vurderingar knytt til budsjett og budsjettbruk. Viser til metode SMART (Specific, Measurable, Achivable, Relevant, Time-bound)<br>5. Voss kommune ønskjer at samarbeid mellom forvaltningsnivåa vert styrka og samordna slik det vert skildra i planen.<br>6. Voss kommune peikar på at born og unge ikkje har fått sitt eige innsatsområde i planen og at dette gjer gruppa mindre synleg og i verste fall nedprioritert.<br>7. Kulturskulane må styrkast, ungdom prioriterast og innvandrargruppar inkluderast – og ønskjer eigne midlar til realisering av lokalt kulturløft – vil ha stimuleringstiltak for å styrke den kulturelle grunnmuren generelt og kulturskule, fritidsklubbar og frivillig kulturaktivitet i | 1. Teke til orientering<br>2. Teke til orientering<br>3. Teke til orientering<br>4. Teke til orientering. Planen skal handsamast i fylkestinget som prioriterer tiltak og verkemiddel.<br>5. Teke til orientering<br>6. Teke til etterretning. I planframlegget er born og ungdom sterkare framheva.<br>7. RS |

| | | |
|---|---|---|
| | kommunane spesielt.<br>8. Positiv til at fylkesbiblioteket vert styrka som fagleg utviklingsarena og at dei regionale biblioteksamarbeida skal styrkast.<br><br>Voss kommune meiner at det lyt setjast av eigne midlar til realisering av eit lokalt kulturløft og initiera stimuleringstiltak som styrkjar den kulturelle grunnmuren generelt og kulturskule, fritidsklubbar og friviljug kulturaktivitet i kommunane spesielt. For kulturskulen vil det dessutan vera viktig at fylkeskommunen stadiger sitt ansvar bevisst kva gjeld ordninga med distriktsmusikarar for å oppretthalda kvalitet i undervisninga | 8. Teke til orientering<br><br>Teke til etterretning. Kommunen peiker på ei grunnleggande kommunal kulturoppgåve.<br><br>Teke til orientering |
| Innsatsområde | **19 Verdsarv.**<br><br>I grunngjevinga for innskrivinga av Vestnorsk fjordlandskap på UNESCOs verdsarvliste uttalte komiteen:<br>«*Vestnorsk flordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla ordar, og vert rekna for å vere typelokalitet for fjordlandskapa i verda.*»<br>Nærøyfjord- og Geirangerfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa. Ei samla og fokusert satsing på verdsarvsområda vil soleis kunna setja Hordaland på kartet i verdssamanheng. Ei slik satsing på verdsarva inneber tett kopling mellom kulturarv og reiseliv og anna næringsutvikling i fylket. Voss er stolte av å vera del av verdsarva «Vestnorsk fjordlandskap» og at planen lyfter fram verdsarva med eiga målsetjing om at forvaltninga av verdsarva i Hordaland skal ha lokal, regional og nasjonal forankring. Fokus i omtalen av verdsarv og handlingsprogrammet er trass målsetjinga på Bryggen i Bergen, medan Vestnorsk Fjordlandskap ikkje er nevnt under tiltak i det heile.<br><br>Hordaland fylkeskommune bør generelt utvida sitt fokus når det gjeld verdsarv og etter kvart i mykje større grad inkludere og lyfte | Teke til etterretning. Vestnorsk fjordlandskap har kome noko i bakgrunnen i den regionale verdsarvpolitikken og Voss kommune sitt innspel vert innarbeidd i planframlegget.<br><br>Nytt tiltak:<br>Utvikle verdsarvstadene for opplevingar friluftsliv og reiseliv. |

| | | |
|---|---|---|
| | fram satsingar og tiltak i og kring Verdsarva Vestnorsk fjord1andskap. Fylkeskommunen i Møre og Romsdal har hatt eit heilt anna engasjement (politisk, administrativt og økonomisk) til Vestnorsk Fjordlandskap enn det Hordaland fylkeskommune har hatt, noko som bør endrast i planperioden 2015 — 2025. I denne samanheng vil det vera rett å syne til det pågåande arbeidet med ein felles restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap — Nærøyfjorden, samt at det ville vera naturleg at fylkeskommunen engasjerer seg i eit samarbeid med Voss kommune for å utvikle friluftsliv- /reiselivstilbod i Stalheimsområdet som er Hordaland sin innfallsport til verdsarvområdet | |
| Innsatsområde | **Idrett og friluftsliv** | |
| | Gler seg over tiltak som fokuserer på meir effektiv og betre utnytting av kulturhus | |
| | Voss bibliotek bør kunne bli eit regionalt «litteraturhus» | |
| | Ønskjer ei samla satsing på verdsarvområda, og saknar Vestnorsk Fjordlandskap i lista over tiltak. Dette bør endrast. Voss kommune viser til Møre og Romsdal fylkeskommune si handtering av dette feltet. Det vil vere naturleg at hfk engasjerer seg i samarbeid med Voss knytt til friluftsliv og reiselivstilbod knytt til verdsarvområde. | |
| | Viktig at unge lovande utøvarar får utvikle seg i nærmiljøet | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| | Anleggsutvikling er ein viktig premiss for å vere vertskap for nasjonale og internasjonale meisterskap | Teke til orientering. Dette er i samsvar med intensjonane i planen |
| | Målsetjinga om at 40% av spelemidlane skal gå til sentrale anlegg i Bergen bør vurderast. | Innspelet er notert, men førar ikkje til endringar i planforslaget. Innspelet vil bli vurdert i planperioden i samband med rullering av handlingsprogrammet. |

| |
|---|
| **Western Norway Film Commission** |

| Fråsegn ved: dagleg leiar | | |
|---|---|---|
| Tema: | Samandrag | Fylkesrådmannen sin vurdering/kommentar: |
| Generelt | **Kunst- og kulturformidling**<br>Ber om at filmmiljøet, med sitt høge internasjonale nivå, bør nemnast i planen som eit av lokomotiva for all kunst- og kulturutvikling i regionen. Naturen setter vestlandet i særstilling når det gjeld å trekke til seg filminnspillingar. | Teke til orientering<br><br>Teke til etterretning |